

«Høyesterett er først og fremst en kollegial domstol¹»

Fleirnivåanalyse av effekten av ideologi på individ- og saksnivå på dommarar sine vota i økonomiske saker i Norge sin Høgsterett i tidsperioden 1991-2011

av

Jon Kåre Skiple

Juni 2012

UNIVERSITETET I BERGEN



Institutt for samanliknande politikk

SAMPOL 350

MASTEROPPGÅVE

Juni 2012

¹ Dag Michalsen (Michalsen 2006: 90)

Abstract

This thesis investigates how ideology, measured as the political stand of the appointing government, influences justices' votes in economic cases in the Norwegian Supreme Court, in the period 1991-2011. The thesis identifies, and attempts to accommodate, four unsolved issues in the Norwegian judicial behavior literature. Firstly, the collegial challenge: one has to take into account that justices' votes may be influenced by their colleagues' ideology. Secondly, the effectiveness problem: one needs to employ statistical methods that explore case-level variation. Thirdly, the selection problem: one needs to include consensus cases in the data material. Fourthly, the isolation problem: one needs to take into account the impact of the legal model

To test the effect of justices' individual ideology, the thesis employs the attitudinal model, which claims that justices' votes are mainly influenced by their individual ideology. However, instead of assuming that justices' ideology exhibits a uniform impact on their decisions, the thesis suggests that the effect will vary across economic cases. Further, to meet the collegial challenge, the thesis employs the panel effect theory, which claims that justices' votes also are explained by the colleagues' ideology. This thesis is the first to test the panel effect theory on the Norwegian Supreme Court.

To test the hypotheses, the thesis uses a multilevel modeling framework as a two level hierarchy: justices' votes nested within cases. This approach makes it possible to investigate case-level variation, therefore making it possible to test the theoretical framework in the same model. Further, it challenges the isolation problem as it estimates the unexplored variance at the case-level. The data material consists of both consensus- and dissenting cases.

The results show that in the majority of cases ideology does not account for the justices' economic votes. However, the impact of ideology is not uniform across cases. In some cases ideology significantly explains justices' votes. Exploring these cases indicates that the effect of ideology is limited to cases where justices disagree. Further, justices in homogenous social democratic panels are more likely to vote for the public interest than justices voting in ideological heterogeneous panels and non-social democratic panels.

These results have important implications as it expands our understanding of when, and how often, ideology explains justices' behavior.

Forord

Først og fremst ønsker eg å takke min rettleiar Gunnar Grendstad. Din faglege kompetanse, og ikkje minst ditt personlege engasjement, har vært ei viktig motivasjonskjelde gjennom heile prosessen. Eg sett òg pris på at du har skapt eit inkluderande miljø knytt til forskning på dommaråtfærd. Kjensla av å være ein del av eit slikt prosjekt har betydd mykje.

Denne tesen er ikkje tidsuavhengig. Eg skylder derfor Gunnar, Eric Waltenburg og Bill Shaffer ein stor takk for å introdusera forskning på dommaråtfærd i norsk kontekst og ikkje minst for å ha bygga opp Doranoh databasen. Marius Svendsen, Heidi Ann Bruknapp, Nesli Cin, Are og Ola har òg bidrege med å byggja opp Doranoh. Eg er takksam for dykkar bidrag.

Eg har ikkje vært aleine om å forska på dommaråtfærd. Henrik, Kurt-Rune og Terje fortener ein stor takk for gjennomlesing av ulike kapitel og generelt for gode diskusjonar om dommarar, metode og mindre viktige ting.

Jusprofessor Jørn Sunde og lagdommar Per Jordal har bidrege med sårt tiltrengt juridisk kompetanse. Takk for at dykk har vist vitskapleg sjenerøsitet ved å stilla opp på Doranoh-møta.

Michael Alvarez, Jan Oskar Engene, Terje Mikal Espedal, Øivind Skjervheim og Idunn Kristiansen har lest gjennom tidligare utkast og bidrege med konstruktive kommentarar. Eg er takksam for at dykk via prosjektet mitt tid.

Takk til Tor Midtbø for å ha leia kurset Vidaregåande regresjonsanalyse. Det var motiverande og lærerikt.

Øivind har vært min sidemann det siste halvåret og har vært med på både opp- og nedturar. Dine metaforar er som ei kjegle som blir spegla i sjøen. Eg sett stor pris på det. Torben Blindheim, syntaksen har sakna deg. Takk til Henrik, Terje M., Idunn og Vincent for å ha skapt eit fantastisk miljø på lesesalen. Min kamuflerte ven, Kaspar Tjeldflaat Steudel, var med meg til den siste slutt. Takk skal du ha.

Til slutt, takk til mamma og pappa, familie og venner generelt for all støtte opp gjennom åra.

Jon Kåre Skiple

Innholdsliste

Abstract	i
Forord	ii
Innholdsliste	iii
Liste over tabellar og figurar	v
1. Innleiing	1
1.1 Den kontroversielle samanhengen.....	1
1.2 Bidrag til ein vaksande litteratur	3
1.3 Strukturen til tesen.....	6
2.0 Dommaråtferd i Høgsterett.....	7
2.1 Høgsterett.....	7
2.1.1 Politikk i Høgsterett	7
2.1.2 Institusjonelle føresetnader for dommarar sitt politiske handlingsrom.....	9
2.1.3 Den juridiske modellen: er dommarar bunden av rettskjelder?.....	10
2.2 Avhengig variabel: økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar	12
Utfordringar knytt til generaliseringspotensialet.....	14
2.3 Ulike teoriretningar innanfor dommaråtferd.....	15
2.3.1 Oversikt over teoretisk rammeverk og hypotesar	15
2.3.2 Individnivå: haldningsmodellen.	16
2.3.3 Saksnivå: deliberativ avgjerdsprosess	19
2.3.4 Paneleffektar: forskjellige panel, forskjellige votum?.....	21
Ideologisk homogene panel	22
Ideologisk heterogene panel	24
2.4 Kontrollvariablar.....	26
2.4.1 Kontrollvariablar individnivå	27
2.4.2 Kontrollvariablar saksnivå	31
2.5 Oppsummering teori	32

3. Studere dommaråtfærd ved hjelp av tal	33
3.1 Statistiske og teoretiske argument for fleirnivåanalyse.....	33
3.2 Klargjøringar og utfordringar.....	35
3.3 Modelloppbygging.....	37
3.4 Modelldiagnose og føresetnader	40
3.5 Data: Doranoh	41
3.6 Operasjonalisering.....	42
3.6.1 Avhengig variabel: vota i favør av den offentlege- eller private part	44
3.6.2 Forklaringsvariablar: dommarar sine ideologiske haldningar.	46
3.6.3 Kontrollvariablar.....	51
4. Empiriske analyser av ideologiske effektar.	54
4.1 Deskriptiv statistikk	54
4.2 Den tomme modellen.....	56
4.3 Effekten av ideologi på individnivå.....	58
4.3.1 Bivariat modell – effekten av ideologi på dommarar sine vota	59
4.3.2 Multivariat modell – effekten av ideologi på dommarar sine vota.....	61
4.3.3 Oppsummering: ideologi på individnivå.....	64
4.4 Effekten av ideologi på saksnivå.....	64
4.4.1 Predikert sannsyn for å votere i favør av den offentlege part i ulike ideologiske panel	68
4.5 Varierer effekten av ideologi på individnivå mellom saker?.....	71
4.6 Modelldiagnose og føresetnader.	75
4.7 Oppsummering av effekten av ideologi.	77
Ideologi på individnivå.....	78
Ideologi på saksnivå.....	78
4.8 Diskusjon av resultata.	80
4.8.1 Ideologi på individnivå.....	80
4.8.2 Ideologi på saksnivå.....	81

5. Konklusjon – På kva måtar har ideologi ein effekt på dommarar sine vota?.....	84
5.1 Implikasjonar for Høgsterett	85
5.2 Forslag til framtidige studiar av dommaråtferd.	86
Litteraturliste.....	88
Appendiks.....	92

Liste over tabellar og figurar

Tabell 1: Oversikt over teoretisk rammeverk.....	16
Tabell 2: Oversikt over ideologiske panel.....	22
Tabell 3: Oversikt over kontrollvariablar.....	27
Tabell 4: Operasjonalisering av avhengig variabel og forklaringsvariablar	43
Tabell 5: Justering av paneleffekthypotesar	50
Tabell 6: Operasjonalisering av forklaringsvariablar.....	51
Tabell 7: Deskriptiv statistikk - avhengig variabel og forklaringsvariablar.....	55
Tabell 8: Tom modell - votum nøsta inn i sak	57
Tabell 9: Bivariat modell - effekten av ideologi på dommarar sine vota.....	59
Tabell 10: Predikert sannsyn for å votere i favør av den offentlege part gitt utnemningsregjering.....	60
Tabell 11: Multivariat modell - effekten av ideologi på dommarar sine vota.....	61
Tabell 12: Predikert sannsyn for å votere i favør av den offentlege part gitt utnemningsregjering og lovavdelinga	62
Tabell 13: Effekten av ideologi på saksnivå på dommarar sine vota.....	66
Tabell 14: Predikert sannsyn for å votere i favør av den offentlege part gitt utnemningsregjering.....	69
Tabell 15: Tilfeldig koeffisient - ideologi på individnivå	72
Tabell 16: Kovarians konstantledd-koeffisient	73
Figur 17: Tilfeldig koeffisient – ideologi på individnivå.....	74
Tabell 18: Oppsummering av effekten av ideologi	77
Tabell 19: Deskriptiv statistikk - kontrollvariablar	92
Tabell 20: Effekten av ideologi på saksnivå på dommarar sine vota.....	93
Tabell 21: Oversikt over saker kor effekten av utnemningsregjering er sterk	94
Figur 22: Residuala til gruppenivået - modell 4.....	95
Tabell 23: Tom modell - vota nøsta inn i dommar.....	95
Tabell 24: Shapiro Wilk W test av kontinuerlege variablar	95
Figur 25: Spreiing av sannsyn i den tomme modellen	96
Figur 26: Spreiing av sannsyn i saksnivåmodellen (modell 4)	96
Tabell 27: VIF test for multikolaritet - modell 3.....	97
Tabell 28: VIF test for multikolaritet - modell 4.....	97

1. Innleiing

“...[W]hen leaders tell the public that their institutions function well and that the views of potential critics should be disregarded, skepticism and empirical testing are appropriate.”

(Revesz 1997)

1.1 Den kontroversielle samanhangen

I 1965 hevda historikaren Jens Arup Seip (1965) at Norge sin Høgsterett² ikkje berre var eit politisk organ, men at institusjonens politiske engasjement hadde vært usedvanlig sterkt. Juristen Johs. Andenæs (1965: 72) tok til motmæle og karakteriserte Seip sin framstilling som «misforstått» og «historisk misvisande». No er forholdet mellom Høgsterett og politikk igjen satt på dagsorden, då statsvitskapleg forskning på dommaråtferd har nådd Norge med Gunnar Grendstad, William R. Shaffer og Eric N. Waltenburg (2010, 2011a, 2011b, 2012c) sine statistiske studiar av høgsterettsdommarar³ sine vota. Desse studiane har vakt oppsikt i det juridiske, så vel som det politiske miljøet, då dei har avdekka ein statistisk signifikant samanhang mellom dommarar sin ideologi, operasjonalisert som utnemningsregjering, og deira votum i høvesvis saker som omhandlar økonomiske tema der det offentlege er part mot private aktørar (Grendstad et al. 2010, Grendstad et al. 2011a, Grendstad et al. 2012c) og saker der staten er part mot private aktørar (Grendstad et al. 2011b). Som i 1965 reagerer leiande juristar i Norge med avvisande tilsvaer på påstandane om samanhangar mellom Høgsterett og politikk⁴: Justitiarius Tore Schei (2011: 335) karakteriserer samanhangen som «meningsløs» og dommar Jens Edvin Skoghøy (2010: 723-724) den som «openbart uholdbar[t]». I ein meir konstruktiv posisjon står derimot jusprofessor Jørn Sunde (2012: 168), som hevdar samanhangen utfordrar «...[d]et konstitusjonelle skiljet mellom den første og den tredje statsmakta i Noreg». For Norge si Grunnlov byggjer på prinsippet om sjølvstendige og uavhengige domstolar (Andenæs 1998: 162). Blant anna fordi: «En viktig del av domstolenes virksomhet består i å ta standpunkt til om den enkelte har vært utsatt for overgrep fra det offentlige» (Andenæs 1998: 164).

² Norge sin Høgsterett er heretter omtala som Høgsterett.

³ Høgsterettsdommarar er heretter omtala som dommarar.

⁴ Sjå Bernhard (2010), men sjå òg Mellbye (2010), for fleire juristar med kritiske tilsvaer til Grendstad et al.

Forskning på dommaråtfærd ifrå ein statsvitskapleg ståstad er eit relativt nytt forskingsfelt i norsk kontekst. Før Grendstad et al. starta sitt forskingsprosjekt i 2007-2008⁵ er det i hovudsak juristar og historikarar som har analysert dommarar si åtfærd⁶. Grendstad et al. sitt arbeid er derfor eit framifrå bidrag til den norske diskursen om Høgsterett, då dei har introdusert ein ny og spanande synsvinkel på Høgsterett si verksemd⁷. Like fullt har deira studiar ikkje tatt høgde for viktige utfordringar. Meir spesifikt, denne tesen argumenterer for at det er fire manglar ved studiane til Grendstad et al. som kan og bør utbetrast. For det første, den *kollegiale utfordringa*: Grendstad et al. sine studiar har ikkje tatt omsyn til at dommarar voterer i eit panel beståande av fem dommarar og at prosessen som leier til ein dom i Høgsterett er deliberativ. For det andre, *effektivitetsproblemet*: Dei statistiske modellane Grendstad et al. nyttar for å studera dommarar sine vota utnyttar ikkje variasjonen i datamaterialet på ein effektiv måte. For det tredje, *utvalsutvalsproblemet*: Grendstad et al. sine studiar neglisjerer konsensussaker, saker der dommarar er einige, og analyserer utelukkande dissenssaker. For det fjerde, *isolasjonsproblemet*: Grendstad et al. sine studiar har ikkje kontrollert forholdet mellom dommarar sine ideologiske haldningar og deira vota for variablar som fangar opp eigenskapar ved saka votumet blir gitt i.

For ei konsistent utvikling av forskning på dommaråtfærd i norsk kontekst bør desse utfordringane møtast i det saksfeltet Grendstad et al. (2010, 2011a, 2012c) tydeligast har etablert eit funn: økonomiske saker kor det offentlege er part mot private aktørar. I denne tesen blir derfor forholdet mellom dommarar sin ideologi, operasjonalisert som utnemningsregjering, og deira vota i økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar testa på individ- og saksnivå i dissens- og konsensussaker gjennom følgjande problemstilling:

På kva måtar har ideologi ein effekt på voteringa til dommarar i økonomiske saker i Høgsterett i tidsperioden 1991 til 2011?

⁵ Grendstad et al. (2008, 2009) sine to første working paper kom ut i 2008 og 2009. Paperet som kom ut i 2008 vart seinare publisert i 2010 (Grendstad et al.) og paperet som kom ut i 2009 vart seinare publisert i 2011 (Grendstad et al.)

⁶ Sjå Østlid (1988), men sjå òg Tellesbø (2006), Kjørstad (1997), Kjørstad (1999), Skåre (1999) for eksempel på tidlige studiar av dommaråtfærd.

⁷ Sjå òg Sunde (2012: 171) som, til tross for usemje, rosar Grendstad et al. for deira bidrag.

1.2 Bidrag til ein vaksande litteratur

Problemstillinga kjem med fire spesifikke bidrag til den vaksande litteraturen kring dommaråtferd i Høgsterett. Kvert bidrag er spesielt knytt til ei av utfordringane som vart identifisert over. Det er likevel viktig å sjå dei i samanheng. I det følgjande blir det utdjupa kvifor det er naudsynt å møte den kollegiale utfordringa, effektivitetsproblemet, utvalsproblemet og isolasjonsproblemet.

Den kollegiale utfordringa

Studiar av dommaråtferd i norsk kontekst lyt òg sjåast i lys av den internasjonale litteraturen på feltet dersom forskingsprogrammet skal bevege seg framover. Debatten knytt til statsvitskapleg forskning på dommaråtferd i norsk kontekst har nesten utelukkande handla om Grendstad et al. sin operasjonalisering, utnemningsregjering, på kostnad av konseptet denne operasjonaliseringa representerer, dommarar sine individuelle ideologiske haldningar. Dette konseptet tilhøyrar ein teoretisk modell, haldningsmodellen, som hevdar dommarar sine vota kan forklarast i lys av fakta i saken vis a vis dommarar sine ideologiske haldningar (sjå Segal og Spaeth 1993, Segal og Spaeth 2002) og utfordrar dermed oppfatninga av dommarar som apolitiske juridiske visemenn. Grendstad et al. (Grendstad et al. 2010) sine funn demonstrerer at haldningsmodellen òg kan vere gjeldane i eit kasus der civil law-tradisjonen⁸ er dominerande og er derfor eit viktig empirisk bidrag til ein teoretisk modell som har vært dominerande i amerikansk kontekst i over 60 år og som òg er på framvekst i europeisk kontekst (sjå Dyevre 2010).

Den individuelle tilnærminga i haldningsmodellen neglisjerer derimot den kollegiale utfordringa då den ikkje tar omsyn til det institusjonelle faktum at saker i Høgsterett blir avgjort ved fleirtalsvotum i roterande fem-dommar panel, etter ein deliberativ prosess. Ei teoretisk tilnærming som tar høgde for den kollegiale utfordringa er *paneleffektteorien*, som hevdar dommarar ikkje berre er påverka av sine egne ideologiske haldningar, men òg dei til sine kollegaar i panelet (Kastellec 2011, Meinke og Scott 2007, Farhang og Wawro 2004, Sunstein, Schkade, Ellman og Sawicki 2006). Studiar av dommaråtferd i amerikanske Court of Appeals der votum òg blir gitt i roterande panel konkluderer med at dommarar sine vota er påverka av den ideologiske samansetninga av panelet (sjå Kastellec 2011, Sunstein et al. 2006). Ved å komplimentere haldningsmodellen med paneleffektteorien tillater modellane

⁸ Haldningsmodellen er utvikla i USA der common law-tradisjonen er gjeldande, sjå Segal et al. (2002)

som blir testa i denne tesen at ideologi kan operere på individ- og saksnivå. Følgelig bidrar denne tesen med den første studien av Høgsterett som møter den kollegiale utfordringa.

Effektivitetsproblemet

For å ta høgde for den kollegiale utfordringa er det naudsynt med ei metodisk nyvinning innanfor forskning på dommaråttferd i Høgsterett. *Fleirnivåanalyse* bidrar med denne nyvinninga då den tillater testar av korleis eigenskapar på ulike nivå i analysen påverkar eit resultat på det lågaste nivået (sjå Steenbergen og Jones 2002). Dessutan, sidan dommarar sine vota blir gitt i den same saka er det sannsynleg at vota innanfor den same saka korrelerer med kvarandre. Ein risikerar dermed å få spuriøse signifikante resultat som eit resultat av at føresetnaden om uavhengige observasjonar er broten (sjå Hox 2010). Grendstad et al. løyser dette problemet ved å klynge standardfeila⁹. Sjølv om denne teknikken løyser problema knytt til korrelerte observasjonar utnyttar den ikkje variasjonen i datamaterialet på ein effektiv måte. Den lukar vekk saksvariasjonen i staden for å undersøkje den. Fleirnivåanalysar er designa slik at dei tar høgde for korrelerte observasjonar innanfor same saken, samstundes som modellen tillater at ein utforskar variasjon på saksnivå (sjå Hox 2010, men sjå òg Rabe-Hesketh og Skrondal 2008). Fleirnivåanalysar tillater dessutan at effekten av variablar på individnivå kan variere mellom grupper på eit høgare nivå (sjå Hox 2010). Dette er særleg relevant for studiar av dommaråttferd ettersom dei fleste studiar som testar haldningsmodellen operer med den rigide føresetnaden om at effekten av ideologiske haldningar er den same på kryss av saker (sjå Segal et al. 1993, Segal et al. 2002, men sjå òg Grendstad et al. 2011a, Grendstad et al. 2011b, Grendstad et al. 2012c).

Bruken av fleirnivåanalyse for å studere dommaråttferd er ikkje berre eit bidrag til den norske litteraturen. Både i amerikansk og i europeisk samanheng er fleirnivåanalyse ein lite brukt metode for å analysere dommaråttferd¹⁰. Dette til tross for tilrådingar frå Dyevre (2010: 317-320) om at forskning på dommaråttferd er tent med å inkludere variablar som oppheld seg på ulike nivå og tilrådingar frå Zorn (2001: 482-485) om å nytte modellar som tar høgde for at dommarar sine vota korrelerer med sine kollegaar sine voteringar.

⁹ Grendstad et al. (2011a) klynga standardfeilen til saken, medan Grendstad et al. (2012c) klynga standardfeilen ti dommaren og året votumet vart gitt i.

¹⁰ Men på frammarsj: Sjå Bartels (2005), men sjå òg Parker (2012), for eksempel på studiar av dommaråttferd som nyttar fleirnivåanalysar.

Utvalsproblemet

Grendstad et al. (2010, 2011a, 2011b, 2012c) har utelukkande analysert dissenssaker, saker der dommarar er ueinige, og dermed utelatt konsensussaker, saker der dommarar er einige, i sine studiar. Dette til tross for at dissenssaker berre utgjør 7.7 prosent av alle straffesaker, 21.2 prosent av alle sivile saker og 11.3 prosent av alle saker i Høgsterett, i perioden 1965 til 2010 (Sunde 2011: 10). I følge Sunde (2012: 185) konkluderer Grendstad et al. på eit grunnlag som seier svært lite om Høgsterett sin faktiske verksemd. Dessutan er utvalsproblemet ekvivalent med det King, Keohane og Verba (1994: 130) beskriv som den milde versjonen av å velje case på avhengig variabel: variasjonen i den avhengige variabelen er avgrensa i høve til den variasjonen som faktisk eksisterer. I slike tilfelle kan ein seie noko om årsakene til variasjon i den avhengige variabelen, men ein lyt ta i betraktning at resultatane sannsynlegvis er prega av bias. Ved å inkludere konsensussaker i analysane bidrar denne tesen med resultat som gir eit meir heilskapleg bilete av Høgsterett sin verksemd, og som dermed møter kritikken til Sunde (2012), samstundes som resultatane unngår å vere prega av utvalsbias.

Isolasjonsproblemet

I den internasjonale litteraturen er det ein omfattande debatt mellom statsvitarar og juristar angående den juridiske modellen for dommaråtferd sin forklaringskraft¹¹. Ein viktig lærdom frå denne debatten er at statsvitarar ikkje kan isolere seg frå juridiske forklaringar på dommaråtferd dersom dei ønskjer rigorøse testar av teoriane sine. I denne tesen blir isolasjonsproblemet utfordra ved den statistiske modellen som blir nytta i analysen. I fleirnivåanalysen blir dommarar sine vota nøsta inn i den enkelte sak og ein kan utforske korvidt variasjon i deira vota er forårsaka av uobserverte eigenskapar ved den enkelte sak sin natur. I tillegg blir effekten av dommarar sine ideologiske haldningar og deira vota kontrollert for eigenskapar ved den enkelte sak: saken sin kompleksitet, om saken er sivil-eller strafferettsleg og saken sin økonomiske relevans. Desse variablane utgjør eit viktig empirisk bidrag til litteraturen då Grendstad et al. (2010, 2011a, 2011b) sine studiar ikkje har kontrollert forholdet mellom dommarar sin ideologi og deira vota i økonomiske saker for eigenskapar ved saka.

¹¹ Sjå Gillman (2001), men sjå òg Wilson (2006), for ein oversikt over denne debatten.

1.3 Strukturen til tesen.

I *Kapitel 2* blir oppgåva sitt teoretiske rammeverk presentert. Det blir først demonstrert at Høgsterett har ein politisk funksjon. Denne politiske funksjonen materialiserast gjennom dommarar sine vota i den enkelte sak. Sidan dommarar har eit politisk spelerom blir det viktig å avdekka om deira vota er influert av deira ideologiske haldningar. Særleg i økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar. I desse sakene fordelar dommarar ressursar og rettigheter som enten kjem fellesskapet eller private aktørar til gode. Tesen argumenterer vidare for at ideologiske haldningar kan ha ein effekt på dommarar sine vota på både individ- og saksnivå. To teoriar blir derfor nytta til å utleie hypotesar. Først, haldningsmodellen, som hevdar dommarar sine vota kan forklarast av den individuelle dommar sine ideologiske haldningar. Deretter, paneleffektteorien, som hevdar den individuelle dommar sine vota òg er påverka av kollegaane i det aktuelle panelet sine ideologiske haldningar. Avslutningsvis vier kapitelet plass til kontrollvariablar.

I *Kapitel 3* blir det demonstrert at fleirnivåanalyse er den mest føremålstenlege metoden for å teste hypotesane utleia i teorikapitlet. Det blir vist korleis og når desse hypotesane skal testast ved å gjennomgå den stegvise oppbygginga av modellen. Del to av kapitel tre er via data og operasjonisering av variablar. Hovudfokus ligg på utfordringar knytt til operasjonisering av avhengig variabel og operasjoniseringa av ideologiske haldningar som dommaren sin utnemningsregjering.

I *Kapitel 4* blir effekten av ideologi testa empirisk ved hjelp av ein stegvis fleirnivåanalyse. Først blir det undersøkt kor vidt variasjon i dommarar sine vota er forårsaka av eigenskapar på saksnivået. Fokuset blir deretter retta mot å teste effekten av ideologi på individnivå. Vidare blir ideologi på gruppenivå satt under lupa. Den siste modellen vender tilbake til ideologi på individnivå for å teste kor vidt effekten varierer mellom saker. Kapitelet avsluttast med ei oppsummering og diskusjon av resultatata i den empiriske analysen.

Kapitel 5 konkluderer tesen. Hovudresultata er at ideologi på individnivå ikkje har ein effekt på dommarar sine vota i det absolutte fleirtal av sakene i utvalet. Effekten er derimot ikkje fast på kryss av saker. I enkelte dissenssaker har ideologi ein effekt på dommarar sine vota. På saksnivå indikerer resultatata at dommarar som voterer i homogene sosialdemokratiske panel er meir tilbøyeleg til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar som voterer i andre ideologiske panel.

2.0 Dommaråtfærd i Høgsterett

2.1 Høgsterett.

Høgsterett dømmer, med heimel i grunnlova § 88, i siste instans og er dermed Norge sin øvste domstol (Høyesterett 2011). Høgsterett leiast av *justitiarius* og består i tillegg av 19 dommarar. *Ankeutvalet* avgjør kva saker som blir tatt opp i Høgsterett. Utvalet består av tre dommarar, og dommarane rullerer på å sitte i utvalet (Sunde 2011: 6). Høgsterett si hovudoppgåve i rettspleia er å virke for rettsavklaring, rettseining og rettsutvikling (Schei 2010: 13). Høgsterett behandlar derfor prinsipielt viktige saker som har prejudikatsverknad – dommar som har betydning utover den enkelte sak i den forstand at dei vil ligge til grunn i framtidige saker som omhandlar tilsvarande rettslige spørsmål (Schei 2010: 13). Saker i Høgsterett blir avgjort ved fleirtalsvotum i to parallelle *fem-dommar avdelingar*¹² (Høyesterett 2011). I saker som omhandlar brot med eksisterande prejudikat, komplekse juridiske spørsmål og forholdet mellom lov og konstitusjon skal Høgsterett, sidan 1926, møtast i fulltal i *plenum*. I 2005 vart også saker der ei lov synes å vere i konflikt med traktatar som ratifiserast av lovgivande forsamling lagt til denne lista. Mindre alvorlige saker av nemnte natur er sidan 2008 behandla av elleve dommarar i *storkammer* (Sunde 2011: 8).

Dommarar blir utnemnd av den sittande regjeringa i Kongen i Statsråd etter anbefaling av eit uavhengig innstillingsråd og anbefaling frå Høgsterett. Fram til 2002 hadde justisdepartementet kontroll over utnemningsprosessen. I 2002 vart Innstillingsrådet for dommarar oppretta, blant anna for å gjere rettsvesenet og dommarar meir uavhengig av eit stadig meir politisert justisdepartement (Smith 2003). Innstillingsrådet består av tre dommarar, ein advokat, ein offentleg tilsett jurist og to medlemmar som ikkje er juristar. Etter innføringa av innstillingsrådet skal det, i tillegg til juridisk kompetanse, takast omsyn til kandidaten sin arbeidserfaring, alder, fødestad og kjønn (Sunde 2011: 5).

2.1.1 Politikk i Høgsterett

Høgsterett si primære rolle er å løyse konflikhtar (Sunde 2012: 181). Det er i denne rolla ein finn Høgsterett sin politiske funksjon, men òg sin politiske avgrensing. Ved å løysa konflikhtar har Høgsterett ein politisk funksjon gjennom fordeling av ressursar og rettigheter (Grendstad et al. 2011a). I motsetnad til meir tradisjonelle politiske aktørar er derimot

¹² I den resterande delen av tesen blir avdeling kalla *panel*.

fordelingmuligheita avgrensa til å gjelda partane i den aktuelle saka (Sunde 2012). Like fullt har avgjersler i Høgsterett prejudikatsverknad (Schei 2010: 13). Følgjande av dette er at Høgsterett si fordeling av ressursar og rettigheter i ei sak kan få følgjer for fordelinga av ressursar og rettigheter i ei liknande sak i framtida (Schei 2011: 1). Høgsterett driv òg med rettsavklaring. I dette ligg det at det viktige ved Høgsterett si avgjersle i den enkelte sak ikkje er om A eller B vinn saka, men kva verknader resultatet har utover den aktuelle saka (Schei 2011: 4). Rettsavklaring vil ofte innehalde element av rettsutvikling og kan derfor samanliknast med den aktivitet lovgivande forsamling driv med. Riktig nok er òg Høgsterett sin rettsskapande funksjon avgrensa av konfliktløysinga (Schei 2011: 7) Vidare utøver Høgsterett kontroll over dei to andre statsmaktene gjennom prøvingsretten: Høgsterett har rett og plikt til å prøve grunnlovsmessigheten av lover i saker som er oppe til behandling (Schei 2011). Til slutt, Høgsterett løysar konfliktar der det offentlege, representert ved staten, kommunar og offentlege bedrifter er part mot private aktørar. I slike saker lyt Høgsterett, i tillegg til å fordela ressursar og rettigheter, ta standpunkt til om enkeltindivid har vært utsatt for overgrep frå det offentlege (Andenæs 1998: 164).

I denne politiske konteksten kjem dommaråtferd, som (Schubert 1964: 3) definerer som teoriar og metodar utvikla for å studere kvifor dommarar voterer slik dei gjer, til sin rett. I Grendstad et al. (2011c: 434) sitt språk:

«Høyesteretts politiske funksjon og politiske oppgaver materialiserest gjennom avgjørelser av saker. Sakers utfall er bestemt av dommernes vurderinger og voteringer. Derfor blir dommeratferd viktig».

Oppgåva til forskaren blir derfor å identifisera kva som forklarar dommarar sine voteringar. Dette blir særleg viktig fordi dommarar i motsetnad til meir politiske aktørar tilsynelatande får sitt embete på bakgrunn av faglege kvalifikasjonar framføre politiske preferansar (Sunde 2012: 169). Grendstad et al. (2010, 2011a, 2011b, 2012c) sine empiriske funn snur dette på hovudet. Dommarar sine ideologiske haldningar samsvarar med regjeringa som utnemnde dei. Dette er problematisk i høve til maktfordelingsprinsippet som Norge si Grunnlov byggjer på. I eit konstitusjonelt demokrati er ein fri og uavhengig domstol eit vern mot tilfeldige avgjersler og overgrep frå dei andre statsmaktene (Domstol 2012). Om «politikere utnemner sine egne kontrollører!», som tidligare statsminister Kåre Willoch (i Andenæs 1998: 164) har formulert det, er eit viktig vern for enkeltindivid berre overflatisk.

Det er naudsynt å poengtere at dommarar sine ideologiske haldningar treng ikkje samsvara med utnemnande instans for at forskning på dommaråttferd skal vere relevant. I Sunde (Sunde 2012: 169) sitt språk:

«...[n]år det forutberekelege ikkje kan sikrast gjennom lov, fordi retten først og fremst blir skapt gjennom rettspraksis, må det sikrast gjennom klargjering av dei politiske preferansar til dei som utgjør sjølve motoren i rettspraksis – dommarkorpset»

Like fullt blir implikasjonane av forskning på dommaråttferd desto større om dommarar ikkje er politisk uavhengige av regjeringa som utnemnde dei. Tesen antar at dommarar sine ideologiske haldningar samsvarar med utnemningsregjeringa. Derfor blir implikasjonar knytt til politisk uavhengighet til regjeringa og vern mot tilfeldige avgjersler og overgrep frå det offentlege vektlagt.

2.1.2 Institusjonelle føresetnader for dommarar sitt politiske handlingsrom

Haldningsmodellen byggjer på institusjonelle føresetnader som legg til rette for at dommarar kan nytte seg av ideologiske haldningar utan at dette får konsekvensar. Sunde (2012) stiller spørsmålsteikn ved Grendstad et al. sine funn på bakgrunn av dei institusjonelle føresetnadene for denne modellen. Haldningsmodellen blir òg blir nytta i denne tesen og paneleffektteorien byggjer på dei same føresetnadene. Det er derfor naudsynt å demonstrere at dei institusjonelle føresetnadene i Høgsterett gir dommarar spelerom til å la sine ideologiske haldningar påverke deira vota. Sidan føresetnadene haldningsmodellen byggjer på er basert på amerikansk høgsterett vil denne bli nytta som referansepunkt.

Sunde (2012: 176) argumenterer for at haldningsmodellen er relevant i den amerikanske konteksten då amerikansk høgsterett har konstitusjonelle spørsmål som sitt viktigaste rettsområde og fordi dommarane blir utnemnd av den sittande presidenten på politisk grunnlag på livstid. Samstundes har dommarane muligheit til å dissentere, gi sær vota og skrive fylldige domsgrunnar. I Norge er situasjonen lik¹³, som Sunde (2012: 177) òg påpeiker, bortsett frå at Høgsterett ikkje er ein konstitusjonsdomstol og utnemningsprosessen i tilsynelatande ikkje er politisk¹⁴.

¹³ Bortsett frå at dommarar i Høgsterett sitt til pensjonsalder og ikkje på livstid (Sunde 2012)

¹⁴ Debatten i høve til utnemningsprosessen er tett knytt til validiteten til operasjonaliseringa av dommarar sin ideologi og blir behandla i datadelen av tesen.

Konstitusjonsdomstolar, som amerikansk høgsterett, vil hyppig behandla saker der den politiske- er større enn den juridiske dimensjonen¹⁵. Medan domstolar som behandlar alle typar saker, som Høgsterett, hyppigare behandlar saker der den juridiske- er større enn den politiske dimensjonen (Sunde 2012). Høgsterett behandlar derfor færre «politiske» saker enn amerikansk høgsterett. Konsekvensane av dette er at forskarar på dommaråtfærd i Høgsterett lyt anerkjenne at ein ikkje kan generalisera funna frå eit saksområde som er politisk lada, for eksempel økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar, til andre saksfelt. Det er derimot ikkje eit argument mot å drive forskning på dommaråtfærd ved hjelp av haldningsmodellen i norsk kontekst.

Vidare byggjer haldningsmodellen på fire andre føresetnader som definerer det politiske handlingsrommet til dommarar: (1) dommarar treng ikkje stå til ansvar ovanfor veljarar eller politiske aktørar, (2) dommarar har ikkje ambisjon om ein meir lukrativ arbeidsplass, (3) dommarar voterer i siste instans og (4) dommarar kontrollerer sjølv kva saker som skal behandlast (Segal et al. 2002: 92-96). Dei institusjonelle kjenneteikna ved Høgsterett bryt ikkje med desse føresetnadene. Det er allereie nemnt at Høgsterett dømmer i siste instans og dei kontrollerer kva saker som skal behandlast då dei sjølv sitt i ankeutvalet. I høve til punkt (1): Dommarar er gjennom grunnlova sikra uoppseieleg tilsetjing fram til dei er 70 år og kan berre avsetjast ved riksrett (Sunde 2011: 5). Dommarar har dermed fridom til å votere slik dei ønskjer utan frykt for å bli avsett eller attvalt. I høve til punkt (2): Sidan dommarar sitt til pensjonsalder synes det usannsynleg at dei har ambisjonar om ein meir lukrativ arbeidsplass. Følgjelig vil ein anta at dei ikkje voterer strategisk for å gjere seg attraktive for framtidige arbeidstakarar¹⁶.

2.1.3 Den juridiske modellen: er dommarar bunden av rettskjelder?

I amerikansk kontekst hevdar den juridiske modellen at dommarar sine vota kan forklarast ved hjelp av fakta i saken i lys av (1) den rette tydinga av orda i lova, (2) intensjonane til dei som skapte lova og (3) tidligare dommar (prejudikat) (Segal et al. 2002). I norsk kontekst er den juridiske modellen representert ved *rettskjeldene*. Eckhoff (2001: 23) identifiserte på

¹⁵ Men sjå Posner (2005: 38) som viser at amerikansk Høgsterett sin status som konstitusjonsdomstol er overvurdert.

¹⁶ Eit unntak kan være om dommaren har ambisjonar om å blir justitarius. Grendstad et al. (2011b: 28) fann at dommarar som seinare vart justitarius var meir tilbøyelege til å votere i favør av staten før dei vart justitarius, medan dei var meir tilbøyelege til å votere i favør av den private part etter dei vart justitarius.

1960-talet sju rettskjelder som reflekterer dommarar sine juridiske resonnement: lovtekstar, lovforarbeid, rettspraksis, andre myndigheiter sin praksis, private sin praksis, rettsoppfatningar og reelle omsyn. I nyare tid har òg ei åttande rettskjelde blitt lagt til denne lista gjennom inkorporeringa av internasjonale menneskerettar og EØS-avtalen i norsk lov (Grendstad et al. 2011a: 6).

Kor vidt rettskjeldene legg bindingar på dommarar sine politiske spelerom er det ueinigheit om (sjå Bergo 2002, Bergo 2003, Grendstad et al. 2011a, Kinander 2002, Sunde 2012). Medan strenge juridiske rettskjelder som lovtekstar og rettspraksis tilsynelatande¹⁷ legg bindingar på dommarar sine politiske handlingsrom veger *reelle omsyn* opp for dette. Eckhoff (2001: 24) forstår reelle omsyn som «...[v]urderinger av hva som er rettferdig, rimelig, formålstjenlig e.l.». I motsetnad til andre rettskjelder er reelle omsyn eit produkt av dommarar sine egne vurderingar (Eckhoff 2001: 24). Politiske omsyn er ikkje rekna som relevante vurderingar (Eckhoff 2001: 374). Derimot er det relevant å vurdere dei samfunnsmessige verkandene som ein antar at ei bestemt løysing av eit rettsspørsmål vil få og derfor er det, i følge (Eckhoff 2001: 375), akseptabelt: «...[å] favorisere interesser som et politisk parti er talerør for». Fleire juristar har stilt seg kritisk til reelle omsyn med bakgrunn i at rettskjelda tilsynelatande legitimerer bruken av egne haldningar. Blant anna argumenterer Kinander (2002) for at ein bør gå tilbake til ein meir formell bruk av rettskjeldefaktorar slik at ein får meir føreseielege dommar¹⁸.

Den juridiske modellen – mekanisk eller dynamisk?

Med den juridiske modellen kjem ein til kjernen i disputten mellom statsvitarar på den eine sida og juristar på den andre: i kva grad forklarar lova dommarar sine vota? Og er variasjon i dommarar sine vota foreinleg med den juridiske modellen? Ei tilnærming til den juridiske modellen som lenge var gjeldande innanfor statsvitskapen¹⁹ er at den er for upresis til å generere falsifiserbare hypotesar. Samstundes som den er fleksibel nok til å forklare «alt». Dermed forklarar den frå eit statsvitskapleg synspunkt ingenting og andre faktorar lyt forklara

¹⁷ Sjå Grendstad et al. (2011a: 7) som hevdar lovtekstar ikkje bindar dommarar i særleg grad.

¹⁸ Sjå òg Bergo (2002, 2003) og Askeland (2003) for kritiske synspunkt på reelle omsyn.

¹⁹ Ei tilnærminga som er gjeldande i blant anna Segal og Spaeth (1993, 2002).

variasjon i dommarar sine vota (sjå Gillman 2001). Dette synes òg å vere posisjonen til Grendstad et al. (2011c: 436) som skriv:

«Frå et metodologisk utgangspunkt bidrar ikkje rettskildefaktorene i seg selv med noen som helst varians og kan følgelig ikke brukes til å redegjøre for de ulike oppfatningene som dommerne fører i marken i same sak».

Juristar frå den postpositivistiske tradisjonen hevdar derimot at denne mekaniske versjonen av den juridiske modellen representerer ein stråmann²⁰. I staden hevdar dei den juridiske modellen er foreinleg med variasjon i dommarar sine vota fordi ulike dommarar kan ha ulike oppfatningar om kva lova forlangar (sjå Gillman 2001). Ein slik ståstad avviser ikkje voteringsmønstra identifisert av haldningsmodellen, men hevdar like fullt at desse voteringsmønstra ikkje avviser betydninga av lova (Gillman 2001: 487).

2.2 Avhengig variabel: økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar

Offentlige økonomiske interesser versus private økonomiske rettigheter representerer ei viktig skiljelinje i moderne demokrati (Grendstad et al. 2011a: 8). I det norske samfunnet har førstnemnte vært prioritert over sistnemnte i så og seie heile etterkrigstida då staten sitt nærvær i økonomien har vært usedvanlig sterk (Østerud 2005: 707-708). Ikkje overraskande avspeglar òg det norske partisystemet den økonomiske skiljelinja då partia på venstresida støttar det sterke nærværet av staten i økonomien, medan partia på høgresida ønskjer meir fridom og sterkare rettigheter for private aktørar (Heidar 2001).

Den same skiljelinja finn ein igjen i økonomiske saker i Høgsterett der det offentlege, representert ved staten, kommunar eller offentleg eigde bedrifter, er part mot private aktørar. I desse sakene lyt dommarar i Høgsterett løysa konflikhtar som har den følgje at ressursar og rettigheter enten blir distribuert til det offentlege eller til private aktørar. Eller, sagt med andre ord, dommarar fordeler ressursar og rettigheter til fellesskapet eller til individuelle interesser. Den velkjente *Borthen-dommen*²¹ som vart avgjort i plenum av ein samrøystes Høgsterett eksemplifiserer dette. Saken gjaldt i korte trekk om ein bestemt form for

²⁰ Representerer ei feilaktig avvising av ein modell basert på ein misforståelse av kva modellen eigentleg inneber.

²¹ Sjå Lovdata (1996)

pensjonsinnbetalingar var beskytta av § 97, som forbyr lover å gi tilbakeverkande kraft (Sjø Skoghøy 2011). I saken skriv Tore Schei (i Lovdata 1996: 1428) i sin argumentasjon for kvifor staten vinn:

«Det er viktig å kunne kanalisere offentlege midler dit det er størst behov for dem. Sterke bånd på adgangen til å foreta omprioriteringar vil - iallfall som generell regel - ikke ivareta velferdssamfunnet og dets behov.»

Ved å sette til side § 97 i Borthen-dommen unndrog Høgsterett ti prosent av den årlige inntekta til 35,000 pensjonistar. Like fullt kunne saken vært avgjort annleis om pensjonsinnbetalingane hadde vært tolka som forsikring framføre skatt, som hadde vært ei like legitim løysing (Grendstad et al. 2012c: 3-4).

Borthen-saken belyser òg ei annan politisk dimensjon ved økonomiske saker kor det offentlege er part mot private aktørar: kor vidt Høgsterett er statsvennleg eller ikkje (sjå Grendstad et al. 2012c: 4). Statsvennleg forståast av Kjørstad (1999: 103) som at staten sine interesser blir vektlagt større betydning enn private interesser enn det som er følgjer av gjeldande rett. Debatten knytt til statsvennlegheit har særleg dreia seg om dommarar med offentleg yrkesbakgrunn er meir statsvennlege enn dommarar med privat yrkesbakgrunn (sjå Kjørstad 1997, Kjørstad 1999, Skåre 1997, Skåre 1999, Tellesbø 2006, Grendstad et al. 2011b), men òg i høve til kor vidt dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er meir statsvennlege enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar (sjå Grendstad et al. 2011b). Ei utfordring i høve til statsvennlegheitshypotesen er å vurderer kor vidt eit vota er statsvennleg eller juridisk legitimt på bakgrunn av gjeldande rett. Tidligare dommar Kjetil Lund (1987: 6) skriv:

«I hvilken utstrekning domstolene først og fremst fungerer som organer for staten og ikke som kontrollinstanser, er selvfølgelig vanskelig å fastslå, bl.a. fordi domstolenes premisser også tar sikte på å overbevise om at argumentasjonen er juridisk riktig, i realiteten er det nokså ubegrenset hvilke resultater som kan begrunnes innenfor det rettslige argumentasjonssystem».

Av den grunn dannar ikkje nødvendigvis staten sin vinnarrate i Høgsterett eit godt grunnlag for å trekke konklusjonar om Høgsterett sin statsvennlegheit. Derimot kan det hevdast, med atterhald i at dommarar kan ha ulike oppfatningar om kva lova forlangar, at dommarar sin tilbøyelegheit til å votere i favør av den offentlege part vil avdekke kor vidt dommarar er

statsvennlege eller ikkje. Tross alt, dommarar som voterer i den same saka blir møtt av det same faktagrunnlaget og den same juridiske problemstillinga. For å ta høgde for at òg kommunar er part i sakene som blir analysert vil omgrepet *offentlegvennleg* bli nytta framføre statsvennleg i denne tesen. Offentlegvennleg forståast som dommarar som er meir tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part.

Utfordringar knytt til generaliseringspotensialet

Å studera økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar legg avgrensingar på generaliseringspotensialet til tesen. Dei juridiske spørsmåla som blir reist i desse sakene er ikkje representative for den potensielle populasjonen av kasus, som er alle saker som blir ført i Høgsterett. Generaliseringsproblemet knytt til studiar av dommaråtferd er eit velkjent problem (sjå Friedman 2006, Cross 1997, Edwards 1985, Kastlelec og Lax 2008). I følgje Friedman (2006: 271) kan konklusjonar i studiar av dommaråtferd variere frå rett til rett, frå dommar til dommar, frå sak til sak og i frå tidsperiode til tidsperiode. Kastlelec og Lax (2008) demonstrerer dessutan at studiar av dommaråtferd lider av utvalsbias, ettersom som dommarane i Høgsterett sjølv vel kva saker dei vil høyre. I følgje Kastlelec og Lax (2008: 436) kan forskarar trekke konklusjonar i høve til dei aktuelle sakene dei studerer, så lenge som dei anerkjenner at desse konklusjonane ikkje representerer alle saker innanfor sakstypen, eller i høve til andre sakstypar. Dette betyr at det utelukkande er dei aktuelle sakene som blir studert konklusjonane er gyldige for.

2.3 Ulike teoriretningar innanfor dommaråtferd

Med Herman Pritchett (1948) sin studie av dissensavgjersler i den amerikanske høgsteretten i tidsperioden 1937-1947 vaks det fram ein ny tradisjon innanfor den behavioristiske rørsla i statsvitskapen: studiar av dommaråtferd. Den sentrale problemstillinga innanfor denne tradisjonen var om og i kva grad ideologiske haldningar påverka dommarar sine avgjersler (Wilson 2006). Utifrå denne problemstillinga har tradisjonen utvikla seg i ulike teoretiske retningar. I litteraturen skil ein i dag grovt mellom fem ulike teoretiske forklaringar på dommaråtferd: den juridiske modellen, haldningsmodellen, den intern-strategiske modellen, den ekstern-strategiske modellen og personlege eigenskapar modellen²².

Haldningsmodellen og paneleffektteorien, som slektar på den intern-strategiske modellen, utgjør det sentrale teoretiske rammeverket i tesen. Personlege eigenskapar modellen innehar ein kontrollfunksjon. I tillegg blir det kontrollert for juridiske eigenskapar ved dommaren og eigenskapar ved saka. Den ekstern-strategiske modellen som fokuserer på det strategiske forholdet mellom dommarar og andre politiske aktørar (sjå Dyevre 2010) er valt vekk på grunn av mangelfull data²³.

2.3.1 Oversikt over teoretisk rammeverk og hypotesar

I det følgjande vil det gjørast greie for haldningsmodellen og paneleffektteorien. Begge antar at dommarar sitt hovudmål er å få gjennomslag for sine ideologiske haldningar i den enkelte sak. Der haldningsmodellen argumenterer for at dommararar sine individuelle ideologiske haldningar forklarar deira vota argumenterer paneleffektteorien for at dommarar òg er påverka av sine kollegaar i det aktuelle panelet sine ideologiske haldningar. Teoriane oppheld seg på to ulike nivå. Haldningsmodellen oppheld seg på individnivå, medan paneleffektteorien oppheld seg på saksnivå. Tabell 1 viser ein oversikt over teoriane, variablane som representerer dei og hypotesane som er utleia av dei.

²² Nokon forskarar, deriblant Grendstad et al., behandlar haldningsmodellen og personlege eigenskapar modellen som den same. I denne tesen blir derimot desse åtskilt. Haldningsmodellen referer kun til dommarar sine ideologiske haldningar, medan personlege eigenskapar modellen referer til eigenskapar ved dommarane sin bakgrunn forut for deira verke som dommar.

²³ Ei slik teoretisk tilnærming kan være av interesse for problemstillinga. Blant anna er det interessant å sjå om effekten av dommarar sine ideologiske haldningar varierer etter om regjeringa som utnemnte dei framleis sitt i regjering eller om effekten generelt varierer etter kven som sitt i regjering, kven som har fleirtal i stortinget osv.

Tabell 1: Oversikt over teoretisk rammeverk

Teori	Variabel	Hypotese
Haldningsmodellen	Individnivå:	
	Utnemningsregjering (Sos.dem)	H1: <i>Dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er meir tilbøyeleg til å stemme i favør av den offentlege part enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar.</i> H2: <i>Effekten av utnemningsregjering varierer mellom saker</i>
	Saksnivå:	H3: <i>Eigenskapar på saksnivå forklarar variasjon i dommarar sine vota.</i>
Paneleffektar	Homogent sosialdemokratisk panel	H4: <i>Å votere i sosialdemokratisk homogene panel har ein positiv effekt på å votere i favør av den offentlege part versus å votere i ideologisk heterogene panel og ikkje-sosialdemokratisk homogene panel.</i>
	Homogent ikkje-sosialdemokratisk panel	H5: <i>Å votere i ikkje-sosialdemokratisk homogene panel har ein negativ effekt på å votere i favør av den offentlege part versus å votere i ideologisk heterogene panel.</i>
	4-1 panel med sosialdemokratisk overtal	H6: <i>Å votere i 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal har ein positiv effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel og 4-1 ikkje-sosialdemokratiske panel</i>
	4-1 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal	H7: <i>Å votere i 4-1 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal har ein negativ effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel.</i>
	Heterogene 3-2 panel	H8: <i>Å votere i 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal har ingen effekt på å votere i favør av den offentlege part versus 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal.</i>

2.3.2 Individnivå: haldningsmodellen.

I følge proponentar av *haldningsmodellen* kan dommarar sine vota kan forklarast av fakta i saken vis a vis dommaren sine ideologiske haldningar. Kort fortalt, dommar x voterer slik han gjer fordi han er konservativ, dommar y voterer slik ho gjer fordi ho er liberal (Segal et al. 1993, Segal et al. 2002). Haldningar, det sentrale konseptet, blir definert som eit sett vedvarande tankar om eit objekt eller ein situasjon. I den juridiske konteksten er objektet

representert ved dei direkte og dei indirekte partane i rettssaken, medan situasjonen er representert ved det dominerande juridiske problemet (Segal et al. 2002: 91). Haldningsmodellen antar at saker som innehar dei same objekta og dei same situasjonane vil korrelere med kvarandre og forme saksområder kor dei ideologisk haldningane til dommarane forklarar variasjon i deira votum (Segal et al. 2002: 91-92). I sakene som blir analysert i denne tesen er objekta representert ved dei offentlege- og dei private partane i saka, medan situasjonen er saker som omhandlar økonomiske problemstillingar. Vidare antar tesen at dommarar som er utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar vil inneha andre ideologiske haldningar enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar og at desse forskjellane vil vise seg att i deira votum i økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar.

Haldningsmodellen i norsk kontekst: empiriske funn

Grendstad et al. har tre empiriske funn som knyt dommarar sin utnemningsregjering til deira votum i økonomiske saker (Grendstad et al. 2010, Grendstad et al. 2011a, Grendstad et al. 2012c) og eit som knyt dommarar sin utnemningsregjering til deira votum i saker der staten er ein av partane (Grendstad et al. 2011b).

I artikkelen *Revealed Preferences of Norwegian Supreme Court Justices* utleier Grendstad et al. (2010) det første empiriske funnet som knyt dommarar sin ideologi til deira votum. Dei finn, ved hjelp av ein bivariat korrelasjonsanalyse, at 37,9 prosent av variasjonen i dimensjonen offentlege versus private interesser kan forklarast ved om dommaren er utnemnd av ei sosialdemokratisk regjering eller ei ikkje-sosialdemokratisk regjering (Grendstad et al. 2010: 96). Grendstad et al. (2010: 96) konkluderer med at desse resultata samsvarar med den tradisjonelle oppfatninga om at sosialdemokratiske regjeringar prioriterer fellesskapet sine interesser og ikkje-sosialdemokratiske regjeringar prioriterer individuelle interesser. Resultatet frå denne artikkelen lyt riktig nok sjåast i lys av at det er ein analyse av elleve saker og at det er snakk om ein korrelasjon mellom utnemningsregjering og dommarar sine vota.

I artikkelen *When Justices Disagree. The Influence of Ideology and Geography on Economic Voting on the Norwegian Supreme Court (2011a)* er 63 dissenssaker som omhandlar økonomiske spørsmål i tidsperioden 2000-2007 analysert ved hjelp av ein multivariat regresjonsanalyse. Analysen visar at dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er 23,5 prosentpoeng meir tilbøyelege til å votere i favør av det offentlege enn dommarar

utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar (Grendstad et al. 2011a: 15, 16). I Grendstad et al. (2012c) sin siste artikkel er effekten mellom utnemningsregjering og votum i økonomiske saker testa i ein multivariat regresjonsanalyse i tidsperioden 1948 til 2011. Òg i denne analysen finn Grendstad et al. (2012c: 21) ein statistisk signifikant samanheng mellom utnemningsregjering og dommarar sine vota i økonomiske saker: Dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er 30 prosentpoeng meir tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part i økonomiske saker.

Hypotesar haldningsmodellen

Med bakgrunn i Grendstad et al. (2010, 2011a, 2012c) sine funn kan ein forvente at dommarar utnemnt av sosialdemokratiske regjeringar er meir tilbøyelege til å prioritere offentlege interesser enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar. Vidare kan ein forvente at denne variasjonen i ideologiske haldningar vil atterspegle seg i dommarar sine vota i økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar tidsperioden 1991-2011. Følgjande hypotese blir derfor utleia:

H1: Dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er meir tilbøyeleg til å stemme i favør av den offentlege part enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar.

Like fullt lyt det takast høgde for at H1 blir testa i eit datamateriale beståande av dissens- og konsensussaker. I følgje Skoghøy (2010: 720) er dissenssaker:

«...[s]aker hvor det innenfor rammen av akseptert rettskildelære er mulig å argumentere for forskjellige løsninger, og det er da rimelig å anta at stemmegivningen i slike saker vil kunne bidra til å avdekke dommernes tilbøyelighet til å prioritere mellom ulike interesser».

Sjølv om Skoghøy sitt sitat ikkje seier kva det er med dissenssaker som gjør at det innanfor ramma av akseptert rettskjeldelære er mogleg å argumentere for forskjellige løysingar, illustrerer det eit viktig poeng: saker i Høgsterett er ikkje homogene. Sagt med andre ord, saker har i utgangspunktet forskjellige eigenskapar og desse eigenskapane kan være avgjørande for kor vidt dommarar sin ideologi har ein effekt på deira vota. Den konvensjonelle prosedyren innanfor haldningsmodell-litteraturen er derimot å anta at dommarar sine ideologiske haldningar er faste på kryss av saker (Sjå Segal et al. 1993, Segal et al. 2002). Denne tilnærminga legg rigide avgrensingar på dommarar sin åtferd. I følgje Gibson (1983: 9) er dommarar sine vota: «...[a] function of what they prefer to do, tempered

by what they think they ought to do, but constrained by what they perceive is feasible to do». Skoghøy sitt sitat impliserer at dei to siste delane av Gibson sin modell varierer mellom saker, følgjelig er det naturleg å anta at effekten av den første delen av Gibson sin modell òg varierer mellom saker. Forsking i amerikansk kontekst bekreftar dette. Bartels (2005) finn at effekten av dommarar sine ideologiske haldningar i amerikansk Høgsterett varierer mellom saker med ulike eigenskapar. For å utfordra den konvensjonelle føresetnaden om faste haldningar i haldningsmodellen blir følgjande hypotese utleia:

H2: Effekten av utnemningsregjering varierer mellom saker

2.3.3 Saksnivå: deliberativ avgjerdsprosess

I følgje haldningsmodellen står dommarar fritt til å forfølgje sine egne ideologiske haldningar når dei voterer. Ein slik påstand tar ikkje høgde for at dommarar òg kan vere påverka av sine kollegaar sine ideologiske haldningar. Prosessen som blir omtala under viser at det er grunn til å anta at dommarar kan blir påverka av sine kollegaar og at ein derfor lyt vurderer at dommarar sine vota i den enkelte sak er avhengige av kollegaane som voterer i den same saka.

Dommane i Høgsterett blir avgjort av individuelle vota. Likevel er dei i følgje Schei (2010: 14) «...[e]t resultat av samordning og samarbeid». Prosessen som leiar til ein dom i Høgsterett kan, etter saka er sendt vidare frå ankeutvalet, delast inn i tre fasar: (1) rådslåing, (2) utkast til votum og (3) domskonferanse. Rådslåinga er ein formel diskusjon der dommarar i panelet og protokollsekretærar er representert. Dommaren med høgast ansiennitet blir utnemnd til rettsformann²⁴ og gjer greie for saken, dei ulike partane sin argumentasjon, dei faktiske og rettslige tvistespørsmål og korleis saka etter rettsformannen sitt syn bør løysast. Deretter går ordet vidare til dommaren med nest høgast ansiennitet osv. I større saker kan denne runden gå to eller tre gonger (Schei 2010: 15). Etter dette blir det avgjort kven som skal vere første-voterande og dermed skrive utkast til dom²⁵. Rådslåinga avsluttast med at dommarane avtaler den vidare framdrifta og tidspunkt for den endelige avsigelsen i saka. Deretter skriv første-voterande, og eventuelt den som skriver dissensen, utkast til votum.

²⁴ Unntaket er når Justitiarius er tilstade i panelet. Justitiarius vil då alltid være rettsformann (Sunde 2011: 8)

²⁵ Dommaren som har gått lengst utan å vere første-voterande blir som hovudregel tildelt rolla som første-voterande i den aktuelle saka. Unntak frå denne prosedyren blir gjort dersom det er dissens i saka og den som i utgangspunktet var tildelt rolla som første-voterande er i mindretall (Schei 2010: 15).

Vidare blir utkastet, eventuelt dissensen, til resten av dommarane lagt til. Desse kjem deretter med skriftlig tilbakemelding på kva endringar dei vil sjå og første-voterande utarbeider så eit revidert utkast. Det er opp til første-voterande om tilbakemeldingane frå dei øvrige dommarane skal takast omsyn til eller ikkje, men som regel vil dei vere forbetringar og følgjelig bli følgd (Schei 2010: 16). Det reviderte utkastet blir deretter gjennomgått på ein domskonferanse som avsluttast med at dommarane voterer over resultatet.

Gitt den deliberative prosessen som er omtala ovanfor er det grunn til å anta at eigenskapar ved dommarane i det aktuelle panelet som avgjør saka kan forklare variasjon i den enkelte dommar sitt votum. Det er derimot ikkje gitt kva teoretisk rammeverk ein skal nytte seg av for å studere desse eigenskapane. Under blir det vist at datamaterialet som er tilgjengeleg for å studera kollegiale effektar gjer det naudsynt å nytte paneleffektteorien. Dette betyr at den meir dynamiske intern-strategiske modellen blir valt vekk. Den fortener likevel ein kort diskusjon då den belyser avgrensingane ved det tilgjengelige datamaterialet og ved paneleffektteorien.

Den intern-strategiske modellen påstår at dommarar er villige til å bevege seg vekk frå sitt ideologiske idealpunkt, dersom dei anerkjenner at dei ikkje vil få gjennomslag for dette synet, for å påverke retten sin endelege dom (Dyevre 2010: 302). Den intern-strategiske modellen skil seg dermed frå haldningsmodellen ved at den hevdar dommarar sine vota blir påverka av sine dommarkolleagar og ved at den hevdar at dommaren sitt votum i ei sak kan påverke votumet i ei seinare sak som eit resultat av strategisk interaksjon med andre dommarar. Ifølgje den intern-strategiske modellen kan dommaråtferd altså vere eit *non zero sum* spel, der den enkelte dommar kan vinne og tape i same sak, og tape i ei sak for å vinne i framtidige saker. Datamaterialet som er tilgjengeleg for analysar av dommaråtferd i Høgsterett er derimot *zero sum* av natur, då resultata i sakene er koda som dikotomiar slik at den enkelte dommar sitt votum enten vinn eller tapar saka. Vidare er variasjonen knytt til dommarar sine ideologiske haldningar i datamaterialet òg dikotomiar. Følgjelig legg datamaterialet avgrensingar på dommaren sine ideologiske manøvreringsmoglegheiter. Den intern-strategiske modellen lar seg dermed ikkje teste gitt datamaterialet som eksisterer på noverande tidspunkt. Paneleffektteorien, som slektar på den intern-strategiske modellen, tillater derimot empiriske testar gitt det eksisterande datamaterialet då den ikkje er avhengig av non zero sum data for å testast. Dessutan tar den omsyn til den institusjonelle avgjersleprosessen i Høgsterett då den fokuserer på effekten av eigenskapar ved panelet i den aktuelle saka votumet blir gitt i.

2.3.4 Paneleffektar: forskjellige panel, forskjellige votum?

I den amerikanske litteraturen er forskning på effekten av panelkomposisjonen særleg utbredt i høve til den amerikanske Court of Appeals. Saker i Court of Appeals blir avgjort ved fleirtalsvotum i roterande tre-dommar panel og eignar seg derfor til å studere effekten av panelkomposisjonen, også kalla paneleffektar: dommarar sine voteringar er ikkje uavhengig av panelet voteringa blir gitt i. Dette vil kome til uttrykk ved at dommarar endrar åtferd alt ettersom kva panel dei voterer i (sjå Kastle 2011, Meinke et al. 2007, Farhang et al. 2004, Sunstein et al. 2006).

Denne teoretiske forventninga kan vidareførast til Høgsterett ettersom avgjerslekonteksten minner om den ein finn i amerikanske Court of Appeals: saker i Høgsterett blir avgjort ved fleirtalsvotum i roterande fem-dommar panel. Panelkomposisjonen varierer frå sak til sak, følgjelig kan variasjon i dommarar sine vota vere påverka av kva type panel dei voterer i. Dersom den enkelte dommar sitt votum er påverka av panelkomposisjonen vil variasjon i dommarar sine vota forklarast av eigenskapar på saksnivå. Følgjande hypotese blir derfor utleia:

H3: Eigenskapar på saksnivå forklarar variasjon i dommarar sine vota.

Om H3 blir bekrefta, kan ein, ved å skilje mellom ulike ideologiske panelsamansetningar, undersøke kor vidt variasjon på saksnivå er forårsaka av den ideologiske samansetninga av panelet eller uobserverte eigenskapar ved den enkelte sak. I tabell to er dei ulike panelkomposisjonane kategorisert. Gitt den dikotome operasjonaliseringa av ideologi eksisterer det seks forskjellige ideologiske panel.

Tabell 2: Oversikt over ideologiske panel

Panel	Samla ideologi i panelet (prosent)	Den enkelte dommar i panelet sin ideologi				
		sd	sd	sd	sd	sd
Sosialdemokratisk homogent panel	100 % Sosialdemokratisk	sd	sd	sd	sd	sd
Ikkje-sosialdemokratisk homogent panel	100 % ikkje-sosialdemokratisk	i-sd	i-sd	i-sd	i-sd	i-sd
3-2 panel sosialdemokratisk overtal	60 % Sosialdemokratisk	sd	sd	sd	i-sd	i-sd
3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal	60% Ikkje-sosialdemokratisk	i-sd	i-sd	i-sd	sd	sd
4-1 panel med sosialdemokratisk overtal	80% Sosialdemokratisk	sd	sd	sd	sd	i-sd
4-1 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal	80% Ikkje-sosialdemokratisk	i-sd	i-sd	i-sd	i-sd	sd

Ideologisk homogene panel

Ideologisk homogene panel er kjenneteikna av at alle individa i panelet deler dei same ideologiske haldningane: panelet består av fem sosialdemokratiske dommarar eller fem ikkje-sosialdemokratiske dommarar. Ein intuitiv tanke er at den same dommaren vil være meir tilbøyeleg til å votere i den ideologisk forventa retninga i ideologisk homogene panel enn når dommaren voterer i ideologisk heterogene panel. Tross alt, homogene grupper tenderer til å være meir ekstreme enn heterogene grupper²⁶ (Brown i Sunstein et al. 2006: 71).

Forsking frå amerikanske Court of Appeals bekreftar dette: Dommarar som voterer i ideologisk homogene panel voterer oftare i den ideologisk forventa retninga enn dommarar som voterer i ideologisk heterogene panel (Sunstein et al. 2006, Kastle 2011). Blant anna finn Sunstein et al. (2006: 42-43) at differansen mellom kor mange liberale votum konservative dommarar og demokratiske dommarar gir aukar frå elleve prosentpoeng til 28 prosentpoeng når ein samanliknar alle saker med saker der dommarane voterer i ideologisk homogene panel.

²⁶ Sjå Sunstein et al. side 71-72 for eksempel på forskning som viser dette.

Årsakssamanhengar homogene panel

Sunstein et al. (2006: 71-79) føreslår at paneleffekten i ideologisk homogene panel kan vere forårsaka av gruppepolarisering, som eit resultat av tre relaterte mekanismar: overtalande argument, sosial samanlikning og stadfesting.

Den første forklaringa hevdar argumentasjonsbreidda i ideologisk homogene panel er smal og fordelt i ei bestemt retning. Konsekvensen av dette er at dommarar som voterer i ideologisk homogene panel utelukkande blir møtt av argument i ei bestemt retning, som dommaren i utgangspunktet heller mot (Sunstein et al. 2006: 73-74). Den andre forklaringa, sosial samanlikning, byggjer på ideen om at individ som tilhøyrar ei gruppe ønskjer å bli positivt oppfatta av dei andre individa i gruppa. For å møtekomme dette ønskje tilpassar individa i gruppa seg dei andre individa sine meiningar. Denne prosessen resulterer i at gruppa si meining som eit kollektiv blir pressa i ei bestemt retning (Sunstein et al. 2006: 74-75). Den tredje forklaringa vektlegg rolla til stadfestande meiningar. Eit individ si tru på at han har rett aukar dersom andre individ stadfestar deira meiningar og vidare kan dette føre til at meiningane til individet blir meir ekstreme (Sunstein et al. 2006: 75-76).

Likevel, dataa i denne tesen fangar opp votuma til dommarar etter at rådslaginga er ferdig. Då det ikkje eksisterer data om kva dommarar ville stemt før denne prosessen er det umogleg å teste empirisk kven av mekanismane som fører til gruppepolarisering og om det i det heile tatt er gruppepolarisering som er årsaka til den eventuelle effekten.

Hypotesar homogene panel

Med bakgrunn i funn frå amerikanske Court of Appeals og teoriar som føreslår at homogene grupper vil vere meir ekstreme enn heterogene grupper kan ein anta at dommarar som voterer i sosialdemokratisk homogene panel er meir tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar som voterer i ideologisk heterogene panel og ikkje-sosialdemokratisk homogene panel. Samstundes kan ein forvente at dommarar som voterer i ikkje-sosialdemokratisk homogene panel vil være mindre tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar som voterer i ideologisk heterogene panel. Derfor blir følgjande hypotesar utleia:

H4: Å votere i sosialdemokratisk homogene panel har ein positiv effekt på å votere i favør av den offentlege part versus å votere i ideologisk heterogene panel og ikkje-sosialdemokratisk homogene panel.

H5: Å votere i homogene ikkje-sosialdemokratiske panel har ein negativ effekt på å votere i favør av den offentlege part versus å votere i ideologisk heterogene panel.

Ideologisk heterogene panel

Ein kan skilje mellom fire ulike typar ideologiske heterogene panel. Først, to typar panel med 4-1 overtal, enten i favør av sosialdemokratiske dommarar eller i favør av ikkje-sosialdemokratiske dommarar. Deretter, to typar panel med 3-2 overtal, enten i favør av sosialdemokratiske dommarar eller i favør av ikkje-sosialdemokratiske dommarar. Medan den forventa effekten av å votere i ideologisk homogene panel versus ideologisk heterogene panel synes klar, er det meir usikkerheit knytt til kva forskjellar ein kan forvente å observere mellom ulike typar ideologisk heterogene panel. Eit sentralt spørsmål er om det ideologiske fleirtalet overtalar det ideologiske mindretalet eller om nærværet av ulike dommarar dempar ideologieffektane. I høve til førstnemnte finn Sunstein et al. (2006) at demokratiske dommarar voterer liberalt 52 prosent av tida når dei voterer saman med to konservative dommarar, samanlikna med 59 prosent i alle saker, medan konservative dommarar voterer liberalt 58 prosent av tida når dei voterer i panel med to demokratiske dommarar, samanlikna med 48 prosent i alle saker.

Årsakssamanhengar: fleirtalet påverkar mindretalet

Sunstein et al. (2006: 64-65) føreslår, dersom det ideologiske fleirtalet påverkar det ideologiske mindretalet, at effekten kan vere forårsaka av kollegialt samtykke som eit resultat av tre relaterte mekanismar: overtalande argument, dissensvegring og gjensidighetsnorm. òg i heterogene panel, særleg med 4-1 overtal, synes det sannsynleg at det er lite breidde i argumenta eller at argumenta er skeivt fordelt i den eine retninga. Sannsynet for at dommarar i mindretalet lar seg overtale til å stemme i fleirtalet sin ideologisk forventa retning er derfor tilstade. Om ikkje dommaren/dommarane i mindretalet blir overtalt kan dei slutte seg til fleirtalet som eit resultat av konformitet. Eksperiment viser at menneskjer som blir møtt med samrøystes meiningar frå andre sjølv vil seie seg einig i denne meininga (Sunstein et al. 2006: 64-65). Den andre forklaringa, som ikkje treng å ekskludera den første, føreslår at dommarar vegrar seg for å dissentere. Dissensar kan vere tidkrevjande å skrive, samstundes som dei i

mange tilfelle vil vere fåfengte i høve til det endelige utfallet. Sjølv om ein eller to dommarar i mindretalet er av den oppfatning at dei har rett er det dermed ikkje sikkert at dei vil dissentere dersom dei veit at fleirtalet ikkje vil la seg påverke av det (Sunstein et al. 2006: 65). Den tredje forklaringa, som er tett relatert til den andre, føreslår at det kan eksistere ein konsensusnorm i kollegiet. Dissensar kan vere krevjande for kollegiet, særleg med tanke på at dommarar ofte arbeider saman i mange år. I så måte er det ikkje usannsynleg at dommarar unnlèt å dissentere i nokon saker fordi dei forventar at denne tenesta blir gjengjeldt ved ein seinare anledning (Sunstein et al. 2006: 65).

Årsakssamanhengar: heterogene panel dempar effekten av ideologi

I ideologisk heterogene panel, særleg 3-2 panel, kan ein forvente at argumenta er meir spreidd enn i ideologisk heterogene panel. Dette kan for det første føre til auka sannsyn for at dommarar dissenterer. Gitt den høge mengda konsensussaker i Høgsterett synes det derimot meir sannsynleg at dommarar, til tross for ueinigheiter, som regel kjem til einigheit. Dette kan vere forårsaka av nærværet av dommarar med forskjellige ideologiske haldningar. Sunde (2012: 178) argumenterer for at dommarar sitt handlingsrom er avgrensa av kva dommarkollegaane vurderer som legitim åtferd. Ein intuitiv tanke er dommarar i ideologisk heterogene panel blir meir beviste på kva dommarkollegaane oppfattar som legitim åtferd og derfor avstår frå å la sine ideologiske haldningar influera deira vota.

Hypotesar 4-1 panel

Gitt det klare ideologiske overtalet synes det intuitivt at dommarar som voterer i ideologisk heterogene 4-1 panel vil vere meir tilbøyelege til å voterer i det ideologiske overtalet sin forventa retning. Ein kan derfor anta at dommarar som voterer i 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal vil vere meir tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar som voterer i 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal, 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal og 4-1 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal. Samstundes kan ein forvente at dommarar som voterer i 4-1 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal er mindre tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar som voterer i 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal og 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal. Følgjande hypotesar blir derfor utleia:

H6: Å votere i 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal har ein positiv effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel og 4-1 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal.

H7: Å votere i 4-1 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal har ein negativ effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel.

Hypotesar 3-2 panel

I høve til 3-2 panel er det større usikkerheit. Gitt den ideologiske inndelinga synes det sannsynleg at dommarar som voterer i slike panel vil vere tilbøyelig til å votere i det ideologiske fleirtalet sin retning. Like fullt, i 3-2 panel vil den ideologiske samansetninga være meir variert og ein kan anta at den bindande effekten av kva dommarkollegiet vurderer som legitim åtferd er sterkare. Resultatet av dette kan være at ideologi får mindre forklaringskraft på dommarar sine vota i ideologisk heterogene 3-2 panel. Følgjande hypotese blir derfor utleia:

H8: Å votere i 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal har ingen effekt på å votere i favør av den offentlege part versus 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal.

2.4 Kontrollvariablar.

For ein rigorøs test av forholdet mellom dommarar sine ideologiske haldningar og deira votum i Høgsterett er det naudsynt å teste forholdet i ein generell modell for dommaråtferd. Variablar som fangar opp dommarar sine personlige- og juridiske eigenskapar blir derfor nytta som kontrollvariablar på individnivå. Personlige eigenskapar blir rekna som erfaringar forut for Høgsterett, medan juridiske eigenskapar blir rekna som erfaringar knytt til dommarembete. På saksnivå blir det kontrollert for personlige eigenskapar ved samansetninga av panelet og kor vidt justitiarius er tilstade i panelet. I tillegg blir det kontrollert for eigenskapar ved den enkelte sak. Som diskusjonen av ideologi, vil diskusjonen om kontrollvariablar vere strukturert etter kor vidt variablane oppheld seg på individ- eller saksnivå. Fleire av variablane som oppheld seg på individnivå vil riktig nok òg opphelde seg på saksnivå, i aggregert form. Tabell 3 viser ein oversikt over kontrollvariablane som er inkludert i analysen. Saken sin økonomiske relevans blir diskutert i høve til operasjoniseringa av avhengig variabel, medan innføringa av innstillingsrådet blir diskutert i høve til operasjoniseringa av ideologiske haldningar.

Tabell 3: Oversikt over kontrollvariablar

Teori	Variabel
Kontrollvariablar individnivå:	
Personlige eigenskapar	Yrkeserfaring
	Kjønn
	Fødestad
Juridiske eigenskapar	Alder
	Erfaring
	Justitiarius
Kontroll for utnemningsregjering sin validitet	Konstituert dommar
	Innstillingsrådet
Kontrollvariablar saksnivå:	
Personlige eigenskapar	Kjønn overtal
	Yrkeserfaring overtal
	Fødestad overtal
Juridiske eigenskapar ved panelet	Justitiarius i panelet
Eigenskapar ved saka	Saken sin kompleksitet
	Sivil- eller straffesak
Kontroll for avhengig variabel sin validitet	Saken sin økonomiske relevans

2.4.1 Kontrollvariablar individnivå

Arbeidserfaring

Dommarar sin arbeidserfaring kan vere ei relevant forklaring på dommarar sine vota (Eckhoff 1964, Tate 1981, Tate og Handberg 1991, Kjønstad 1997, 1999, Grendstad et al. 2011a, Grendstad et al. 2011b, Grendstad et al. 2012c). Gjennom felles arbeidsoppgåver, erfaringar og sosiale nettverk står arbeidsplassen sentralt i dommarar sin sosialiseringsspross (Grendstad et al. 2012c: 13). Det synes intuitivt at slike prosessar er med på å forme dommarar sine haldningar og at desse haldningane seinare kan kome til uttrykk i deira vota.

I den norske konteksten har dommarar sin arbeidserfaring vært knytt til problemstillinga om Høgsterett er statsvennlig (Kjønstad 1997, 1999, Skåre 1997, 1999, Tellesbø 2006). Det er hevda at utnemnande instans føretrekk kandidatar frå sin eigen juridiske besetning, *offentlig arbeidserfaring*, framføre kandidatar med *privat arbeidserfaring*. Vidare er det hevda at dommarar med arbeidserfaring frå det offentlege er meir tilbøyelege til å votere i favør av staten enn dommarar med arbeidserfaring frå det private og at dette resulterer i ein

statsvennleg Høgsterett (Kjønstad 1997, 1999). Tidligere dommar Jan Skåre (1997) var derimot av den oppfatning at dei juridiske saksfelta i det offentlege var for snevre til at sosialiseringssprossar kunne finne stad. Skåre (1999) presenterte seinare ein deskriptiv analyse av dissensar i sivile saker i perioden 1979-1989 der han ikkje fann nokon samanheng mellom yrkeserfaring og dommarars votering. I sin studie av økonomiske saker fann Grendstad et al. (2011a) ingen signifikant samanheng mellom dommarar sin yrkeserfaring og deira votum. I sin studie av statsvennligskap i tidsperioden 1945-2010 fann derimot Grendstad et al. (2011b) ein signifikant samanheng mellom yrkeserfaring frå lovavdelinga og votering til fordel for staten.

Gitt dei inkonsistente funna i litteraturen, samt variabelen sin kontrollfunksjon, er det føremålstenleg å kontrollere forholdet mellom ideologi og dommar sine vota for alle typar arbeidserfaringar som det eksisterer data på. Dette betyr at det blir kontrollert for arbeidserfaring frå følgjande offentlege arbeidsplassar: lovavdelinga, regjeringsadvokaten, riksadvokaten, tidlige dommar og jusprofessor. I tillegg blir det kontrollert for arbeidserfaring frå det private.

Kjønn

Litteraturen som fokuserer på effekten av kjønn er av den oppfatning at kvinnelige dommarar voterer annleis enn sine mannlige kollegaar (Gilligan 1982, Boyd, Epstein og Martin 2010). Det er særleg to relaterte, men distinkte, teoretiske forventningar til kvifor kvinnelige dommarar skal votere forskjellig i høve til sine mannlige kollegaer. *Forskjellige stemmer-teori* er av den oppfatning at menn og kvinner utviklar distinkte syn på verda og derfor føler seg ulikt bunden til samfunnet. Kvinner bringer eit feminint synspunkt til dommarbenken som omhandlar alle aspekt ved samfunnet. Ein kan dermed forvente at mannlige og kvinnelige dommarar voterer ulikt i alle saker (Gilligan 1982, Boyd et al. 2010: 390). *Representasjonsteori* fokuserer derimot på det politiske aspektet ved feminisme: Kvinnelige dommarar opererer som representantar for deira klasse og søker derfor å utbetre denne klassens rettigheter. Forskjellen mellom menn og kvinner vil derfor berre kome til uttrykk i typiske «kvinned saker», som for eksempel abort, likestilling, diskriminering og seksuell trakassering (Boyd et al. 2010: 390-391)

Gitt at økonomiske saker er kasus er det derimot ikkje mogleg å teste kor vidt det er forskjellige stemmer teori eller representasjonsteori som overvakar ein eventuell effekt mellom

kjønn og votum. I høve til økonomiske saker i Høgsterett argumenterer Grendstad et al. (2011a: 9) for at kvinner er ideologisk orientert mot politikk som fremmer fellesskapet sine interesser framføre private interesser. Derfor kan ein forvente at kvinnelige dommarar er meir tilbøyeleg til å votere i favør av offentlege part. Denne teoretiske forventninga fekk derimot ikkje støtte i dei empiriske data til Grendstad et al. (2011a)

Sentrum-periferi

I Norge har det eksistert ei historisk spenning mellom det politiske sentrum og den politiske periferi (sjå Rokkan 1967, Heidar 2001). Det er blitt hevda av Grendstad et al. (2011a) at denne spenninga kan komme til uttrykk i dommarar sine vota i økonomiske saker i Høgsterett. I følge Grendstad et al. (2011a) vil dommarar som er født i Oslo vere meir tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar frå periferien ettersom deira sosialiseringsspross har skjedd i ein nasjonal elite som sympatiserer med statlege interesser. Grendstad et al. (2011a) fekk i sin studie av økonomiske saker empirisk støtte til denne teoretiske forventninga då det viste seg at dommarar som er født i Oslo er meir tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar født i periferien.

Alder

Alder er i litteraturen forbunden med haldningsendring. Sidan alderen på dommarar kan variere frå 30 til 70 år er dette ein effekt det er verdt å kontrollere for. I kva retning ein kan forvente å sjå ein effekt eller om ein i det heile kan forvente ein effekt er derimot usikkert. Det er gjerne forventa at menneskjer blir meir konservative etter kvart som dei blir eldre (Lewis-Beck et al. 2008 i Grendstad et al. 2011b), men kva konservativ betyr i denne konteksten er usikkert. Grendstad et al. (2011b: 18) føreslår at alderseffekten vil komme til uttrykk ved at eldre dommarar er meir tilbøyeleg til å votere i favør av offentlege interesser ettersom deira konservative haldningsendring resulterer i eit ønskje om å oppretthalde det allereie eksisterande regimet, som i norsk kontekst er velferdsstaten. Medan Østlid (1988) identifiserte ein alderseffekt i den velkjente «Kløftadommen», fann ikkje Grendstad et al. (2011b) støtte for ein alderseffekt i sine empiriske data.

Justitiarius

Justitiarius er leiar av Høgsterett og er rangert som nummer fire etter Konge, Stortingspresident og Statsminister i det offisielle statshierarkiet (Grendstad et al. 2011b: 11).

Justitiarius er ikkje overordna dei andre dommarane i den enkelte sak og har ikkje instruksjonsmyndigheit over dei, men justitiarius opptretr alltid som rettsformann i dei saker han deltar i, uavhengig av ansiennitet. Grendstad et al. (2011b) fann at justitiariar er meir tilbøyelege til å votere i favør av den private part i saker der private er part mot staten i tidsperioden 1945-2009.

Konstituert dommar

Høgsterett kan tilsetje konstituerte dommarar i periodar med store arbeidsmengder eller medan ein venter på at ei stilling skal tilsetjast (Grendstad et al. 2011b: 11). Tilsetjingsprosessen er uklar og den har variert over tid, men i hovudsak blir dei konstituerte dommarane valt av Justitiarius og deretter godkjent av justisdepartementet (Grendstad et al. 2011b: 11). I følgje Eckhoff (1964) kan konstituerte dommarar vere meir tilbøyelege til å votere i favør av offentlege interesser enn sine fast tilsetje kollegaar som eit resultat av at dei føler seg takksame til regjeringa som utnemnde dei. Ein annan, men relatert, årsak til at ein kan forvente at konstituerte dommarar er meir tilbøyeleg til votere i favør av den offentlege part er at stillinga kan fungere som ein prøveperiode for framtidig tilsetjing (Grendstad et al. 2011b: 12). Østlid (1988) fann i sin studie ingen differanse mellom konstituerte dommarar og permanente dommarar sitt stemmemønster i sivile saker i tidsperioden 1930-1979, men i straffesaker fann han at konstituerte dommarar voterte ti prosent oftare til fordel for aktoratet enn permanente dommarar. Grendstad et al. (2011b) fann at konstituerte dommarar er meir tilbøyelege til å votere i favør av den statlige parten enn fast tilsetje dommarar.

Erfaring

I følgje Eivind Smith (1993) kan dommarar sin erfaring, forstått som kor lenge dei har arbeida som dommar, påverke deira stemmemønster. Det synes intuitivt at erfaring som dommar har ein effekt på korleis dommaren voterer, men i kva retning ein kan forvente at ein slik effekt skal virke synes meir usikkert. Grendstad et al. (2011b: 20) føreslår at dommarar sine haldningar vil bli sterkare jo fleire saker dommaren voterer i. Dei fekk derimot ikkje støtte for denne hypotesen i sine empiriske data.

2.4.2 Kontrollvariablar saksnivå

Personlige eigenskapar

Av same grunn som ein kan forvente at dommarar sine vota vil vere påverka av den ideologiske samansetninga av panelet kan ein forvente at dommarar sine vota òg vil vere påverka av andre kjenneteikn ved samansetninga av panelet. Då det ikkje er gjennomført nokon studiar på denne type fenomen i norsk kontekst tidligare vil internasjonal teori og funn på individnivå i norsk kontekst styra val av kva personlige eigenskapar det skal kontrollerast for på saksnivå. Det blir derfor kontrollert for effekten av kjønn, lovavdelinga og sentrum-periferi på saksnivå.

I høve til effekten av kjønn eksisterer det ein betydelig litteratur som hevdar effekten av å vere kvinnelig dommar først kjem til uttrykk dersom ein substansiell del av kollegiet òg er kvinner (Sjå McCall 2008: 269-272). *Kritisk-masse* teori hevdar kvinner lyt stå for 15-25 prosent av kollegiet før effekten trer fram. Ein slik effekt blir det ikkje kontrollert for i denne tesen då einingane på saksnivå er saker. I staden blir det kontrollert for kvinnelig overtal i panelet som voterer i den enkelte saka. Det synes intuitivt at dersom det er ein gruppeeffekt av kjønn så er den tilstade når kvinner utgjør overtalet i panelet. Den same logikken blir nytta i høve til lovavdelinga og sentrum-periferi på saksnivå. Årsaka til at det blir kontrollert for desse variablane er at Grendstad et al. (2011a, 2011b) har funne signifikante effektar av desse variablane på individnivå i tidligare analysar.

Justitiarius i panelet

Justitiariar sine leiareigenskapar er i følge Østlid (1988: 117) avgjørande for å «...[u]nngå at meningsforskjeller under rådslagningen resulterer i unødvendige dissenser.» Samstundes er Justitiarius rettsforman i dei sakene han deltar i. I amerikansk kontekst har studiar avdekka at leiarstilen til justitiariar er avgjørande for dissensfrekvensen i amerikansk høgsterett (sjå Walker, Epstein og Dixon 1988). Det synes derfor plausibelt at Justitiarius sitt nærvær i panelet kan ha ein effekt på dei resterande dommarane si åtfærd.

Saken sin kompleksitet

I litteraturen er saken sin kompleksitet identifisert som ein variabel som har ein effekt på dommarar sin tilbøyelegheit til å dissentere (sjå Benesh og Spaeth 2007, Hettinger, Lindquist og Martinek 2004). Komplekse saker inneheld fleire kjelder til ueinighet enn mindre

komplekse saker og det er derfor forventet at dommarar vil ha større utfordringar med å kome til einigheit (Bartels 2005, Benesh et al. 2007). Følgjeleg er det ikkje nødvendigvis dommarar sine ideologiske haldningar som ligg til grunn for deira ueinigheit, men i staden den legale kompleksiteten i saken som ligg føre dei.

Sakstyper

Datamaterialet inneheld både sivil- og strafferettslege saker. Det eksisterer ikkje nokon teoretisk forventning til korleis dommarar skal votere i dei ulike sakstypene. Likevel er det det naudsynt å kontrollere for effekten ettersom straffe- og sivilsaker innehar forskjellige eigenskapar.

2.5 Oppsummering teori

Økonomiske saker i Høgsterett kor det offentlege er part mot private aktørar avspeglar den tradisjonelle vestre-høgre aksens i politikken. I desse sakene fordelar dommarar ressursar og rettigheter som enten kjem fellesskapet eller individuelle aktørar til gode. Samstundes skal dommarar vere politisk uavhengige i den enkelte sak, blant anna for å forhindre at enkeltindivid blir utsatt for overgrep av det offentlege. Dommarar har derimot tilstrekkeleg spelerom til å la sine ideologiske haldningar influera sine vota i den enkelte sak. Det blir derfor viktig å avdekke kor vidt dommarar er politisk uavhengige eller om regjeringar utnemnar dommarar som deler deira ideologiske haldningar.

Til dette føremålet er det utleia hypotesar knytt til to teoretiske modellar. Begge er av den oppfatning at dommarar sine ideologiske haldningar forklarar variasjon i dommarar sine vota. Men der haldningsmodellen argumenterer for at dommararar sine individuelle ideologiske haldningar forklarar deira vota argumenterer paneleffektteorien for at dommarar òg er påverka av sine kollegaar i det aktuelle panelet sine ideologiske haldningar. Teoriane oppheld seg dermed på to ulike nivå: haldningsmodellen på individnivå og paneleffektteorien på saksnivå. I neste kapittel blir det derfor argumentert for at fleirnivåanalyse er føremålstenleg for å teste hypotesane.

3. Studere dommaråtferd ved hjelp av tal

For å finne ut på kva måtar ideologi har ein effekt på dommarar sine vota i økonomiske saker i Høgsterett blir det nytta eit kvantitativt forskingsdesign. Tesen støtter seg dermed på ein lang tradisjon innanfor studiar av dommaråtferd (Sjå Tate 1983, Segal et al. 1993, 2002, Kastlec 2011, Grendstad et al. 2010, 2011a, 2011b, Parker 2012). Tilgangen til data om dommarar og deira vota har dei siste åra auka substansielt som eit resultat av Grendstad, Shaffer og Waltenburg (2012a) sin datainnsamling. Det er derfor mogleg å følgje Arend Lijphart (1971: 685) si tilråding om å nytte den statistiske metoden framføre alternativa.

Forskningsdesignet som blir tatt i bruk er sårbart for kritikk knytt til kausale mekanismar (sjå Elster 1998). Dei kausale mekanismane mellom X og Y er føreslått²⁷, men er umoglege å teste gitt det eksisterande datamaterialet. Ei kvalitativ tilnærming som gjør det mogeleg å komme tettare på avgjersleprosessen kan derfor synast føremålstenleg. Dei institusjonelle kjenneteikna ved Høgsterett legg derimot avgrensingar på kva type data ein har moglegheit til å samle inn. Mekanismane som er føreslått i høve til den deliberative prosessen forut for voteringane i Høgsterett førekjem i lukka omgivnader. Alternativet blir då innhaldsanalyse av dommar. Denne tilnærminga er derimot ikkje å føretrekkje ettersom dommarar føretrekk å kamouflera sine eigne vurderingar når dei skriv dommen (sjå Eckhoff 2001: 375, Skoghøy 2010). Neste del blir via den spesifikke statistiske metoden som blir nytta i den empiriske analysen: logistisk fleirnivåanalyse.

3.1 Statistiske og teoretiske argument for fleirnivåanalyse

Dei fleste sosiale prosessar involverer samhandling mellom individ og grupper. Individ er påverka av gruppene dei tilhørar og gruppene er påverka av individa som utgjør gruppa (Hox 2010: 1). Å votere i Høgsterett er ikkje eit unntak. Dommarar gir individuelle vota, men dette er gitt i kontekst av ei bestemt sak og i samhandling med fire andre dommarar i ein deliberativ prosess. Avgjersleprosessen er dermed hierarkisk av natur og dette kjem til uttrykk i dataa. Når dataa er av ein hierarkisk natur risikerer ein at føresetnaden om uavhengige observasjonar er broten fordi einingar innanfor dei same gruppene deler dei same eigenskapane (Hox 2010: 4-5, Rabe-Hesketh et al. 2008: 51). Det er naturleg å anta at dommarar sine vota innanfor den same saka korrelerer med kvarandre ettersom dei blir utsatt for det same juridiske spørsmålet,

²⁷ Den kausale årsakssamanhengen mellom utnemningsregjering og dommarar sine ideologiske haldningar blir diskutert i høve til operasjoniseringa av dommarar sine ideologiske haldningar.

det same faktagrunnlaget, dei same partane og den same deliberative prosessen. I motsetning til standard OLS regresjon²⁸ tillater fleirnivåmodellar at einingar innanfor dei same gruppene korrelerer med kvarandre. Fleirnivåmodellar er derfor å føretrekke når ein analyserer hierarkiske data (Fielding og Goldstein 2006, Rabe-Hesketh et al. 2008, Hox 2010).

Det teoretiske rammeverket tilseier at det er naudsynt å undersøke om variasjon i dommarars votum kan forklarast av variablar på både individ- og saksnivå. Fleirnivåanalyse tillater desse variablane å opphelde seg på sitt opphavlege nivå i den same modellen og unngår dermed økologiske feilslutningar (Steenbergen et al. 2002: 219). Følgjelig kan haldningsmodellen på individnivå testast i same modell som paneleffektteorien på saksnivå. Dermed kan effekten av haldningsmodellen og paneleffektteorien samanliknast, samtidig som ein har muligheita til å observere korleis variablane som representerer dei to modellane påverkar kvarandre. Dessutan, faren for å utelata viktige uavhengige variablar, som fører til misvisande resultat, minkar når dei relevante nivåa og dermed relevante variablar blir inkludert i analysen (Fielding et al. 2006).

H3: *Eigenskapar på saksnivå forklarar variasjon i dommarar sine vota*, kan testast i ein såkalla tom modell då den estimerer *intraklasskorrelasjonen* (IKK): Kor stor del av variasjonen i den avhengige variabelen som blir forklart av uobserverte eigenskapar ved gruppestrukturen i dataa (Hox 2010: 15). IKK, som varierer mellom 0 og 1, er først og fremst ein effektiv test på om fleirnivåanalyse er den mest føremålstenlege metoden for å studere dei empiriske dataa. Theall, Scribner, Lynch, Simonsen, Schonlau, Carlin og Cohen (2008: 5) meiner ein IKK på to prosent eller meir indikerer ein gruppeeffekt som er verdt å analysere ved hjelp av fleirnivåmodellar. I høve til den aktuelle problemstillinga er IKK dessutan ein viktig teoretisk test. I fleirnivåanalysen blir den enkelte dommar sitt votum nøsta inn i den aktuelle saka, medan dei ulike ideologiske panela, jamføre tabell 2, blir behandla som faste effektar ved at dei blir inkludert som ei gruppe dikotome variablar i modellen²⁹. All variasjon som tilhøyrar den aktuelle saka og det aktuelle panelet er dermed plassert på det same nivået i analysen. Kor vidt IKK blir redusert når dei ideologiske panela blir inkludert i analysen vil derfor indikere kor vidt det er eigenskapar ved det aktuelle panelet eller den aktuelle saka som

²⁸ Konsekvensen av å analysere hierarkiske data med hjelp av standard OLS regresjonsanalyse er at ein risikerer å få estimert for låge standardfeil, som fører til spuriøse signifikante resultat (Hox 2010: 4-5)

²⁹ Sjå Fielding (2010: 27-28) for døme på den same tilnærminga.

har størst forklaringskraft på dommarar sine vota. Juristar hevdar den enkelte sak sin natur er ein viktigare forklaring på dommarar sine vota enn personlege eigenskapar ved dommarane (sjå Sunde 2012: 182). Dersom det er tilfelle vil ein forvente at ein høg IKK verdi som ikkje endrar seg nemneverdig når ein inkluderer variablar som fangar opp eigenskapar ved det aktuelle panelet.

Ein klassisk kritikk frå kvalitative leirar er at den kvantitative tilnærminga ikkje tar høgde for kausal heterogenitet (Sjå Hall 2003, Goldstone 2003, Mahoney 2003). Fleirnivåanalysar svarar effektivt på denne kritikken. Modellen tillater at den kausale effekten av ein forklaringsvariabel kan variere mellom einingar på gruppenivået (Steenbergen et al. 2002: 219, Hox 2010: 12). Ved å ta i bruk fleirnivåanalyse kan ein dermed teste H2: *Effekten av utnemningsregjering varierer mellom saker.*

3.2 Klargjøringar og utfordringar

Logistisk fleirnivåanalyse

Den avhengige variabelen i analysen er dikotom. Dommarar voterer enten i favør av den offentlege- eller den private part. Føresetnadene om kontinuerlige scorar, normalfordeling og homoskedastisitet er broten og det er naudsynt med ein transformasjon av den avhengige variabelen (Hox 2010: 112). I motsetning til standard logistisk regresjonsanalyse er transformasjonen av den avhengige variabelen i logistiske fleirnivåmodellar ein del av den statistiske modellen³⁰ (Hox 2010: 112). Logistiske fleirnivåmodellar gir forskaren mange av dei same moglegheitene som fleirnivåmodellar med kontinuerlige avhengige variablar. Det er likevel nokon særeigenskapar ved den logistiske fleirnivåmodellen som lyt diskuterast. Først og fremst knytt til tolkinga av resultatata. I modellane som blir nytta i analysen er linkfunksjonen gitt ved logit funksjonen og koeffisientane i modellane blir vist som *log-odds* (Rabe-Hesketh et al. 2008: 233). Koeffisientane i modellane er eit estimat på effekten av ei einings auke i den uavhengige variabelen for log-oddsen at resultatet på den avhengige variabelen er 1, votum i favør av den offentlege part. Medan retninga på effekten til log-oddsen er rett fram å tolke, er størrelsen på effekten gjerne verre. Ein konvensjonell prosedyre for ein intuitiv tolking av log-oddsen er å estimere oddsen, gitt ved å eksponere koeffisienten, for å deretter rekne ut det korresponderte sannsynet for at utfallet på avhengig variabel er lik 1

³⁰ Sjå Hox (2010: 117-118) for dei tekniske spesifikasjonane for denne typar statistiske modellar.

(Sjå Rabe-Hesketh et al. 2008: 235). I denne tesen blir i hovudsak stata-kommandoen *margins*³¹ som baserer seg på faktorvariablar nytta for å estimere predikerte sannsyn for at vota blir gitt i favør av den offentlege part.

Korrelasjon på kryss av saker

Denne tesen følgjer den konvensjonelle prosedyren innanfor dommaråttferd og behandlar kvar enkelt sak som ein unik observasjon (sjå Lax og Rader 2010: 274). Denne tilnærminga neglisjerer derimot moglegheita for at den enkelte dommar sine vota på kryss av saker kan korrelere med kvarandre som eit resultat av at dei er gitt av det same individet. Det synes ikkje usannsynleg at eigenskapar ved den enkelte dommar er avgjørande for korleis dommaren voterer på kryss av saker. Det bør derfor testast for kor vidt den enkelte sak faktisk er ein unik juridisk observasjon. For å teste dette vil den enkelte dommar sitt vota bli nøsta inn i den enkelte dommar i ein tom modell. IKK estimatet vil då gi ein indikasjon på kor vidt vota korrelerer på kryss av saker. Dette blir gjort i modelldiagnosen etter analysen.

Tidsdimensjonen

Ved å behandle kvar enkelt sak som ein unik observasjon utelukker ein bruken av statistiske modellar som analyserer variasjon i tid og rom³². Det kan derimot vere problematisk å neglisjere tidsaspektet (Grendstad et al. 2011b: 29). Særleg ettersom Høgsterett slepp inn forskjellige typar saker med forskjellige eigenskapar frå år til år (Sunde 2012). I den 21 år lange tidsperioden som blir analysert risikerer ein dermed at dommarar i nokon år voterer i politisk sensitive saker, medan dei i andre år ikkje gjer det. Like fullt kontrollerer denne tesen for kausal heterogenitet. Dersom dommarar periodevis voterer i saker kor effekten av deira ideologi er sterkare vil dette bli identifisert i fleirnivåanalysen.

Forklart varians

Forklart varians er eit komplekst konsept i fleirnivåmodellar. I motsetning til standard OLS regresjonsanalyse³³ har ein ikkje eit bestemt mål på forklart varians. Årsaka til dette er at det

³¹ Sjå Williams (2011) for informasjon om marginskammandoen

³² For eksempel panelanalyse eller vekstkurvmodellar, sjå Rabe-Hesketh et al. (2008: kap. 5) for eksempel på denne type statistiske teknikkar.

³³ Der R^2 eller justert R^2 blir nytta.

eksisterer uforklart varians på begge nivåa i analysen og dersom det er tilfeldige hellingsledd i modellen vil ikkje konseptet forklart varians lenger ha ein unik definisjon (Hox 2010: 69-70). Ei løysing er å undersøkje den uforklarte variansen på kvart nivå i analysen. I logistiske fleirnivåmodellar blir derimot ikkje innaforgruppevariansen estimert då den er satt til verdien 3.29. IKK^{34} verdien vil derimot gi ein indikasjon på bidraga til saksnivåvariablane. Dersom den går ned når saksnivåvariablane blir inkludert indikerer det at dei har forklaringskraft på den avhengige variabelen. I tillegg blir *AIC* nytta som mål på forklart varians i dei ulike modellane. *AIC* testen baserer seg på eit mål som indikerer kor godt modellen passar dataa (kalla *deviance* i litteraturen), samt mengda estimerte parameter (Hox 2010: 50-51). Som justert R^2 straffar dermed *AIC* modellar med mange variablar. Bidraga til fleire variablar i fellesskap blir testa ved hjelp av *Wald* testar. *Likelihood-ratio* testar vil bli nytta til å samanlikne modellar der det lar seg gjere.

3.3 Modelloppbygging

Modelloppbygginga følgjer i hovudsak Hox (2010: 56-59) sin nedanfrå og opp strategi³⁵, men med nokon modifikasjonar i høve til oppbygginga av individnivåmodellane. I det følgjande blir det demonstrert korleis modelloppbygginga i kapittel 5 vil ta form. Det blir lagt vekt på kva dei ulike komponentane i modellen forklarar og kva som er føremålet med dei ulike modellane.

Steg 1: Den tomme modellen

Det første steget i modelloppbygginga er å analysere den *tomme modellen* som estimerer sannsynet for at ein dommar voterer i favør av den offentlege part i saka, utan forklaringsvariablar, men kontrollert for forskjellar mellom saker. Dette estimatet kjem til uttrykk ved *konstantleddet* i *fast effekt* delen av modellen. Fast effekt referer til at forskjellar mellom sakene er kontrollert for. Koeffisienten til konstantleddet i den tomme modellen kan derfor tolkast som log-oddsen på sannsynet for at eit votum i ei gjennomsnittleg sak går i favør av den offentlege part. For ei meir intuitiv tolking av konstantleddet kan ein rekne ut det predikerte sannsynet for at ein dommar voterer i favør av den offentlege part i eit

³⁴ Denne tilnærminga erstattar ikkje eit unikt mål på forklart varians og det eksisterer problem med den (sjå Hox 2010: 70-78 og 134-139)

³⁵ Eit femte steg i Hox sin modelloppbygging er å inkludere kryssnivåinteraksjonsledd i modellen. Denne tilnærminga blir ikkje forfulgt i denne tesen.

gjennomsnittleg panel. Dette estimatet kan deretter samanliknast med den faktiske mengda votum som er gitt i favør av den offentlege part. Avviket mellom desse indikerer kor presist modellen klarar å estimere dataa.

I *tilfeldig effekt* delen av modellen får kvar sak ha sitt eige konstantledd. I staden for å kontrollere vekk forskjellane mellom sakene kan ein utforske forskjellen mellom sakene. Først gir modellen eit estimat på mellomsaksvariasjonen i sannsynet for at eit votum går i favør av den offentlege part, uttrykt ved *varians* i tilfeldig effekt delen av modellen. Nullhypotesen om at mellomgruppevariasjonen er lik null blir testa og er uttrykt ved *chibar2*. Mellomgruppevariasjonen blir deretter brukt til å estimere IKK i tilfeldig effekt delen av modellen: kor mye av variasjonen i vota i favør av offentleg part som blir forklart av uobserverte eigenskapar på saksnivå. *IKK* blir gitt ved:

$$\frac{\text{mellomsaksvariasjon}}{(\text{mellomsaksvariasjon} + \text{individnivåvariasjon})} \quad (1)$$

I logistiske fleirnivåanalysar blir ikkje dei uobserverte eigenskapane innanfor gruppene estimert separat. Når logit blir brukt som linkfunksjon er variansen knytt til uobserverte eigenskapar innanfor gruppene satt til 3.29 (Theall et al. 2008: 6). *IKK* blir då gitt ved:

$$\frac{\text{mellomsaksvariasjon}}{(\text{mellomsaksvariasjon} + 3.29)} \quad (2)$$

Hovudmotivasjonen med den tomme modellen er å teste H3: *Eigenskapar på saksnivå forklarar variasjon i dommarar sine vota*. For å finne svaret på dette er det *IKK* og *chibar2* som er relevant. Dersom *IKK* er over nemnte grense og *chibar2* avviser nullhypotesen om at mellomgruppevariasjonen er lik null indikerer det at dei teoretiske og statistiske argumenta for å nytte fleirnivåanalyse har hald i dei empiriske dataa.

Steg 2: Effekten av ideologi på individnivå

I steg to av modelloppbygginga blir individnivåvariablar inkludert i modellen. I staden for å inkludere alle variablane på individnivå i den første modellen slik som Hox (2010), blir effekten av utnemningsregjering på dommaren sitt votum i økonomiske saker først testa i ein bivariat modell for å vurdere bidraget til utnemningsregjeringsvariabelen på eigenhand. Deretter blir forholdet mellom utnemningsregjering og votum i favør av den offentlege part kontrollert for personlige- og juridiske eigenskapar ved dommaren i ein multivariat modell.

Den statistiske modellen som blir nytta, samt dei mange variablane, fører til lang utrekningstid for den statistiske programvaren. Det er derfor ønskelig å halde modellen liten (Hox 2010: 56). Variablar som ikkje bidrar signifikant til modellen blir derfor kasta ut etter kvart.

Hovudmotivasjonen med individnivåmodellane er å teste H1: *Dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er meir tilbøyeleg til å stemme i favør av den offentlege part enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar.*

Steg 3: Effekten av ideologi på saksnivå

I steg 3 av modelloppbygginga blir ideologivariablane på saksnivå introdusert i modellen for å teste deira korresponderande hypotesar. Hypotesane til ideologivariablane på saksnivå blir testa stegvis i to ulike modellar for å unngå store modellar. Først, kontrollert for variablar som fangar opp eigenskapar ved individa i gruppa: justitiarius i panelet, overtal kvinner, overtal lovavdelinga og overtal Oslo. Deretter kontrollert for variablar som fangar opp eigenskapar ved saka: sivil- eller straffesak, saken sin kompleksitet og saken sin økonomiske relevans.

Hovudmotivasjonen bak saksnivåmodellane er testa hypotesane utleia av paneleffektteorien. Interesse er kor vidt effekten av å votere i favør av den offentlege part er forskjellig i kvart enkelt ideologiske panel versus kvart enkelt av dei andre ideologiske panela. Kvert enkelt ideologiske panel har derfor ein nullhypotese knytt til kvart enkelt av dei andre ideologiske panela. For ein fullgod test av hypotesane er det derfor estimert ein modell for kvart enkelt panel, der referansevariabelen er det ideologiske panelet av interesse. Koeffisientane til dei ideologiske panela i den faste delen av modellen kan då tolkast som forskjellen i log-odds for å votere i favør av den offentlege part i gjennomsnittssaka i det aktuelle panelet versus referansevariabelen. Bidraga til dei ideologiske panela vil òg bli testa kollektivt ved hjelp av ein Wald-test.

Steg 4: Varierer effekten av ideologi mellom sakene?

I steg fire av modelloppbygginga blir føresetnaden om at effekten av dommaren sin ideologi er homogen på kryss av saker satt på prøve. Hovudmotivasjonen er å teste H2: *Effekten av utnemningsregjering varierer mellom saker*. Dette blir gjort ved å tillate koeffisienten³⁶ til utnemningsregjeringsvariabelen på individnivå å variere mellom sakene. Det er derfor estimata i den tilfeldige delen som er av interesse. Kor vidt effekten faktisk varierer mellom saker kan observerast ved å sjå på forholdet mellom standardavviket og standardfeilen til utnemningsregjeringsvariabelen i den tilfeldige delen av modellen. Dersom standardavviket er meir enn dobbelt så stort som standardfeilen indikerer det at effekten av utnemningsregjering varierer mellom saker (Sjå Allison 2009: 25). For ein meir formell test blir det nytta ein lr-test som testar kor vidt modellen med den tilfeldige koeffisienten «passar» dataa betre enn modellen utan den tilfeldige koeffisienten (Rabe-Hesketh et al. 2008: 159).

3.4 Modelldiagnose og føresetnader

Ein utfordring i høve til bruken av fleirnivåanalyse for å studere dommaråtferd i Høgsterett er at det berre er fem observasjonar per sak. Dette kan påverke presisjonen til modellen. Ein simuleringsstudie gjort av Theall et al. (2008) viser riktig nok at fleirnivåanalysar med *færre* observasjonar enn fem per gruppe i *mange* av gruppene i analysen kan ha viktige konsekvensar for resultatane i analysen. Det er i høve til standardfeila til dei tilfeldige effektane i analysen det er størst risiko for at resultatane blir påverka av liten gruppestørrelse, medan faste effektar ikkje lar seg påverke i særleg grad. Det er like fullt viktig å være klar over at få observasjonar i innanfor sakene kan påverke presisjonen til modellen. Som nemnt kan ein ved å observere avviket mellom det estimerte sannsynet for at eit votum går i favør av den offentlege part og den faktiske mengda votum som går i favør av den offentlege part få ein indikasjon på kor presis modellen er. For å forfølge presisjonskrafta til modellen vil residuala til saksnivået bli inspisert i modelldiagnosen etter analysen. Modelldiagnosen vil òg innehalde testen av kor vidt dommarar sine vota korrelerer på kryss av saker. Til slutt blir det testa for multikolaritet og normalfordelte variablar.

³⁶ I tesen blir tilfeldig koeffisient brukt i staden for det meir konvensjonelle tilfeldig heilingsledd. Årsaka til dette er at heilingsledd impliserer lineært forhold. Koeffisient er ein meir korrekt terminologi når den aktuelle variabelen er dikotom (Sjå Leckie 2010: 38).

3.5 Data: Doranoh

Dataa som blir nytta i tesen er henta frå databasen Doranoh, databasen om dommaråtfærd i Norge sin Høgsterett, som er utvikla av Gunnar Grendstad, William Shaffer og Eric Waltenburg (2012a). Doranoh er ein relasjondatabase³⁷ som inneheld informasjon om saker, votum, dommarar, regjeringar, samt relasjonen mellom desse, med hovudvekt på tidsperioden 1945-2012³⁸. Det spesifikke datasettet som blir nytta i tesen er ein kombinasjon av informasjon som allereie ligg inne i Doranoh, samt informasjon som er samla inn undervegs i prosessen av underteikna. Underteikna sin del har bestått i å leggje inn konsensussaker i Doranoh i tidsperioden 2000-1991, samt leggje inn informasjon om sakene sin økonomiske relevans og mengda ord i saken i dei 344 sakene i utvalet.

Lovdata

Data om saker og votum i Doranoh byggjer på informasjon frå den juridiske databasen Lovdata (2012). Lovdata er utvikla med tanke på praktiserande juristar og ikkje empirisk forskning på dommaråtfærd. Dette kan ein sjå i blant anna inkonsistent terminologibruk (Sunde 2012). Det er derfor viktig at forskaren som nyttar data henta frå lovdata er klar over at informasjonen kan ha manglar. Like fullt er Lovdata sine manglar først og fremst substansiell i perioden før 1990 og i høve til straffesaker i den nemnte perioden. Datamaterialet som blir nytta i denne tesen er samla inn i frå den perioden kor lovdata er mest konsistent³⁹.

Tidsrommet

Dataa som blir nytta i tesen er avgrensa til tidsrommet 1991 til 2012. Årsaka til dette er at denne perioden innehar data om både dissens- og konsensussaker. Sjølv om det hadde vært ønskelig å analysere ein lenger tidsserie, særleg for å auke mengda observasjonar per paneltype, la tidsrammene for tesen avgrensingar for kor langt tilbake i tid det var mogleg å samla inn data. Det eksisterer data om økonomiske *dissenssaker* der det offentlege er part mot private aktørar tilbake til 1948. Det vart derimot prioritert å løyse utvalsproblemet framføre å analysere ein lengre tidsserie utelukkande beståande av dissenssaker.

³⁷ DORANOH er bygd opp i relasjonsdatabaseverktøyet MICROSOFT ACCESS.

³⁸ For saker som gjeld § 97 og § 105 inneheld DORANOH óg informasjon om saker før andre verdskrig.

³⁹ Observasjonar basert på egne erfaringar frå lovdata.

Mengda einingar i tesen

Når ein analyserer data ved hjelp av fleirnivåanalyse vil ein ha einingar på kvart nivå i analysen. Fleirnivåanalysen som blir i nytta i den empiriske analysen består av to nivå. Dommarar sine vota er nøsta inn i den aktuelle saka. Mengda einingar på individnivå er 1720 og mengda einingar på saksnivå er 344. Både mengda einingar på individnivå og mengda einingar på saksnivå er tilstrekkelige med tanke på bruken av den statistiske modellen som blir nytta (sjå Hox 2010). Variabelen fødestad har seks manglande verdiar, medan variabelen erfaring har 2 manglande verdiar. Dei resterande variablane har ingen manglande verdiar (sjå tabell 7 i deskriptiv statistikk og tabell 18 i appendiks).

3.6 Operasjonalisering

Operasjonelle definisjonar fungerer som bindeledd mellom abstrakte definisjonar og konkrete data (Midtbø 2007: 25). Vurderingar knytt til *validiteten* til dei operasjonelle definisjonane omhandlar kor vidt dei faktisk målar dei fenomen ein ønskjer å måle (Adcock og Collier 2001: 530). I det følgjande blir dei operasjonelle definisjonane presentert, samstundes som vurderingar til deira målevaliditet vil bli diskutert. Avhengig variabel og forklaringsvariablane blir via særleg oppmerksomheit. Tabell 4 viser dei operasjonelle definisjonane til desse⁴⁰, samt til variablar som blir nytta som kontroll på deira målevaliditet.

⁴⁰ Sjå side 51 for ein oversikt over dei operasjonelle definisjonane til kontrollvariablane.

Tabell 4: Operasjonalisering av avhengig variabel og forklaringsvariabler

Teori	Variabel	Operasjonalisering
	Avhengig variabel	
	Votum i økonomiske saker det det offentlige er part mot private aktører	Dikotom variabel: 1=Offentleg vota og 0=Privat vota
	Kontroll for målevaliditeten til avhengig variabel	
	Lav økonomisk relevans	Dikotom variabel: 1=Erstatningssaker og ekspropriasjonssaker med lav øk. relevans og 0=Alle andre saker
	Medium økonomisk relevans	Dikotom variabel: 1= Erstatningssaker og ekspropriasjonssaker med medium øk. relevans og 0=Alle andre saker
	Høg økonomisk relevans	Dikotom variabel: 1=Saker som i hovudsak omhandlar skatterettsspørsmål og 0=Alle andre saker
	Forklaringsvariabel individnivå	
Haldningsmodellen	Utnevningsregjering	Dikotom variabel: 1=Sosialdemokratisk utnevningsregjering og 0= Ikkje- sosialdemokratisk utnevningsregjering
	Kontroll for målevaliditeten til utnevningsregjering	
	Innstillingsrådet	Dikotom variabel: 1=Dommar utnemnd frå og med 2004 og 0=Dommar utnemnd før 2004
	Forklaringsvariabler saksnivå	
Paneleffektteorien	Homogent sosialdemokratisk panel	Dikotom variabel: 1=Panel med fem dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar og 0=Alle andre panel
	4-1 panel med sosialdemokratisk overtal	Dikotom variabel: 1=Panel med fire dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar og 0=Alle andre panel
	3-2 panel med sosialdemokratisk overtal	Dikotom variabel: 1=Panel med tre dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar og 0=Alle andre panel
	3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal	Dikotom variabel: 1=Panel med tre dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar og 0=Alle andre panel
	Panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal	Dikotom variabel: 1=Panel med fire dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar og panel med fem ikkje-sosialdemokratiske regjeringar og 0=Alle andre panel

3.6.1 Avhengig variabel: vota i favør av den offentlege- eller private part

Som i Grendstad et al. (2011a, 2012c) sin studiar er den avhengige variabelen i denne tesen operasjonalisert som den enkelte dommar sitt votum i den enkelte økonomiske sak og kor vidt denne går i favør av den offentlege- eller private part⁴¹. Variabelen er dikotom, der votum som går i favør av den offentlege part får verdien 1 og votum som går i favør av den private part får verdien 0. I motsetning til Grendstad et al. (2011a, 2012c) inneheld den avhengige variabelen i denne tesen konsensus- og dissenssaker. I det følgjande blir den avhengige variabelen diskutert. Først i høve til observasjonseininga, deretter i høve til kva tesen forstår som økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar. Det blir argumentert for at det er naudsynt å inkludere ei gruppe med dikotome variablar for å ta omsyn til at målevaliditeten til den avhengige variabel kan variere frå sak til sak.

Den enkelte dommar sitt votum i den enkelte sak er observasjonseining i tesen. Dette er i tråd med ein rekke studiar av dommaråtferd, både i norsk- (Grendstad et al. 2010, Grendstad et al. 2011a, Grendstad et al. 2011b, Grendstad et al. 2012c), europeisk- (Voeten 2007) og amerikansk- (Segal et al. 1993, Segal et al. 2002) kontekst. Denne operasjonaliseringa har den fordelen at den fangar opp materialiseringa av Høgsterett sin politiske funksjon (Grendstad et al. 2011c: 434), samtidig som den er spesifikk nok til at den tillater at forskjellige dommarar i den same saka kan ha ulike meiningar. Dette er eit viktig poeng om dissenssaker utgjør ein substansiell del av datamaterialet (Farhang et al. 2004: 312). Dessutan er det eit effektivt mål på dommarar si åtferd då det er mogleg å samle inn data på dommarar sine vota i mange saker. Det er viktig å vere klar over at den enkelte dommar sitt votum kun fangar opp utfallet av den juridiske argumentasjonen. Den fangar ikkje opp detaljar som for eksempel størrelsen på summen det offentlege lyt betala til den private aktøren.

Økonomiske saker der offentlege er part mot private aktørar er operasjonalisert som saker som omhandlar *skatterettsspørsmål*, *ekspropriasjonssaker* og *erstatningssaker* der det *offentlege*, representert ved staten, kommunar eller heileigde offentleg bedrifter er part mot

⁴¹ Undervegs i prosessen vart det oppdaga at 32 av votuma i 26 av sakene ikkje var foreinleg med operasjonaliseringa av avhengig variabel. Dei var koda som votum i motsett ideologisk retning enn førstevoterande sitt når dei eigentleg var usemje knytt til førstevoterande sin grunngjenvad. Dette er retta opp i slik at votuma no går i same ideologiske retning som førstevoterande sitt.

private aktører, representert ved private bedrifter, grupper av private personar eller privatpersonar. Sakene er identifisert ved hjelp av søk i lovdata og deretter gjennomgått inngående for å kontrollere kor vidt dei møter utvalskriteria⁴².

Eit sentralt spørsmål knytt til målevaliditeten til den avhengige variabel er kor vidt sakene faktisk omhandlar økonomiske problemstillingar og kor vidt skiljelinja offentlege interesser versus private interesser kjem til uttrykk i saka. Dette vil til ein viss grad varierer frå sak til sak og mellom saksområder. Meir spesifikt er det forventa at den ideologiske dimensjonen kjem klårast til uttrykk i skatterettsspørsmål der den sentrale problemstillinga er kor vidt den offentlege part har rett til å krevje at den private part betaler den summen som er framsett av det offentlege. Erstatningssaker er derimot rekna som mindre relevante då dei i teorien hadde vært identiske om to private partar stod mot kvarandre. Like fullt er enkelte erstatningssaker meir relevante då nærværet av offentlig part er vektlagt i dommarane sin argumentasjon. I ekspropriasjonssaker er den sentrale problemstillinga kor vidt privat eigendomsrett skal få forrang framføre samfunnsomsyn. Ekspropriasjonssaker kan vidare delast inn i to grupper. Saker der problemstillinga er knytt til er om det offentlege vedtaket er gyldig og saker der problemstillinga er knytt til erstatningssummen til den private part. Sakene i den førstnemnte gruppa er vurdert til å være mindre relevante då sakene er mindre økonomiske av karakter. Enkelte saker i den sistnemnte gruppa er derimot meir økonomiske av karakter.

For å ta høgde for at målevaliditeten til den avhengige variabelen kan variere mellom saker blir det kontrollert for den enkelte sak sin økonomiske relevans i analysen. Kvar enkelt sak er koda etter kor sentralt det økonomiske spørsmålet står i saka og kor vidt skiljelinja offentlege interesser versus private interesser kjem til uttrykk i saka. Variabel er dikotom og består av tre gjensidig utelukkande grupper: mindre økonomisk relevans, medium økonomisk relevans og stor økonomisk relevans. Saker med *mindre økonomisk relevans* består i hovudsak av erstatningssaker og ekspropriasjonssaker. Saker med *medium økonomisk relevans* består i hovudsak av erstatningssaker kor offentlege interesser versus private interesser kjem klårare til uttrykk og ekspropriasjonssaker kor det økonomiske kjem klårare til uttrykk. Saker med *stor økonomisk relevans* består i hovudsak av saker som omhandlar skatterettsspørsmål og er vurdert som mest økonomisk relevant. I analysen blir saker som er vurdert som mindre økonomisk relevante nytta som referansevariabel.

⁴² Kodinga i høve til identifiseringa og vurderinga av dei økonomiske sakene er gjort av Gunnar Grendstad sin forskingsassistent Marius Svendsen.

3.6.2 Forklaringsvariablar: dommarar sine ideologiske haldningar.

Det teoretiske rammeverket hevdar at dommarar sitt votum kan forklarast av deira ideologiske haldningar, enten på individnivå (Segal et al. 2002: 86) eller på saksnivå (Kastellec 2011, Sunstein et al. 2006). Spørsmålet blir då korleis ein operasjonaliserer konseptet ideologiske haldningar til målbare indikatorar. Sidan eit direkte mål på dommarar sine ideologiske haldningar ikkje eksisterer, lyt ein nytte eit indirekte mål. Eit indirekte mål som er nytta i den amerikanske-, europeiske- og norske konteksten, er å bruke utnemnande instans som stadfortredar på dommarar sin ideologi (Sunstein et al. 2006: 8, Boyd et al. 2010, Grendstad et al. 2010, Grendstad et al. 2011a, Grendstad et al. 2011b, Magalhães 2003, Voeten 2007). Denne operasjonaliseringa har den fordel at den er svært reliabel og den er tilgjengelig for alle dommarane i det aktuelle tidsrommet.. Vidare er det denne operasjonaliseringa Grendstad et al. (2010, 2011a, 2011b, 2012c) har nytta i sine studiar av dommaråtferd i norsk kontekst. For den vidare debatten kring dommaråtferd i Høgsterett er det viktig at den same operasjonaliseringa blir testa ved hjelp av tyngre metodar og i eit datamaterialet beståande av konsensus-, så vel som dissenssaker. Dommarar sine ideologiske haldningar på individnivå blir derfor operasjonalisert etter kva regjering som utnemnte den aktuelle dommaren. Denne operasjonaliseringa dannar òg grunnlag for ideologi på saksnivå. Operasjonaliseringa av ideologi på saksnivå blir diskutert utdjupande i ein eigen del.

Det blir i tråd med Grendstad et al. (2010, 2011a, 2011b, 2012c) skilja mellom sosialdemokratiske- og ikkje-sosialdemokratiske regjeringar. Sosialdemokratiske regjeringar blir forstått som arbeidarpårtiregjeringar og koalisjonsregjeringar kor arbeidarpårtiet er det største partiet. Ikkje-sosialdemokratiske regjeringar blir forstått som alle regjeringar som arbeidarpårtiet ikkje er ein del av. Dommarar som er utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar får verdien 1 og dommarar som er utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar får verdien 0.

Utfordringar knytt til målevaliditeten til ideologivariabelen

Operasjonaliseringa av ideologiske haldningar som utnemnande instans er utvikla i ein amerikansk konteksten kjenneteikna av ein eksplisitt politisk utnemningsprosess i eit topartisystem. I Norge har ein derimot eit fleirpartisystem og utnemninga er tilsynelatande politisk uavhengig. Det er derfor grunn til å vurdera kor vidt operasjonaliseringa er eigna i norsk kontekst. Eller, i Sartori (1970) sitt språk, ein lyt vurdera om ein risikerer konseptuell

strekking ved å nytta utnemnande instans som stadfortredar på dommarar sine ideologiske haldningar.

Den første vurdering som lyt takast omsyn til er kor vidt den dikotome inndelinga fangar opp nyansane i det norske fleirpartisystemet. Det er to grunnar til at ein kan hevde at det er ei fornuftig inndeling. For det første, arbeidarpartiet har vært i alle regjeringar som er danna til venstre for sentrum i det norske partisystemet, enten aleine eller som det største partiet i koalisjonsregjering, i den aktuelle perioden som blir analysert. Den sosialdemokratiske ideologien kan derfor seiast å vere den som har dominert desse regjeringane. For det andre, alle andre regjeringar har bestått av parti i sentrum, eller til høgre for sentrum, som regel i koalisjonsregjeringar⁴³(Regjeringen 2012). Ideologien til desse regjeringane kan seiast å liggje til høgre for den sosialdemokratiske ideologien til arbeidarpartiregjeringane. Mot dette kan innvendast at den ikkje-sosialdemokratiske kategoriseringen av partia i sentrum eller til høgre til sentrum ikkje fangar opp deira ideologi. For eksempel kan ein stille spørsmålsteikn ved om Bondevik sine sentrumsregjeringar står for den same ideologien som Willoch sin regjering på 80-talet. Ein kan derimot hevde at desse regjeringane representerer ein ideologi som ligg til høgre for arbeidarpartiregjeringane sine. Den dikotome inndelinga kan sjåast som ein styrke ved operasjoniseringa då den i staden for å fange opp partipreferanser, kan forståast som om den fangar opp ein meir generelle ideologiske haldningar. Dette vektlegg òg Grendstad et al. (2011c: 438) då dei hevdar operasjoniseringa ikkje lyt forståast som om dommarane er «partipolitiske marionetter».

For det andre, operasjoniseringa føreset at regjeringar har kontroll over, eller har muligheit til å influere, utnemningsprosessen. Før 2002 hadde justisdepartementet kontroll over utnemningsprosedyrane av nye dommarar til Høgsterett. Tidligare statsminister Kåre Willoch (2002) har uttalt at regjeringar i fleire tilfelle har nytta dette til sin fordel ved å utnemne ideologisk likesinna dommarar. Vidare hevdar Willoch (2002: 124) at den velkjente *kløftdommen*, kor fleirtalet i panelet erklærte ei lov for grunnlovsstridig og etablerte at det måtte vere full kompensasjon for ekspropriasjon av eigedom, var ein direkte konsekvens av strategiske utnemningar av Borthen regjeringa. I 2002 vart det uavhengige Innstillingsrådet for dommarar oppretta. Blant anna for å gjere dommarar og rettssystemet uavhengig frå eit justisdepartement som i stadig større grad vart politisert (Smith 2003). Etter innføringa av

⁴³ Bortsett frå dei 2 første åra i Kåre Willoch si regjering, då Høgre styrte aleine.

innstillingsrådet er det i praksis vanskelig å argumentere for at regjeringa har kontroll over, eller har mulighet til å influere, utnemningsprosessen. Noko dommar Skoghøy (2010) har påpeika i ein kritikk av Grendstad et al. Det lyt poengterast at Grendstad et. al (2011a) har kontrollert opprettinga av innstillingsrådet i sin analyse utan at dette påverka resultatata. Likevel, det er ikkje unaturleg at Schei (2011) etterspør ein årsakssamanheng mellom utnemningsregjering og dommarar sine voteringar. Dette er eit viktig poeng. Adcock og Collier (2001) tilrår at alle forskarar behandlar forholdet mellom det systematiserte konseptet og det operasjonaliserte konseptet som ein falsifiserbar hypotese. I så måte bør ein kunne demonstrere at det eksisterer plausibel kausal samanheng mellom utnemningsregjering og dommarar sine vota.

Grendstad et al. (2011c: 440) viser til Vaubel (2009: 203-222) og meiner å kunne identifisere to årsakshypotesar som ikkje er gjensidig utelukkande. *Felles preferanse* hypotesen hevdar at politikarar i regjeringa, sentrale embetsmenn i Justisdepartementet, eller justitiarius og dommarar har kjennskap til juristar som delar deira ideologiske affinitet og oppmuntrar desse til å søkje dommarstillinga. Dette kan vidare ha ein avskrekkingseffekt på andre kandidatar som vurderar å søkje. *Sjølv-seleksjons* hypotesen hevdar at juristar vel å søkje dommarembete i Høgsterett når dei ser ein ideologisk affinitet med den sitjande regjeringa. Avviste søknader kan ha ein negativ effekt på omdøme til søkaren. Å søke på riktig tidspunkt kan derfor vere viktig for kandidaten sin vidare karriere.

Å teste hypotesane empirisk er derimot særst utfordrande. Informasjon av denne typen er i følge Grendstad et al. (2011c: 440) «...[s]parsomme, anekdotiske, og godt spredt i det politiske og juridiske miljøet». I mangel på eit direkte mål på dommarar sin ideologi står utnemnande instans fram som ein reliabel og ikkje minst viktig operasjonalisering. Ein må, i tolkinga av resultatata, likevel vere klar over at det ikkje er påvist nokon årsakssamanheng mellom utnemningsregjering og dommarar sine ideologiske haldningar. For å ta omsyn til innføringa av Innstillingsrådet blir det inkludert ein kontrollvariabel for dommarar som er utnemnd etter anbefaling frå innstillingsrådet. Den første utnemninga etter anbefaling frå Innstillingsrådet var den første utnemninga i 2004 (Grendstad et al. 2011c: 441). Dommarar som er utnemnd i frå og med 2004 får derfor verdien 1, medan dommarar som er utnemnd før 2004 får verdien 0.

Ideologi saksnivå

Ideologi på panelnivå er operasjonalisert som ei gruppe dikotome variablar på grunnlag av dommarane sine utnemningsregjeringar (Sjå tabell 2 for oversikt). Den dikotome tilnærminga⁴⁴ blir nytta fordi paneleffektteorien byggjer på ideen om eit ikkje-lineær forhold av effekt av å votere i forskjellige panel. Då deskriptiv dataa viser at kun fem voteringar er gitt i ikkje-sosialdemokratiske homogene panel og kun 30 er gitt i 4-1 panel med ikkje-sosialdemokratiske overtal er desse slått saman til panel med overtal av ikkje-sosialdemokratiske dommarar. Det eksisterer derfor fem ulike ideologiske kategoriar: homogent sosialdemokratisk panel, 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal, 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal, 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal og panel med overtal av ikkje-sosialdemokratiske dommarar. Det panelet som avgjør den enkelte saka får verdien 1 og alle andre ideologiske panel får verdien 0.

Samanslåinga av ikkje-sosialdemokratisk homogene panel og 4-1 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal får konsekvensar for moglegheita til å teste hypotesane utleia i teorikapitlet. H5: *Å votere i homogene ikkje-sosialdemokratiske panel har ein negativ effekt på å votere i favør av den offentlege part versus å votere i ideologisk heterogene panel* lar seg ikkje teste. I staden blir hypotesen til 4-1 panel med ikkje sosialdemokratisk overtal utvida slik at den òg gjeld for homogene ikkje-sosialdemokratiske panel. Den nye hypotesen er H7: *Å votere i panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal har ein negativ effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel*. Det får dessutan konsekvensar for hypotesane til dei andre ideologiske panela⁴⁵. Deira hypotesar blir justert slik at forventna forskjellar mellom dei og 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal og homogene ikkje-sosialdemokratiske panel i staden gjeld panel med ikkje-sosialdemokratiske overtal. Tabell 5 viser dei justerte hypotesane. Desse justeringane er i tråd med King et al. (1994: 22) sine tilrådingar i høve til justering av teorien etter ein har observert dataa, då den fører til at teorien dekker eit breiare fenomen og blir utsett for fleire moglegheiter for å avkreftast.

⁴⁴ Sjå Farhang et al. (2004) for ein liknande argumentasjon i studiar av dommaråtferd og (Acock 2010) for ein liknande argumentasjon på generelt grunnlag

⁴⁵ Bortsett frå hypotesa knytt til heterogene 3-2 panel.

Tabell 5: Justering av paneleffekthypotesar

Paneleffektar		
Homogent sosialdemokratisk panel		H4: Å votere i sosialdemokratisk homogene panel har ein positiv effekt på å votere i favør av den offentlege part versus å votere i ideologisk heterogene panel og panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal.
4-1 panel med sosialdemokratisk overtal		H6: Å votere i 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal har ein positiv effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel.
Panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal		H7: Å votere i panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal har ein negativ effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel og 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal.

Målevaliditeten til utnemningsregjeringsvariablane på saksnivå er naturlegvis utsett for dei same utfordringane som utnemningsregjeringsvariablane på individnivå. Dessutan, ein lyt vurderer kor vidt operasjonaliseringa fangar opp dei faktiske ideologiske grupperingane i Høgsterett. Kor vidt ei dikotom operasjonalisering evnar å fange opp slike grupperingar er usikkert. I så måte kunne Grendstad et al. (2012b) sitt kontinuerlege mål på dommarar sine ideologiske haldningar basert på ei ekspertundersøking vært eit betre alternativ. Denne variabelen inneheld derimot berre informasjon om eit fåtal av dommarane som voterer i utvalet i denne tesen og kan følgjelig ikkje nyttast.

3.6.3 Kontrollvariablar.

I det følgjande blir operasjonaliseringa av kontrollvariablar diskutert. Tabell 6 viser ein oversikt operasjonaliseringa av kontrollvariablane.

Tabell 6: Operasjonalisering av forklaringsvariablar

Teori	Variabel	Operasjonalisering
Kontrollvariablar individnivå		
Personlige eigenskapar	Arbeidserfaring: Lovavdelinga, riksadvokat, regjeringsadvokat, jusprofessor, tidligare dommar og privat praksis	Dikotome variablar: 1=Yrke og 0 =Andre yrke
	Kjønn	Dikotom variabel: 1= Kvinne og 0=Mann
	Fødestad	Dikotom variabel: 1= Født i Oslo og 0=Født andre plassar i landet
	Alder	Metrisk variabel: År ved votering
Juridiske eigenskapar	Erfaring	Metrisk variabel: År erfaring ved votering
	Justitiarius	Dikotom variabel: 1=Justitiarius og 0=Andre dommarar
	Konstituert dommar	Dikotom variabel: 1=Konstituert dommar og 0=Andre dommarar
Kontrollvariablar saksnivå		
Personlige eigenskapar	Kjønn overtal	Dikotom variabel: 1=Panel med 3, 4 eller 5 kvinnelige dommarar og 0=Alle andre panel
	Lovavdeling overtal	Dikotom variabel: 1=Panel med 3, 4 eller 5 dommarar med arbeidserfaring frå lovavdelinga og 0=Alle andre panel
	Fødestad overtal	Dikotom variabel: 1=Panel med 3, 4 eller 5 dommarar født i Oslo og 0=Alle andre panel
Juridiske eigenskapar	Justitiarius i panelet	Dikotom variabel: 1=Justitiarius i panelet og 0=Alle andre panel
Eigenskapar ved saka	Kompleksitet	Metrisk variabel: Mengda ord i saken
	Sivil eller straffesak	Dikotom variabel: 1=Straffesak og 0=Sivilsak

Personlige eigenskapar

Arbeidserfaring er operasjonalisert som dikotome variablar, i tråd med Grendstad et al. (2011b, 2012c). Dommarar som har *arbeidserfaring frå lovavdelinga, riksadvokatembete, regjeringsadvokatembete, jusprofessor, tidligare dommar og/eller privat praksis* får verdien 1 dersom dei har den aktuelle arbeidserfaringa og 0 dersom dei ikkje har det. Det er viktig å vere klar over at desse kategoriane ikkje er gjensidig utelukkande. Dommarar kan ha arbeidserfaring frå fleire av kategoriane og vil i så tilfelle ha verdien 1 på fleire av kategoriane. *Lovavdelinga på saksnivå* er operasjonalisert i høve til om dommarar med arbeidserfaring frå lovavdelinga er i overtal i det aktuelle panelet. Panel med tre, fire, og fem dommar med arbeidserfaring frå lovavdelinga får derfor verdien 1, medan alle andre panel får verdien 0.

Kjønn er operasjonalisert som ein dikotom variabel. Sidan det er kvinnelige dommarar som er av teoretisk interesse får desse verdien 1, medan mannlige dommarar får verdien 0. *Kjønn på saksnivå* er operasjonalisert i høve til om kvinnelige dommar er i overtal i det aktuelle panelet. Panel med tre, fire og fem kvinnelige dommarar får derfor verdien 1, medan panel med mannlig overtal får verdien 0.

Sentrum-periferi er operasjonalisert som ein dikotom variabel etter kor vidt dommaren er født i Oslo eller andre plassar i landet, i tråd med Grendstad et al. (2011a, 2011b, 2012c). Dommarar som er født i Oslo får derfor verdien 1, medan dommarar som er født andre plassar i landet får verdien 0. *Sentrum-periferi på saksnivå* er operasjonalisert i høve til om dommarar født i Oslo er i overtal i det aktuelle panelet. Panel med tre, fire og fem dommarar født i Oslo får derfor verdien 1, medan alle panel med overtal av dommarar født andre plassar ein Oslo får verdien 0.

Alder er ein kontinuerlig variabel som operasjonalisert som alderen til dommaren det året votumet blir gitt. Då det ikkje eksisterer noko nullpunkt i dataa er variabelen sentrert etter det totale gjennomsnittet i tråd med Hox (2010: 59-62) sine tilrådingar. *Erfaring* er operasjonalisert som år erfaring dommaren har som dommar det året votumet blir gitt, i tråd med Grenstad et al. (2011b).

Juridiske eigenskapar

Justitiarius er operasjonalisert som ein dikotom variabel, i tråd med Grendstad et al. (Grendstad et al. 2011b). Den dommararen som på det aktuelle tidspunktet er justitiarius får verdien 1, medan dei andre dommarane får verdien 0. *Justitiarius i panelet* er operasjonalisert som ein dikotom variabel. Panel der justitiarius deltar, og dermed er rettsformann, får verdien 1, medan panel der Justitiarius ikkje er tilstades får verdien 0. *Konstituert dommar* er ein dikotom variabel, i tråd med Grendstad et al. (2011b, 2012c). Dei dommarane som i den aktuelle saken er konstituert dommar får verdien 1, medan dei permanente dommarane får verdien 0.

Eigenskapar ved saka

Saken sin kompleksitet er operasjonalisert som mengda ord i saken. Variabelen er delt på 1000 for ei meir intuitiv tolking av resultata. I tråd med Hox (2010: 59-63) sine tilrådingar er variabelen sentrert etter sitt totale gjennomsnitt då verdien null ikkje eksisterer i dataa. Dersom det er dissens i den aktuelle saken er 2.voterande og eventuelt andre dissenterande sine grunngevnader trekt frå den totale mengda ord i saken. Dette er gjort for å unngå at dissenssaker konsekvent får høgare mengd ord som eit resultat av at fleire dommarar formulerer votum med grunngevnad. Operasjonaliseringa byggjer på den intuitive ideen om at dommarar vil skrive meir utdjupande grunngevnader når saken er vanskelig å avgjøre. Eit validitetsproblem i høve til operasjonaliseringa er at mengda ord i saken kan vere påverka av den enkelte dommar sin skrivestil. Enkelte dommarar skriv lenger og meir utførleg enn andre (Schei 2011). Variabelen er ikkje nytta tidligare litteraturen, men er utvikla av Grendstad et al. (2012a).

Sivil- eller straffesak er operasjonalisert etter kor vidt lovdata kategoriserer saken som sivilrettsleg eller strafferettsleg. Variabelen er dikotom, der saker som er strafferettslege får verdien 1, medan saker som er sivilrettslege får verdien 0. Det lyt takast atterhald om at variabelen er basert på Lovdata si klassifisering av sakene og derfor kan innehalde feil.

4. Empiriske analyser av ideologiske effektar.

Det er argumentert for at dommarar sitt hovudmål i den enkelte sak er å få gjennomslag for sine ideologiske haldningar. Vidare er det hevda at dei institusjonelle kjenneteikna ved Høgsterett, samt rettskjelda reelle omsyn, gir dommarar tilstrekkeleg spelerom til å forfølga dette målet. Det neste kapitelet testar kor vidt desse påstandane har hald i dei empiriske dataa.

Den empiriske analysen følgjer den stegvise oppbygginga som vart demonstrert i metodekapitelet. I steg 1 blir det kjørt ein tom modell for å teste kor vidt dei teoretiske og statistiske argumenta for fleirnivåanalyse har hald i dei empiriske dataa. I steg to blir individnivåvariablar inkludert i modellen for å test kor vidt ideologi på individnivå har ein effekt på dommarar sine vota. I steg tre blir saksnivåvariablar inkludert for å teste kor vidt dommarar voterer forskjellig i ulike ideologiske panel. Til slutt, i steg 4, blir ein tilfeldig koeffisient for dommarar sin ideologi på individnivå inkludert i modellen for å teste kor vidt effekten av ideologi varierer mellom saker. Kapitelet avsluttast med ein modelldiagnose, samt ein oppsummering og diskusjon av resultatata. Først blir eigenskapar ved votuma i utvalet undersøkt ved hjelp av deskriptiv statistikk.

For å bekrefte hypotesar blir signifikansnivået satt til fem prosent. Variablar som er signifikante på ti prosentnivå vil òg diskuterast og vil bli tatt med vidare i den stegvise modelloppbygginga.

4.1 Deskriptiv statistikk

Tabell 4 viser mengda einingar, gjennomsnittet, standardavviket, minimum- og maksimumsverdien til avhengig variabel og forklaringsvariablane⁴⁶. I tillegg er mengda votum gitt i konsensussaker, straffesaker og variablane som fangar opp saken sin økonomiske relevans inkludert for å gi innsikt i kjenneteikn ved den avhengige variabelen. Alle variablane i tabell 4 er dikotome. Deira gjennomsnittsverdi kan derfor tolkast som prosentvis einingar som har fått verdien ein (Midtbø 2007: 44).

⁴⁶ For ein oversikt over einingar, gjennomsnittet, standardavviket, minimum- og maksimumsverdien til kontrollvariablane i analysen sjå tabell 19 i appendiks.

Tabell 7: Deskriptiv statistikk - avhengig variabel og forklaringsvariablar

	N	Gjennomsnitt	Standardavvik	Min	max
Avhengig variabel:					
Offentleg votum	1720	0.56	0.50	0	1
Konsensus	1720	0.74	0.44	0	1
Lavøkrelevans	1720	0.23	0.42	0	1
Mediumøkrelevans	1720	0.26	0.44	0	1
Høgøkrelevans	1720	0.51	0.50	0	1
Straffesak	1720	0.03	0.17	0	1
Individnivå:					
Utnmngsregj. (Sos.dem)	1720	0.64	0.48	0	1
Saksnivå:					
Sos.dem homogen	1720	0.06	0.23	0	1
4-1Sosdem	1720	0.31	0.46	0	1
3-2Sosdem	1720	0.42	0.49	0	1
3-2Isosdem	1720	0.18	0.39	0	1
Fleirtalhomolisosdem	1720	0.02	0.14	0	1

Avhengig variabel

Tabell 4 viser at 56 prosent av votuma i dei økonomiske sakene er gitt i favør av den offentlige part, medan 44 prosent er gitt i favør av private interesserer. Samanlikna med tidligare studiar⁴⁷ av votum i økonomiske saker der det offentlege er part mot private partar inneheld utvalet ein noko høgare vinnarrate i favør av den offentlege part. Vidare ser ein at 74 prosent av votuma er gitt i konsensussaker. 26 prosent av sakene i utvalet er altså dissenssaker. Samanlikna med den totale mengda dissenssaker i tidsperioden 1965, 11.3 prosent, er det betydelig høgare ueinighet i sakene i utvalet. Riktig nok viser gjennomsnittet til straffesak at berre tre prosent av votuma i utvalet straffesaker. Dissensfrekvensen i sivile saker i tidsperioden 1965 til 2010 på 21.2 prosent er derfor ei meir passende samanlikning. Uansett viser dataa at dommarar forholdsvis ofte er ueinige om fordelinga av ressursar og rettigheter i økonomiske saker i tidsperioden 1991-2011. I høve til variablane som fangar opp saken sin økonomiske relevans ser ein at 23 prosent av votuma er gitt saker kor denne er vurdert som låg, 26 prosent av votuma er gitt i saker kor denne er vurdert som medium og 51 prosent av votuma er gitt i saker kor denne er vurdert som høg. Over halvparten av votuma er altså gitt i saker som i hovudsak omhandlar skatterettsspørsmål, medan dei resterande votuma er gitt i ekspropriasjon- og erstatningssaker med meir eller mindre økonomisk relevans.

⁴⁷ Sjø Grendstad et al. (Grendstad et al. 2011a) der det offentlege vinn 47 prosent av sakene i utvalet og Grendstad et al. (Grendstad et al. 2012c) der det offentlege vinn ca. 50 prosent av sakene i utvalet.

Forklaringsvariablar

Individnivådelen av tabell 4 viser at 64 prosent av votuma gitt av dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar, medan 36 prosent av votuma er gitt av dommarar utnemnd av ikkje sosialdemokratiske regjeringar. Som i Grendstad et al. (2011a, 2012c) er størsteparten av votuma i utvalet gitt av sosialdemokratiske regjeringar. Noko som er naturleg gitt dominansen av arbeidarpårtiregjeringar, enten aleine eller i koalisjon, forut for og under den aktuelle tidsperioden som blir analysert i utvalet. I saksnivådelen av tabell 4 ser ein fordelinga av votum gitt i dei ulike ideologiske paneltypane: Seks prosent av votuma er gitt i homogene sosialdemokratiske panel, 32 prosent av votuma er gitt i 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal, 43 prosent av votuma er gitt i 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal, 18 prosent av votuma er gitt i 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal og 2 prosent av votuma er gitt i panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal. Denne fordelinga viser at votum gitt i panel der dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar utgjør overtalet i panelet utgjør eit overtal i utvalet. Likevel, størsteparten av sakene som blir analysert her er heterogene panel, noko som betyr at dei fleste votuma er gitt i panel der både dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar og dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar er tilstade. Det er viktig å ta med seg at det er få vota gitt i homogene sosialdemokratiske panel, men særleg i panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal.

4.2 Den tomme modellen.

Det er argumentert for at den institusjonelle strukturen som vota i Høgsterett blir gitt i gjør det føremålstenleg med eit teoretisk rammeverk som tar høgde for at forklaringar kan opphelde seg på individnivå og saksnivå. Vidare er det argumentert for at desse teoretiske forventingane bør, basert på statistiske føresetnader, og best kan testast ved hjelp av fleirnivåanalyser. Den tomme modellen, sjå tabell 5, viser om desse argumenta har hold i dei empiriske data då den (1) fortel om nullhypotesen om at mellomvariasjonen i dataa er lik null (Chibar²) kan forkastast eller ikkje og (2) estimerer IKK, som indikerer kor mye av variasjonen i den avhengige variabelen som blir forklart av uobserverte eigenskapar på saksnivå.

Tabell 8: Tom modell - votum nøsta inn i sak

Fast effekt	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd	.933**	.384
Tilfeldig effekt		
Varians	36.439	7.324
IKK	0.917	
Forklart varians	AIC	
	1345.516	
N (Individnivå):	1720	
N (Saksnivå):	344	
Likelihood-Ratio test of rho=0 Chibar2= 1019.42 Prob >= chibar2 = 0.000		
* $p < 0.10$, ** $p < 0.05$, *** $p < 0.01$		

Modellen forkastar nullhypotesen om at mellomgruppevariasjonen er lik null på standard signifikansnivå, då chibar2 er signifikant på under 0.1 prosentnivå. Dette er eit sterkt bevis på at mellomgruppevariasjonen ikkje er null og følgjelig er fleirnivåanalyse å føretrekke framføre ein standard regresjonsanalyse. Vidare viser IKK estimatet at uobserverte eigenskapar ved saksstrukturen i dataa forklarar 91.7 prosent av variasjonen i den avhengige variabel, votum i favør av den offentlege part. Ein annan måte å tolke IKK er som eit mål på einigheit (Acock 2010: 237-239). IKK estimatet på 91.7 prosent viser at dommarar innanfor den same saken stort sett alltid voterer likt og at variasjonen i datamaterialet nesten utelukkande er mellom dei ulike sakene. Eigenskapar ved den aktuelle saken fører til at dommarar svært ofte er einige. Dette styrkar H2: *Eigenskapar på saksnivå forklarar variasjon i dommarar sine vota*. Den høge IKK verdien indikerer at sakene i utvalet er svært heterogene og indikerer at eigenskapar ved den enkelte sak er ei viktig forklaring på dommarar sine vota.

Den faste delen av modellen gir koeffisienten til konstantleddet, samt standardfeilen til konstantleddet. Log-oddsen for å votere i favør av den offentlege part i ei gjennomsnittleg sak blir estimert til å vere 0.933. For ei meir intuitiv tolking av estimatet til konstantleddet kan ein rekne ut det predikerte sannsynet for at ein dommar voterer i favør av den offentlege part i eit gjennomsnittleg panel. Dette blir gjort ved å estimere oddsen, gitt ved det eksponerte konstantleddet, for å deretter rekne ut det korresponderte sannsynet for at ein dommar i ei

gjennomsnittleg sak voterer i favør av den offentlege part i saken⁴⁸. I dataa er dette estimatet 0.725. Det er altså 72.5 prosent sannsyn for at ein dommar i eit gjennomsnittleg sak voterer i favør av den offentlege part. Dette estimatet overvurderer sannsynet for at eit votum går i favør av den offentlege part, då den faktiske mengda votum i favør av den offentlige part i utvalet er 56 prosent. Det er altså eit avvik på 16,5 prosentpoeng mellom det estimerte sannsynet og den faktiske verdien i utvalet. Noko som indikerer at modellen ikkje evnar å gi presise estimat. Få observasjonar per sak kan vere ei årsak til dette. Ein annan årsak, i lys av IKK estimatet, kan være at sakene i utvalet er så heterogene at ein generell modell ikkje evnar å gi presise estimat. I den vidare delen av analysen er det viktig å være klar over at modellen overestimerer sannsynet for å votere i favør av den offentlege part.

4.3 Effekten av ideologi på individnivå.

Som nemnt i metodekapitlet vil forholdet mellom dommarar sin ideologi, representert ved deira utnemningsregjering, og deira vota i økonomiske saker kor det offentlege er part mot private aktørar bli testa i to steg. Først i ein bivariat modell for å observere korleis forholdet operer utan kontrollvariablar. Deretter i ein multivariat modell der det blir kontrollert for personlige- og juridiske eigenskapar ved dommaren. Variablar som ikkje bidrar signifikant til modellen blir kasta ut etter kvart. Til dette føremålet blir det nytta Wald testar.

⁴⁸ Den estimerte oddsen, gitt ved det eksponerte konstantleddet, er 2.64. Vidare er det korresponderte sannsynet for at eit votum går i favør av den offentleg part $2.64/(1+2.64)=0.725$

4.3.1 Bivariat modell – effekten av ideologi på dommarar sine vota

Modell 2 i tabell 9 viser resultatata frå ein logistisk fleirnivåanalyse der effekten av dommarar sin ideologi på deira vota er estimert i ein bivariat modell.

Tabell 9: Bivariat modell - effekten av ideologi på dommarar sine vota

Modell 2		
Fast effekt	Koeffisient	Std.feil
Indivnivå:		
Utmngsregj. (Sos.dem)	.580***	.216
Konstantledd	.572	.410
Tilfeldig effekt		
Varians	37.228	7.504
IKK	.919	
Forklart varians	AIC	BIC
	1340.18	1356.531
<i>N</i> (Individnivå):	1720	
<i>N</i> (Panelnivå):	344	
<i>N</i> (Obs pr. panel):	5	

* $p < 0.10$, ** $p < 0.05$, *** < 0.01

Den faste delen i Modell 1 i tabell 6 viser forholdet mellom utnemningsregjering og den enkelte dommar sitt votum i økonomiske saker i tidsperioden 1991 til 2012. Koeffisienten til *utnemningsregjering* uttrykker effekten av å være utnemnd av sosialdemokratisk regjering⁴⁹ på log-oddsen at avhengig variabel har verdien 1, votumet går i favør av den offentlege part, kontrollert for forskjellane mellom sakane. Koeffisienten til utnemningsregjering har eit positivt forteikn og er signifikant på under ein prosent-nivå. Dette indikerer, som føreslått av haldningsmodellen, at dommarar som er utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er meir tilbøyelege til å stemme i favør av den offentlege part i saken enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar. For ein meir intuitiv tolking av resultatata blir det predikerte sannsynet estimert. Tabell 7 viser det predikerte sannsynet for å votere i favør av den offentlige part gitt utnemningsregjering, differansen mellom dei to, i tillegg til deira korresponderande standarfeil.

⁴⁹ Versus å være utnemnd av ikkje-sosialdemokratisk regjering.

Tabell 10: Predikert sannsyn for å votere i favør av den offentlege part gitt utnemningsregjering

Utnemningsregjering	Predikert sannsyn	
	Margin	Std.feil
Sosdem	.760***	.073
Ikkje-sosdem	.639***	.094
Differanse	.120**	.049

* $p < 0.10$, ** $p < 0.05$, *** $p < 0.01$

Med atterhald om at estimata overvurderer sannsynet for at eit vota går i favør av den offentlege part: Det predikerte sannsynet for at dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar skal votere i favør av den offentlege er 76 prosent, medan det for dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar er ca. 64 prosent. Dommarar som er utnemnt av sosialdemokratiske regjeringar er tolv prosentpoeng meir tilbøyeleg til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar.

Resultata frå den bivariante modellen og den predikerte differansen i sannsynet for å votere i favør av den offentlege part gir ein foreløpig støtte til H1: *Dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er meir tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar.* Før denne hypotesen blir testa i ein multivariat modell blir bidraget til den bivariante modellen vurdert.

Bidraget til modellen

I den tilfeldige delen av modellen er det verdt å merke seg at verken variansen eller IKK endrar seg markant frå den tomme modellen til modell 1 i tabell 6. Dette indikerer at distribusjonen av sosialdemokratiske dommarar er lik på tvers av panela. Dette samsvarar med den deskriptive statistikken i del 5.1 som viste at sosialdemokratiske dommarar utgjør fleirtal i panela i eit fleirtal av sakene som blir analysert. AIC verdien er noko redusert samanlikna med den tomme modellen. Dette viser at utnemningsregjering har forklaringskraft

på dommarar sine vota i økonomiske saker. Ein Lr-test bekreftar òg at modellen med utnemningsregjeringsvariabelen har betre forklaringskraft enn den tomme modellen⁵⁰.

4.3.2 Multivariat modell – effekten av ideologi på dommarar sine vota

Modell 2 i tabell 8 viser resultatata frå ein logistisk fleirnivåanalyse der effekten av dommarar sin utnemningsregjering på deira votum i økonomiske saker blir kontrollert for dommarane sine personlige- og juridiske eigenskapar.

Tabell 11: Multivariat modell - effekten av ideologi på dommarar sine vota

Modell 3		
Fast effekt	Koeffisient	Std.feil
Indivnivå:		
Utnmngsregj. (Sos.dem)	.448	.283
Lovavdelinga	.690**	.317
Regjeringsadvokat	.211	.345
Riksadvokat	-.506	.597
Jusprofessor	-.634	.477
Tidligdommar	.256	.312
PrivPraksis	-.566	.370
Fødestad (Oslo)	.027	.281
Kjønn (kvinne)	-.373	.341
Alder (sentrert)	.043	.029
Erfaring	-.061**	.0296
Justitiarius	-1.780**	.801
Konstituert	.155	.691
Innstillingsrådet	-.444	.500
Konstantledd	1.319	.684
Tilfeldig effekt		
Varians	42.831	8.803
IKK	.929	
Forklart varians	AIC	BIC
	1323.598	1410.725
<i>N</i> (Individnivå):	1712	
<i>N</i> (Panelnivå):	344	
<i>N</i> (Obs pr. panel):	5 (4)	

* $p < 0.10$, ** $p < 0.05$, *** $p < 0.01$

⁵⁰ Likelihood-ratio test: LR $\chi^2(1) = 7.34$ Prob > $\chi^2 = 0.0068$

Koeffisienten til utnemningsregjering visar at den statistisk signifikante effekten ikkje overlever i den multivariate konteksten. Den statistisk signifikante log-oddsen på .580 i den bivariante modellen er redusert til ein ikkje statistisk signifikant log-odds på .449 i den multivariate modellen. Kontrollert for yrkeserfaring, fødestad, kjønn, alder ved votum, erfaring, justitiarius, konstituert dommar og innstillingsrådet er utnemningsregjering ikkje ein signifikant forklaring på kvifor dommarar voterer i favør av den offentlege part.

Kva kan vere årsaka til at den signifikante effekten av utnemningsregjering forsvinn? Gitt resultata i modell 3 peiker *lovavdelinga* seg ut som den hovudskuldige. Det er teoretisk grunn, jamføre del 2.7.1, til å forvente at dommarar med arbeidserfaring frå lovavdelinga er tilbøyelige til å votere i favør av den offentlege part. I tillegg er det ikkje like truleg at *justitiarius*, som inneheld votum frå tre dommarar, eller *erfaring* skal felle effekten av utnemningsregjering. Gitt desse faktorane er det naturleg å anta at arbeidserfaring frå lovavdelinga er det som feller den statistisk signifikante effekten av utnemningsregjering. For å vidare utforske denne mistanken og for å gi ein meir intuitiv presentasjon av resultata i modell 3 i tabell 8 er det predikerte sannsynet for at eit vota går i favør av den offentlege part gitt arbeidserfaring frå lovavdelinga og ulike kombinasjonar av utnemningsregjering estimert⁵¹.

Tabell 12: Predikert sannsyn for å votere i favør av den offentlege part gitt utnemningsregjering og lovavdelinga

		Predikert sannsyn	
Utnemningsregjering	Arbeidserfaring	Margin	Std.feil
Sosdem	Lovavdeling	.874***	.066
Ikkje-sosdem	Lovavdeling	.815***	.093

* $p < 0.10$, ** $p < 0.05$, *** $p < 0.01$

Med atterhald om at modellen overestimerer sannsynet for at votuma går i favør av den offentlege part: Tabell 9 viser at det predikerte sannsynet for at dommarar som har arbeidserfaring frå lovavdelinga, uavhengig av utnemningsregjering, skal votere i favør av

⁵¹ Dei resterande variablane er haldt konstant med følgjande verdiar: PRIV=0 riks=0 regjerings=0 lawprof=0 earl=0 osloborn=0 sex=0 chief=0 interim=0 innstilling=0 alder(sentrert)=gjennomsnitt erfaring=gjennomsnittsverdi

den offentlege part er over 80 prosent. Samanlikna med estimata i modell 7 indikerer estimata i tabell 9 at lovavdelinga er ein sterkare forklaring på vota i favør av den offentlege part enn utnemningsregjering. Vidare er den opphavlege differansen mellom dommarar utnemnt av ulike regjeringar (jamføre tabell 7) halvert når dommarane har arbeidserfaring frå lovavdelinga. Dette indikerer at differansen i sannsyn for å votere i favør av den offentlege part mellom dommarar med ulike utnemningsregjeringar er redusert når dei har arbeidserfaring frå lovavdelinga.

Resultata i modell 3 indikerer at den bakanforliggende variabelen lovavdelinga tar knekken på den signifikante effekten av utnemningsregjering. Dessutan indikerer det predikerte sannsynet i tabell 9 at arbeidserfaring frå lovavdelinga er ein sterkare forklaring på kvifor dommarar voterer i favør av den offentlege part enn utnemningsregjering (jamføre tabell 7). Desse funna indikerer at den statistisk signifikante effekten av utnemningsregjering er eit resultat av at mange av dommarane med arbeidserfaring frå lovavdelinga er utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar. Haldningar som fører til at dommarar blir predisponert til å votere i favør av den offentlege parten blir tilsynelatande skapt på arbeidsplassen. Denne påstanden er riktig nok moderert av at ingen av dei andre arbeidserfaringsvariablane har statistisk signifikante effektar. Heller ikkje dei andre variablane som fangar opp personlege eigenskapar ved dommaren, *kjønn, alder og født i Oslo*, har statistisk signifikante effektar. Den juridiske eigenskapen *erfaring* har ein negativ log-odds på sannsynet for å votere i favør av den offentlege part. Desto meir erfaring for dommarar desto mindre sannsyn for å voterer i favør av den offentlege part. Justitiarius har òg ein statistisk signifikant negativ log-odds på sannsynet for å votere i favør av den offentlege part. Justitiariar er mindre tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part enn andre dommarar. Konstituert dommar og innstillingsrådet har ikkje statistisk signifikante effektar på å votere i favør av den offentlege part.

Bidraget til modellen

Når kontrollvariablane på individnivå blir inkludert går IKK opp med ein prosent i modell 3, samanlikna med modell 2. At den uobserverte variasjonen på saksnivå går opp i modell 3, samanlikna med modell 3, indikerer at dei personlege- og juridiske eigenskapane ved dommarane er ulikt distribuert i dei ulike sakene. AIC verdien er redusert i høve til den tomme modellen og modell 2. Med atterhald i at desse modellane ikkje er identiske med modell 3 kva angår mengda observasjonar indikerer dette at kontrollvariablane på individnivå

bidrar til modellen sin forklaringskraft. Kontrollvariablane som ikkje bidrar signifikant individuelt har blitt testa kollektivt, blokkvis etter kva teoretiske familie dei tilhøyrar. Ein Wald testar⁵² viser at dei usignifikante variablane som fangar opp personlege eigenskapar ved dommarane ikkje bidrar kollektivt til modellen sin forklaringskraft og dei blir derfor kasta ut av modellen. Variablane konstituert dommar og innstillingsrådet blir òg kasta ut av modellen då dei ikkje bidrar individuelt eller kollektivt⁵³. Før analysen går vidare vil dei viktigaste funna frå individnivåmodellane bli diskutert.

4.3.3 Oppsummering: ideologi på individnivå

Den bivariante modellen viste at dommarar som er utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er meir tilbøyelege til å stemme i favør av den offentlege part i økonomiske saker enn dommarar som er utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske dommarar. Førstnemnte er tolv prosentpoeng meir tilbøyelig enn sistnemnte til å votere i favør av den offentlege part i saka. Den statistisk signifikante effekten forsvinn når forholdet blir kontrollert for *personlege- og juridiske eigenskapar* ved dommaren. Resultata i modell 3 tyder på at det er den bakanforleggjande variabelen arbeidserfaring frå lovavdelinga som tar knekken på den signifikante effekten til utnemningsregjering. I følgje modell 3 lyt nullhypotesen til H1: *Dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er meir tilbøyeleg til å stemme i favør av den offentlege part enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar* behaldast. Resultata indikerer at ideologi på individnivå ikkje har ein effekt på dommarar sine vota i økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar. I den siste modellen i analysen blir denne påstanden undersøkt grundigare ved å tillate effekten av utnemningsregjering å variere mellom sakene. I neste steg blir forholdet mellom ideologi på saksnivå og dommarar sine vota i økonomiske saker testa.

4.4 Effekten av ideologi på saksnivå.

Den tomme modellen demonstrerte at 91.7 prosent av variasjonen i dommarar sine vota i økonomiske saker kan forklarast av uobserverte eigenskapar ved gruppestrukturen til dataa. I denne delen av analysen blir dei dikotome ideologivariablane på saksnivå inkludert i modellen for å teste om dei er ein del av dei uobserverte eigenskapane på saksnivå. Som ein del av den stegvise oppbygginga av modellen er det estimert ein modell der effekten av

⁵² Wald test personlege eigenskapar: $\chi^2(8) = 11.22$ Prob > $\chi^2 = 0.1894$

⁵³ Wald test konstituert dommar og innstillingsrådet: $\chi^2(2) = 0.79$ Prob > $\chi^2 = 0.6735$

ideologi på saksnivå blir kontrollert for lovavdeling, erfaring og Justitiarius på individnivå og overtal kvinner, overtal lovavdelinga og overtal Oslo på saksnivå. Resultata frå denne modellen ser ein i modell 8 tabell 20 i appendiks. Resultata viser at individnivåvariabelen *erfaring* ikkje er statistisk signifikant på under 10 prosent nivå og den blir derfor kasta ut av modellen. Ein wald-test viser at saksnivåvariablane *overtallovavdelinga*, *justitiariusipanel* og *overtaloslo* ikkje bidrar kollektivt til modellen sin forklaringskraft⁵⁴. Dei blir derfor kasta ut av modellen. Det er verdt å merke seg at IKK estimatet er redusert til 92.1 i modell 8.

Modell 4, 5, 6, 7 i tabell 10⁵⁵ estimerer effekten av ideologi på individ- og saksnivå. På individnivå blir det kontrollert for *lovavdeling* og *Justitiarius*. På saksnivå blir det kontrollert for *overtal kvinner*, *straffesak*, *kompleksitet*, *mediumøkrelevans* og *storøkrelevans*. Dei to siste variablane er inkludert for å kontrollere for at målevaliditeten til den avhengige variabelen kan variere mellom saker. Nokon korte kommentarar til modellane i tabell 10 er naudsynt. Kvart ideologiske panel, bortsett frå panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal, har sin «eigen» modell der det respektive ideologiske panelet blir nytta som referansevariabel. Effektane av panel med ikkje sosialdemokratisk overtal versus dei andre ideologiske panela kan observerast på den nemnte variabelen sin horisontale rad. Koeffisientane til kontrollvariablane, tilfeldige effektar, AIC og N er kun oppgitt i modell 5, då dei vil vere identiske i dei resterande modellane.

⁵⁴ Wald test overtal lovavdelinga, justitiariusipanel, osloovertal: $\chi^2(3) = 1.94$ Prob > $\chi^2 = 0.5852$

⁵⁵ Modell 4, 5, 6, 7 og 8 er estimert ved xtlogit med 30 quadpoint. Årsaka til dette er at xtmelogit berre klarte å kjøre modellane med 5 inpoints, noko som svekker presisjonen til modellen. Forskjellen mellom saksnivåmodellane og dei tidligare modellane er at standardavviket til variansen (σ_u) er oppgitt i staden for variansen.

Tabell 13: Effekten av ideologi på saksnivå på dommarar sine vota

	Modell 4		Modell 5		Modell 6		Modell 7	
Fast effekt	Koeff.	Std.feil	Koeff.	Std.feil	Koeff.	Std.feil	Koeff.	Std.feil
Indivnivå:								
Utnmngsregj. (Sos.dem)	.298	.229						
Lovavdeling	1.006***	.232						
Justitiarius	-1.004	.612						
Saksnivå:								
Homogent sos.dem			3.405**	1.666	4.080**	1.640	3.184*	1.773
4-1 sosdem	-3.405**	1.666			.675	.890	-.221	1.101
3-2 sosdem	-4.080**	1.640	-.675	.889			-.896	1.038
3-2 i-sosdem	-3.184*	1.772	.221	1.101	.896	1.039		
Overtal i-sosdem	-6.418**	3.085	-3.012	2.719	-2.337	2.703	-3.234	2.772
Overtal kvinner	-4.058***	1.228						
Straffesak	-3.320	2.144						
Kompleksitet (sentrert)	.214	.214						
Mediumøkrelevans	4.026***	1.093						
Storøkrelevans	2.085**	.987						
Konstantledd	2.320	1.700						
Tilfeldig effekt								
Sigma_U	6.035	.602						
IKK	.917	.015						
Forklart varians								
	AIC							
	1308.067							
<i>N</i> (Individnivå):	1720							
<i>N</i> (Panelnivå):	344							
<i>N</i> (Obs pr. panel):	5							

* $p < 0.10$, ** $p < 0.05$, *** $p < 0.01$

Før effekten av ideologiske panel blir vurdert følgjer ein kort kommentar om utnemningsregjering på individnivå. Konsistent med funnet i modell 3 er ikkje utnemningsregjering på individnivå ein statistisk signifikant forklaring på kvifor dommarar voterer i favør av den offentlege part. Den substansielle signifikansen av utnemningsregjeringsvariabelen er derimot redusert samanlikna med modell 3. Dette styrkar oppfatninga om utnemningsregjering på individnivå ikkje er ein god forklaring på dommarar sine vota når effekten blir testa under eit rammeverk som meir presist fangar opp kompleksitetane i den verkelege verda.

Sosialdemokratisk homogene panel

Den utheva parten av tabell 10 viser effekten av dei ideologiske panela versus kvarandre. Det er eit mønster som peikar seg ut: *Homogene sosialdemokratiske panel* har positiv effekt, som forventa teoretisk, på å votere i favør av den offentlege part versus alle dei andre ideologiske panela. Den positive effekten av homogene sosialdemokratiske panel er statistisk signifikant på fem prosentnivå versus 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal, 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal og panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal, medan den er statistisk signifikant på 10 prosentnivå versus 3-2 panel med ikkje sosialdemokratisk overtal. Størrelsen på dei negative koeffisientane til 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal, 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal og 3-2 panel med ikkje sosialdemokratisk overtal i modell 4 indikerer at den positive effekten av å votere i homogene sosialdemokratiske panel versus dei nemnte ideologiske panela er relativt like⁵⁶. I modell 4 ser ein òg at differansen på å votere i favør av offentleg part er klart størst mellom homogene sosialdemokratiske panel og panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal. Dette indikerer at forskjellen på å votere i ulike panel i økonomiske saker vil komme klarast til uttrykk i dei «ekstreme» panela. Like fullt indikerer den store standardfeilen til panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal i modell 4 at koeffisienten ikkje er presist estimert. Dette er ikkje overraskande ettersom svært få vota er gitt i dette panelet. Det samla inntrykket av modell 4, med atterhald i at effekten versus 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal er signifikant på 10 prosent nivå og panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal har stor standardfeil, gir støtte til H3: *Å votere i sosialdemokratisk homogene panel har ein positiv effekt på å votere i favør av den offentlege part versus å votere i ideologisk heterogene panel og ikkje-sosialdemokratisk homogene panel.*

4-1 panel med sosialdemokratisk overtal

Som forventa teoretisk har *4-1 panel med sosialdemokratisk overtal* ein positiv log-odds på å votere i favør av offentleg part versus 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal. Forskjellen mellom panela er derimot ikkje statistisk signifikant. Motsett av den teoretiske forventinga har 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal ein negativ log-odds på å votere i favør av den offentlege part versus 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal. Forskjellen er derimot svært liten og ikkje statistisk signifikant. Desse funna svekker H6: *Å votere i 4-1 panel med*

⁵⁶ Det kan derfor vere statistiske argument for å slå dei saman til ei gruppe (Sjå Fielding 2010: 29) Gitt det analytiske formålet blir ikkje dette vurdert.

sosialdemokratisk overtal har ein positiv effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel.

Panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal

Som forventa teoretisk har panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal negativ log-odds på å votere i favør av den offentlege part versus dei resterande ideologisk heterogene panela. Forskjellane er derimot ikkje statistisk signifikante. Dette svekker H7: *Å votere i panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal har ein negativ effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel og 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal.* Det må derimot vurderast om det er nok observasjonar på panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal til at dette er ein tilfredstillande test av H7. Dei forholdsvis store standardfeila til panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal i alle modellane indikerer òg at ein ikkje kan lita på estimata.

Heterogene 3-2 panel

3-2 panel med sosialdemokratisk overtal har ein negativ log-odds på å votere i favør av den offentlege part versus 3-2 panel med ikkje sosialdemokratisk overtal. Tilsynelatande er det større sannsyn for å votere i favør av den offentlege part i 3-2 panel med ikkje sosialdemokratisk overtal enn i 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal. Som forventa teoretisk er derimot ikkje forskjellen statistisk signifikant. Dette styrkar H8: *Å votere i 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal har ingen effekt på å votere i favør av den offentlege part versus 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal.*

4.4.1 Predikert sannsyn for å votere i favør av den offentlege part i ulike ideologiske panel

For ein meir intuitiv tolking av dei ideologiske paneleffektane er det predikerte sannsynet for å votere i favør av den offentlege part gitt ulike ideologiske panel esitimert. Tabell 11 viser sannsynet for å votere i favør av offentleg part i alle dei ideologiske panela, medan dei andre variablane i modellen blir haldt konstant⁵⁷. Det predikerte sannsynet til homogene

⁵⁷ Verdiar på dei andre variablane: Sos.dem.regjering=1 Lovavdeling=0 Justitiarius=0 Overtal kvinner=0 Kompleksitet (sentrert)=gjennomsnitt Straffesak=0 Mediumøkrelevans=0 Storøkrelevans=1

sosialdemokratiske panel er estimert basert på modell 6, medan det predikerte sannsynet til dei resterande panela er estimert på basert på modell 4⁵⁸.

Tabell 14: Predikert sannsyn for å votere i favør av den offentlege part gitt utnemningsregjering

Paneleffektar	Marginal effekt	
	Margins	Std.feil
Sosialdemokratisk homogene panel	.985***	.023
4-1 panel med sosialdemokratisk overtal	.762***	.139
3-2 panel med sosialdemokratisk overtal	.633***	.161
3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal	.799***	.149
Panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal	.166	.344

* $p < 0.10$, ** $p < 0.05$, *** $p < 0.01$

Med atterhald om at modellen overestimerer sannsynet for å votere i favør av den offentlege part: Det predikerte sannsynet for å votere i favør av den offentlege part er større enn sannsynet for å votere i favør av den private part i homogent sosialdemokratisk panel, 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal, 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal og 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal. I panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal er sannsynet for å votere i favør av den private part tilsynelatande svært stort. Det predikerte sannsynet er riktig nok ikkje statistisk signifikant og standardfeilen indikerer at ein ikkje kan stole på estimatet. Vidare kommentarar knytt til dette ideologiske panelet blir derfor ikkje gitt.

Det predikerte sannsynet for å votere i favør av den offentlege part er svært høgt i sosialdemokratisk homogene panel. Samtidig er differansen mellom det predikerte sannsynet til homogene sosialdemokratiske panel og dei resterande ideologiske panela substansiell: Sannsynet for at dommarar i homogene sosialdemokratiske panel skal votere i favør av den offentlege part er ca. 22 prosentpoeng større enn for dommarar i 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal, 35.2 prosentpoeng større enn for dommarar i 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal og 18.6 prosentpoeng større enn for dommarar i 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal.

⁵⁸ I motsetning til modell 6 og modell 4 er riktignok marginsestimata basert på modellar som er estimert av *xmelogit* med 5 inpoints, då det er naudsynt å nytte *xmelogit* for å estimere margins. *Xtmelogit*-modellane med 5 inpoints estimerer noko andre resultat enn *xtlogit* med 30 quadpoints, men dei generelle tendesane er dei same.

Forskjellane i predikert sannsyn for å votere i favør av den offentlege part i dei resterande ideologiske panela må tolkast med eit vist atterhald ettersom forskjellane mellom dei ikkje er statistisk signifikante i tabell 10. Det er nok å nemne her at dei er konsistente mellom forskjellane i log-odds på å votere i favør av den offentlege part i tabell 10.

Bidraget til modellen

Ein wald-test⁵⁹ basert på estimata frå modell 4⁶⁰ viser at ideologivariablane på saksnivå ikkje bidrar signifikant til modellen sin forklaringskraft. P-verdien indikerer riktig nok at bidraget ikkje er langt frå å vere statistisk signifikant på ti prosentnivå. IKK estimatet er redusert til 91.7 i modell 4. Samanlikna med modell 8 reduserer variablane som fangar opp eigenskapar ved den enkelte sak IKK estimatet mindre enn variablane som fangar opp eigenskapar ved panelsamansetninga. Generelt demonstrerer IKK verdien i modell 4 at variablane i modellen ikkje bidrar til å senke den observerte variasjonen på saksnivå i særleg grad, ettersom .917 er det same estimatet som i den tomme modellen. AIC verdien på 1308.067 i modell 4 indikerer riktig nok at modellen med saksnivåvariablar har større forklaringskraft på dommarar sine vota i økonomiske saker enn den tomme modellen, individnivåmodellen og modell 8 i tabell 20 i appendiks.

Før analysen går vidare for å teste om effekten av ideologi varierer mellom sakene, blir kontrollvariablane i fast effekt delen av modell 4 sine effektar på dommarar sine vota i økonomiske saker diskutert. *Lovavdelinga* har ein positiv log-odds på å votere i favør av den offentlege part og effekten er statistisk signifikant på ti prosentnivå. Dette er konsistent med resultatata i modell 3. Dommarar med arbeidserfaring frå *lovavdelinga* er meir tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar med anna yrkeserfaring. Konsistent med modell 3 har *justitiarius* ein negativ log-odds på å votere i favør av den offentlege part. I motsetning til i modell 3 er derimot ikkje effekten statistisk signifikant. På saksnivå har *kvinneligovortal* ein relativt stor negativ log-odds på å votere i favør av den offentlege part. Effekten er statistisk signifikant på 1 prosent nivå. Dommarar som voterer i panel der kvinner er i overtal er meir tilbøyelege til å votere i favør av den private part enn dommarar som voterer i panel der mannlige dommarar er i overtal. Dette funnet bryt med den teoretiske forventninga. Av variablane som fangar opp eigenskapar ved saka har dikotomien som

⁵⁹ Wald test ideologiske panel: $\chi^2(4) = 7.49$ Prob > $\chi^2 = 0.1122$

⁶⁰ Ein wald test av bidraget til ideologivariablane i modell 5, modell 6 og modell 7 vil gi det same resultatet.

kontrollerer for straffesaker ein negativ log-odds på å votere i favør av den offentlege part, men effekten er ikkje statistisk signifikant. Det same gjeld variabelen som fangar opp saken sin kompleksitet.

Begge variablane som måler saken sin økonomiske relevans har positive log-odds på å votere i favør av den offentlege part versus referansevariabelen, lav økonomisk relevans. Effektane er òg statistisk signifikante. Desse resultatane indikerer at sannsynet for å votere i favør av den offentlege part er avhengig av kor sentral den økonomiske problemstillinga står i saken og kor tydelig den offentlege versus private skiljelinja kjem fram i denne problemstillinga. Den største forskjellen finn ein mellom saker med låg økonomisk relevans og saker med medium økonomisk relevans. Men òg i saker med stor økonomisk relevans er sannsynet for å votere i favør av den offentlege part større enn i saker med låg økonomisk relevans. Det er verdt å merke seg at effekten av ideologisk homogene panel er statistisk signifikant både i modell 8, utan økonomisk relevans variablane, og i modell 6, den korresponderande modellen med økonomisk relevans variablane.

4.5 Varierer effekten av ideologi på individnivå mellom saker?

Modellane i analysen har så langt antatt at effekten av ideologi på individnivå er fast på kryss av saker. Desse modellane har vist at effekten av utnemningsregjering i «gjennomsnittssaka» ikkje er ein statistisk signifikant forklaring på dommarar sine vota i økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar i tidsperioden 1991-2011. Like fullt indikerer den svært høge IKK verdien i alle modellane at nesten all variasjon i vota i favør av den offentlege part er forårsaka av variasjon mellom dei ulike sakene i utvalet. Noko som indikerer at sakene er svært heterogene. Den faste effekten av utnemningsregjering er derfor ikkje nødvendigvis representativ for alle sakene. Modell 8⁶¹ tillater koeffisienten til utnemningsregjering å variere mellom saker for å teste H2: *effekten av utnemningsregjering varierer mellom saker*. Det den tilfeldige delen av modellen som er av interesse.

⁶¹ Modell 8 er estimert ved hjelp av *xtnlogit* med 5 inptonints.

Tabell 15: Tilfeldig koeffisient - ideologi på individnivå

Modell 8		
Fast effekt	Koeff	Std.feil
Indivnivå:		
Utnmngsregj. (Sos.dem)	.280	.279
Lovavdeling	1.049***	.243
Justitiarius	-1.007	.649
Saksnivå:		
Homogentsos.dem		
4-1 sosdem	-3.235*	1.788
3-2 sosdem	-3.857**	1.782
3-2 i-sosdem	-2.976	1.903
Overtal i-sosdem	-6.118*	3.370
Overtal kvinner	-3.934***	1.378
Sivil/straff	-3.347	2.167
Kompleksitet (sentrert)	.216	.226
Mediumøkrelevans	4.200***	1.332
Storøkrelevans	2.248**	1.132
Konstantledd	1.100	1.854
Tilfeldig effekt		
Sd(Utnmngsregj. (Sos.dem))	1.267	.423
sd(_cons)	6.311	1.087
corr(Sos.dem. regj, _cons)	-.353	.552
<i>N</i> (Individnivå):	1720	
<i>N</i> (Panelnivå):	344	
<i>N</i> (Obs pr. panel):	5	

* $p < 0.10$, ** $p < 0.05$, *** $p < 0.01$

Den utheva delen i tilfeldig effekt delen av modellen viser frå toppen og nedover standardavviket og den korresponderande standardfeilen til den tilfeldige koeffisienten, standardavviket og den korresponderande standardfeilen til konstantleddet, og korrelasjonen mellom den tilfeldige koeffisienten og konstantleddet. Modellen indikerer at effekten av utnemningsregjering varierer mellom saker då standardavviket til den tilfeldige koeffisienten er meir enn dobbelt så stort som sin korresponderande standardfeil. Lr-testen⁶² styrker denne

⁶² LR $\chi^2(2) = 6.04$ Prob $> \chi^2 = 0.0487$. Det er verdt å merka seg at lr-testen ikkje baserer seg på modell 4 i tabell 10, men på den identiske modellen estimert ved hjelp av xtmelogit med 5 inpoints. Det er naudsynt å nytte xtmelogit for å estimere tilfeldige hellingsleddmodellar når den avhengige variabelen er dikotom.

oppfatninga då den viser at modellen med tilfeldig hellingsledd passar dataa betre enn modellen med tilfeldig konstantledd. Dette gir støtte til H2: *effekten av utnemningsregjering varierer mellom saker.*


Tabell 13 viser variansen til den tilfeldige koeffisienten til utnemningsregjering, variansen til det tilfeldige konstantleddet og kovariansen mellom desse. Den negative kovariansen i tabell 13 indikerer at effekten av utnemningsregjering er svakast i saker med over gjennomsnittleg sannsyn for å votere i favør av den offentlege part. Effekten av utnemningsregjering er altså sterkast i saker med under gjennomsnittleg sannsyn for å votere i favør av den offentlege part.

Tabell 16: Kovarians konstantledd-koeffisient

	Utnmngsregj. (Sos.dem)	Var Konstantledd
Var Sos.dem.regj.	1.607581	
Kovarians	-2.824027	39.83212

Figur 1. viser dette forholdet grafisk. Y-aksen viser residuala til hellingsleddet der høge verdiar indikerer sterke effektar av utnemningsregjering, medan x-aksen viser residuala til konstantleddet der verdiar lengst til høgre indikerer saker med over gjennomsnittleg sannsyn for å votere i favør av den offentlege part. Sakene øvst i venstre hjørne av figur 1 er saker kor effekten av utnemningsregjering er sterkast og kor sannsynet for å votere i favør av den offentlege part er lengst under gjennomsnittet.

Figur 17: Tilfeldig koeffisient – ideologi på individnivå



Den store klynga nedst i høgre hjørne indikerer at effekten av utnemningsregjering er liten eller fråverande i det absolute fleirtal av sakene i utvalet. Dette er konsistent med funna i modell 3 og tabell 10. Sakene kor utnemningsregjering har ein effekt på dommarane sine vota må reknast som uteliggjarar. Ved å utforske eigenskapar ved desse uteliggjarane kan ein få ein indikasjon på når utnemningsregjering har ein effekt på dommarane sine vota i økonomiske saker i Høgsterett. Under følgjer relevante observasjonar knytt til dei sakene som er mogleg å identifisere i figur 1 med verdiar over 2 på y-aksen⁶³. Det lyt takast atterhald om at dette berre er ti saker. Like fullt, det er deira heterogene natur som gjer dei interessante. Det klåraste mønsteret som kjem fram av dei ti sakane er at alle er dissenssaker. Overeins med diskusjonen i teorikapitlet indikerer figur 8 at forholdet mellom utnemningsregjering og dommarar sine vota i økonomiske saker er sterkast, og tilsynelatande avgrensa, til å gjelde dissenssaker. I sakene kor effekten er sterkast, 280 og 84, vinn den private parten saken. I dei resterande sakene er derimot vinnarraten relativt jamt fordelt mellom den offentlege- og den private parten. Det er heller ikkje noko spesielt mønster knytt til saken sin økonomiske relevans. I høve til forholdet mellom dommarane sine utnemningsregjeringar og deira vota er det berre i

⁶³ Sjå tabell 20 i appendiks for ein oversikt over desse sakene.

ei sak, 302, kor alle dommarane voterer i den ideologiske forventa retninga. I 7 av dei resterande sakene voterer ein av dei dissenterande dommarane i den ideologisk forventa retninga. Det er verdt å merka seg at alle sakene ar avgjort av ideologisk heterogene panel.

4.6 Modelldiagnose og føresetnader.

Den tomme modellen viste at avviket mellom det predikerte sannsynet for at eit vota går i favør av den offentlege part og den faktiske mengda vota som går i favør av den offentleg er 16,5 prosent. Dette indikerer at modellen ikkje evnar å gi presise estimat. Det er derfor naudsynt å undersøke nærare kor vidt ein kan stole på estimata i modellane. For å få eit inntrykk av om overestimeringa er konsistent i modellane er spreinga av sannsyn i den tomme modellen og saksnivåmodellen (modell 4) vist grafisk i figur 25 og 26 i appendiks. Figurane viser at spreinga av sannsyn i modellane har ikkje endra seg frå den tomme modellen til saksnivåmodellen. Dette indikerer at overestimeringa av sannsynet for at eit votum går i favør av den offentlege part er konsistent og at inkluderinga av saksnivåvariablane ikkje bidrar til auke presisjonen til modellen. Residuala til saksnivået⁶⁴, basert på modell 4, gir òg støtte til mistanken om ein upresis modell då dei demonstrerer at dei estimerte verdiane ikkje samsvarar bra med dei faktiske verdiane⁶⁵.

Ei mogleg årsak til modellen sin svake presisjon kan liggje i det konsistent høge IKK estimatet. Sakene som blir analysert er tilsynelatande svært heterogene og variablane som er inkludert i analysen, inkludert variablar som fangar opp eigenskapar ved saka, bidrar ikkje til å redusere denne heterogeniteten. Den manglande presisjonen til modellane i analysen kan derfor være forårsaka av at ein «tvinger» dei heterogene dataa inn ein generell forklaringsmodell.

For å teste om den enkelte dommar sine vota på kryss av saker korrelererer er det kjørt ein tom modell der votuma er nøsta inn i sin tilhørande dommar⁶⁶. Chibar2 estimatet avviser nullhypotesen om at mellomgruppevariasjonen er lik null. IKK estimatet er derimot under 2 prosent, noko som indikerer at votuma til den enkelte dommar ikkje korrelerer nemneverdig med kvarandre på kryss av saker. Å behandle kvar enkelt sak som ein unik observasjon får

⁶⁴ Sjø figur 22 i appendiks.

⁶⁵ Det må takast atterhald i at residual er utleia ved hjelp av xtmelogit med 5 quadpoints, ettersom dei ikkje kan utleiaast etter xtlogit kommandoen.

⁶⁶ Sjø tabell 24 i appendiks.

dermed støtte i dei empiriske dataa. IKK estimatet i modell 21 må riktig nok tolkast med atterhald då nokon dommarar i utvalet kun har gitt eit vota.

Variablane som er nytta i modellane er testa for multikolaritet ved hjelp av VIF testar. VIF verdiar over 10 for individuelle variablar og ein gjennomsnitt VIF verdi som er substansielt større enn 1 indikerer brudd på føresetnaden om multikolaritet (sjå Acock 2010: 263). Tabell 23 og tabell 24 i appendiks indikerer at det ikkje er problem med multikolaritet knytt til variablane i modell 3 og modell 4. Det må riktig nok takast høgde for at VIF testen baserer seg på ein standard OLS regresjon, då den ikkje er kompatibel med fleirnivåmodellar eller logit modellar. Ein Shapiro-Wilk test⁶⁷ avviser nullhypotesane om at dei kontinuerlege variablane alder, erfaring og kompleksitet ikkje er normalfordelt. Det er følgjelig ikkje noko problem knytt til normalfordelte variablar i analysane.

Den følgjande oppsummeringa og diskusjonen av effekten av ideologi må tolkast med atterhald i at modellen tilsynelatande overestimerer sannsynet for å votere i favør av den offentlege part.

⁶⁷ Sjå tabell 22 i appendiks

4.7 Oppsummering av effekten av ideologi.

Effekten av dommarar sin ideologi, operasjonalisert som utnemningsregjering, på deira vota i økonomiske saker i Høgsterett der det offentlege er part mot private aktørar har blitt testa i ulike modellar og under ulike kontrollkontekstar. Tabell 17 viser ei oppsummering av funna i den empiriske analysen i lys av hypotesane utleia i teorikapitlet. Oppsummeringa tar først for seg ideologi på individnivå, deretter ideologi på gruppenivå.

Tabell 18: Oppsummering av effekten av ideologi

Teori	Variabel	Hypotese	Resultat
Haldningsmodellen	Individnivå: Utnemningsregjering (Sos.dem)	H1: <i>Dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er meir tilbøyeleg til å stemme i favør av den offentlege part enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar.</i>	Avkrefta
		H2: <i>Effekten av utnemningsregjering varierer mellom saker</i>	Bekrefta
Paneleffektar	Saksnivå: Homogene sosialdemokratiske panel	H3: <i>Eigenskapar på saksnivå forklarar variasjon i dommarar sine vota.</i>	Bekrefta
		H4: <i>Å votere i sosialdemokratisk homogene panel har ein positiv effekt på å votere i favør av den offentlege part versus å votere i ideologisk heterogene panel og panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal.</i>	Bekrefta
		H6: <i>Å votere i 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal har ein positiv effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel.</i>	Avkrefta
		H7: <i>Å votere i panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal har ein negativ effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel og 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal.</i>	Avkrefta
		H8: <i>Å votere i 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal har ingen effekt på å votere i favør av den offentlege part versus 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal.</i>	Bekrefta

Ideologi på individnivå

Forholdet mellom dommarar sin ideologi og deira vota i økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar i tidsperioden 1991-2011 har blitt testa rigorøst i den empiriske analysen. Den bivariante modellen indikerte at dommar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er meir tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar. Den statistisk signifikante effekten av utnemningsregjering overlevde derimot ikkje i dei multivariate modellane og den substansielle signifikansen vart svakare. Tilfeldig hellingsleddmodellen viste derimot at forholdet var meir komplekst: Effekten av utnemningsregjering varierer mellom saker og er sterkast i dissenssaker med undergjennomsnittleg sannsyn for å votere i favør av den offentlege part. Like fullt demonstrerte denne modellen at sterke effektar av utnemningsregjering er unntaket, heller enn regelen. I det absolutte fleirtalet av sakene har ikkje utnemningsregjering nokon effekt på dommarar sine vota i økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar. H1: *Dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar er meir tilbøyeleg til å stemme i favør av den offentlege part enn dommarar utnemnd av ikkje-sosialdemokratiske regjeringar* blir derfor avkrefta, medan H2: *Effekten av utnemningsregjering varierer mellom saker* blir bekrefta.

Ideologi på saksnivå

IKK verdien i den tomme modellen viste at ein svært stor del av variasjonen i dommarar sine vota i økonomiske saker der det offentlege part mot private aktørar kan tileignast uobserverte eigenskapar på saksnivå. H2: *Eigenskapar på saksnivå forklarar variasjon i dommarar sine vota* blir derfor bekrefta. Dette funnet gav empirisk motivasjon for å teste kor vidt variasjon i ideologisk samansetning av panelet forklarar variasjon i dommarar sine vota i økonomiske saker.

Resultata i frå desse testane teikna eit relativt eintydig bilete av effekten av å votere i homogene sosialdemokratiske panel. Effektane av å votere i *homogen sosialdemokratiske panel* versus dei andre ideologiske panela er positive og statistisk signifikante på fem prosent nivå, bortsett frå i høve til 3-2 panel med ikkje sosialdemokratisk overtal, der effekten var statistisk signifikant på 10 prosentnivå. Dommarar som voterer i slike panel er meir tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part i økonomiske saker enn dommarar som voterer i andre ideologiske panel. Gitt desse funna blir H4: *Å votere i sosialdemokratisk*

homogene panel har ein positiv effekt på å votere i favør av den offentlege part versus å votere i ideologisk heterogene panel og panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal bekrefta

Dei resterande ideologiske panela har derimot ikkje statistisk signifikante forskjellar på å votera i favør av den offentlege part i økonomiske saker. Effekten av å votere i *4-1 panel med sosialdemokratisk overtal* hadde ikkje ein positiv statistisk signifikant effekt versus heterogene 3-2 panel. Til tross for det sosialdemokratiske overtalet er ikkje dommarar som voterer i heterogene 4-1 panel meir tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar som voterer i panel med jamnare ideologisk fordeling. H6: *Å votere i 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal har ein positiv effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel* blir derfor avkrefta.

Effekten av å votere i *panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal* har negativ effekt, som forventa teoretisk, på å votere i favør av den offentlege part versus 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal og heterogene 3-2 panel. Desse effektane er derimot ikkje statistisk signifikante. H7: *Å votere i panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal har ein negativ effekt på å votere i favør av den offentlege part versus heterogene 3-2 panel og 4-1 panel med sosialdemokratisk overtal* blir derfor avkrefta. Det må riktig nok vurderast om det er nok observasjonar på panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal til at dette er ein tilfredstillande test av H7.

Effekten av å votere i *3-2 panel med sosialdemokratisk overtal* versus 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal er, som forventa teoretisk, ikkje statistisk signifikant. Kollegiale forventningar til kva som blir oppfatta som legitim åtferd legg tilsynelatande bindingar på effekten av ideologi i desse panela. H8: *Å votere i 3-2 panel med sosialdemokratisk overtal har ingen effekt på å votere i favør av den offentlege part versus 3-2 panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal* blir derfor bekrefta.

4.8 Diskusjon av resultat.

I det følgjande blir resultatene i frå den empiriske analysen diskutert i høve til litteraturen, med særleg vekt på den kollegiale utfordringa, utvalsproblemet, effektivitetsproblemet og isolasjonsproblemet. Diskusjonen tar først for seg ideologi på individnivå, deretter ideologi på saksnivå.

4.8.1 Ideologi på individnivå

Den empiriske analysen har teikna eit relativt detaljert bilete av forholdet mellom dommarane sine ideologi, operasjonalisert som utnemningsregjering, og dommarane sine vota i økonomiske saker i Høgsterett der det offentlege er part mot private aktørar i tidsperioden 1991-2011. Først og fremst indikerer resultatene at ideologi ikkje har ein effekt i det absolutte fleirtal av sakene i utvalet. Dette funnet bryt med resultatene til Grendstad et al. (2010, 2011a, 2012c) i økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar, men òg med deira analyse av saker der staten er part mot private aktørar (Grendstad et al. 2011b). Det må nemnast at utvala i Grendstad et al. sine studiar ikkje er identiske med utvalet i denne analysen kva angår dommarane, saker og tidsperiode. Den fråverande ideologieffekten i det absolutte fleirtal av saker kan vere eit eksempel på, som Friedman (2006: 271) påpeiker, at gyldigheita til studiar av dommaråtfærd varierer frå dommar til dommar, frå sak til sak og frå tidsperiode til tidsperiode. Funna frå den empiriske analysen peikar derimot i ein annan retning. Effekten av ideologi er ikkje homogen på kryss av saker. Sterke ideologieffektar førekjem i dissenssaker der sannsynet for å votere i favør av den offentlege part er under gjennomsnittet. I det absolutte fleirtal av sakene har derimot ikkje ideologi nokon effekt og det absolutte fleirtalet av desse sakene er konsensussaker. Dette er eit viktig funn med viktige implikasjonar. Først og fremst indikerer det at ein ikkje kan kome med generaliserande påstandar om dommarane sine ideologiske haldningar basert på dissenssaker. Funnet gir dermed støtte til Sunde (2012), som hevdar Grendstad et al. sine dissensstudiar teiknar eit skeivt bilete av Høgsterett si verksemd. Resultatene viser, som det vart argumentert for innleiingsvis, at ein ved å møte utvalsproblemet, får ei betre og meir heilskapleg forståing av Høgsterett si verksemd.

Tilbake til dissenssaker: Skoghøy (2010) sin påstand om at det er i dissenssaker ein vil kunne avdekka dommarane sine tilbøyelegheiter til å prioritere mellom ulike interesser får støtte av resultatene i den empiriske analysen. Det er derfor naudsynt å stille spørsmålet: Kva eigenskapar har dissenssaker i utgangspunktet som gjer at det innanfor ramma av akseptert rettskjeldelære er mogleg å argumentere for forskjellige løysingar? Forklaringa kan vere relatert til Kinander

(2002) og Bergo (2002, 2003) sin kritikk av rettskjelda reelle omsyn. Dissenssaker kan i utgangspunktet være saker kor det er lettare for dommarar å ty til bruken av ideologiske haldningar, legitimert gjennom reelle omsyn.

Som Bartels (2005) indikerer funnet i denne tesen at ein lyt stille spørsmålsteikn ved studiar av dommaråtfærd som opererer med den rigide føresetnaden om at effekten av dommarar sin ideologi er den same på kryss av saker. Dessutan demonstrerer dei empiriske analysane at ein ved å møte effektivitetsproblemet, ved hjelp av fleirnivåmodellar, får ei auka forståing av når dommarar sine ideologiske haldningar opererer.

Konsistent med Grendstad et al. (2011b)⁶⁸, men inkonsistent med Skåre (1999) og (Grendstad et al. 2012c), viser resultatata frå analysen at dommarar med arbeidserfaring frå lovavdeling er meir offentlegvennlege enn dommarar med anna yrkeserfaring. Dette fortener nokon korte kommentarar, særleg då lovavdelinga i modell 3 vart utpeika som variabelen som tok knekken på den statistisk signifikante effekten mellom utnemningsregjering og dommarar sine vota i modell 2. Dommarar med arbeidserfaring frå lovavdelinga sin tilbøyelegheit til å votera i favør den offentlege reiser spørsmålet: Kan ein annan form for haldningar, som gjerne er juridiske av natur, være viktigare enn dommar sin ideologi forstått i tradisjonell venstre-høgre forstand? Funna i denne tesen tyder på at det er tilfellet i fleirtalet av sakane i utvalet. Spørsmålet blir då kva desse haldningane består av. Tidligere dommar Skåre (1997: 502) erkjenner at det einsidige juridiske arbeidet i lovavdelinga gav han avgrensa erfaring kva angjekk lova si verknad sett nedanfrå og i høve til enkelt personar sine problem i rettssystemet. Dette illustrerer eit viktig poeng: Dommarar kan ha større erfaring med visse typar juridiske spørsmål og mindre erfaring med andre, og dette kan ha effektar på dommaren sin tilbøyelegheit til å prioritera mellom ulike interesser. Mot dette kan det innvendast at ein ikkje observerer statistisk signifikante samanhengar mellom andre typar av yrkeserfaring og dommarar sine vota i Høgsterett.

4.8.2 Ideologi på saksnivå

Innleiingsvis vart det argumentert for at studiar av dommaråtfærd i Høgsterett lyt ta høgde for den kollegiale utfordringa. I den empiriske analysen vart denne utfordringa møtt ved å teste for ideologiske paneleffektar ved hjelp av logistisk fleirnivåmodell. Dette er den første empiriske analysen kor paneleffektteorien blir testa i Høgsterett og den første som testar

⁶⁸ Riktig nok i alle sivile saker der *staten* er part mot private aktørar.

denne teorien utanfor den amerikanske konteksten⁶⁹. Resultata viser at paneleffektteorien kan vere ein relevant forklaring på dommarar sine vota i økonomiske saker i Høgsterett. Studiar av dommaråtferd bør ta høgde for at dommarar ikkje er individ som operer uavhengig av sine kollegaar. Dessutan visar resultata at paneleffektteorien ikkje er avgrensa til amerikanske Court of Appeals. Ein viktig teoretisk implikasjon av denne studien er at domstolar med den same institusjonelle avgjersleprosessen som Høgsterett og Court of Appeals, fleirtalsvotum i roterande panel, bør teste for ideologiske paneleffektar.

Resultata viser at dommarar som voterer i sosialdemokratisk homogene panel er meir tilbøyelige til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar som voterer i andre ideologiske paneltypar. Dette funnet er konsistent med Sunstein et al. (2006) og Kestellec (2011) som òg finn paneleffektar i ideologisk homogene panel. Størrelsen på effekten av å votere i homogene sosialdemokratiske panel er dessutan substansiell: Det predikerte sannsynet for at dommarar i homogene sosialdemokratisk panel skal votere i favør av den offentlege part er over nærare hundre prosent. Dette estimatet må riktig nok tolkast med atterhald gitt overestimeringa av sannsyn for å votere i favør av den offentlege part. Uansett indikerer resultata at dommarar som voterer i sosialdemokratisk homogene panel er særskild offentlegvennlege. Kva kan forårsake paneleffekten i sosialdemokratisk homogene panel? I teorikapitlet vart det vist til Sunstein et al. (2006: 71-79) som meiner slike effektar kan vere forårsaka av gruppepolarisering som eit resultat av tre relaterte mekanismar: overtalande argument, sosial samanlikning og stadfesting. Slike forklaringar synes intuitive, men når ein ikkje har tilgang til den deliberative prosessen i Høgsterett blir påstandar om kven av mekanismane som operer spekulasjonar.

Så langt har diskusjonen dreia seg om eksistensen av ideologiske paneleffektar i homogene sosialdemokratiske panel. Like fullt er dette berre ein liten del av det totale bilete; 94 prosent av votuma i utvalet blir gitt i dei resterande ideologiske panela. Resultata knytt til desse panela viser at det ikkje er statistisk signifikante forskjellar på å votere i favør av en offentlege part mellom dei. Dette indikerer at variasjon i ideologisk samansetning i heterogene panel ikkje forklarar variasjon i dommarar sine vota i økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar. Kva kan vere årsaka til dette? To forklaringar synes intuitive. For det første, Sunstein et al. (2006: 82-83) føreslår at nærværet av dommarar med

⁶⁹ Til underteikna sin kjennskap.

forskjellige ideologiske haldningar modererer dommarar sin tilbøyelegheit til å la deira ideologiske haldningar påverke deira votum. Ei slik forklaring avskriv ikkje at dommarar blir påverka av sine ideologiske haldningar, men indikerer at uformelle normer og verdiar innanfor kollegiet, som konsensusnormer, står sterkare. Ei slik forklaring synes å vere i tråd med Sunde (2012: 178), som vektlegg dei bindande effektane av kollegiets oppfatning av kva som er legitim åtferd. Dette leiur vidare til den andre forklaringa: Rettskjeldene og den individuelle sak sin natur legg bindingar på dommarar sin åtferd. Som Michaelsen (i Sunde 2012: 182) formulerer det:

«domstolene har ikke den politiske frihet som andre aktører, men den er bundet av det som defineres som rettskilder og gjeldene tolkningsprinsipper, og av den individuelle saks natur»

Resultata frå analysane gjer at det er naudsynt å ta inn over seg denne forklaringa. Ikkje berre fordi ein ikkje finn ideologiske effektar i fleirtalet av sakene på individnivå eller i høve til heterogene panel på saksnivå, men òg fordi dei statistiske modellane viser at over 90 prosent av variasjon i dommarar sine vota etter at analysen er gjennomført kan tileignast uobserverte eigenskapar på saksnivå. Høgsterett er tilsynelatande ein kollegial domstol. I det absolutte fleirtal av saker kjem dei tilsynelatande til einigheit på bakgrunn av den enkelte sak sin natur. Mot denne forklaringa kan det innvendast at variablane som fanga opp eigenskapar ved den enkelte sak, straffesak, kompleksitet og saken sin økonomiske relevans, ikkje bidrog til å redusere IKK i nemneverdig grad. Like fullt lyt ein stille seg kritisk til kor vidt desse variablane evnar å fange opp dei sentrale juridiske spørsmåla som blir reist i den enkelte sak. Innleiingsvis vart det argumentert for at studiar av dommaråtferd bør strekkje seg etter å møte isolasjonsproblemet. Sagt med andre ord, statsvitarar som studerer dommaråtferd bør ikkje oversjå juridiske forklaringar på dommaråtferd, men i staden forsøkje å inkorporere dei i modellane sine. Dei statistiske modellane indikerer at dette er verdt å forfølge i framtida.

5. Konklusjon – På kva måtar har ideologi ein effekt på dommarar sine vota?

Politikk i Høgsterett er eit ømt punkt. Juristar er raske med avvisande tilsvar når nokon påstår at dommarar lar andre faktorar enn akseptert rettskjeldelære influera deira vota. Dette fekk Grendstad et al. erfare etter at dei introduserte forskning på dommaråtferd i Norge og presenterte empiriske analysar som bekrefta ein statistisk signifikant samanheng mellom dommarar sine utnemningsregjeringar og deira vota i høvesvis økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktør og i sivile saker der staten er part mot private aktørar. Dette er ein kontroversiell samanheng, då den utfordrar det konstitusjonelle skiljet mellom den første og tredje statsmakt i Norge. Samanhengen mellom dommarar sin utnemningsregjering, som ein stadfortredar på deira ideologi, og deira vota i økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar vart derfor via ytterligare oppmerksomheit gjennom følgjande problemstilling:

På kva måtar har ideologi ein effekt på voteringa til dommarar i økonomiske saker i Høgsterett i tidsperioden 1991 til 2011?

For å gi eit dekkjande svar på problemstillinga vart det argumentert for at det var naudsynt med fire utbetringar i høve til den eksisterande litteraturen. Paneleffektteorien vart introdusert i norsk kontekst for å møte den kollegiale utfordringa; fleirnivåanalyse vart nytta for å møte effektivitetsproblemet; konsensussaker vart inkludert i det empiriske datamaterialet for å møte utvalsproblemet og det vart kontrollert for eigenskapar ved den enkelte sak for å møte isolasjonsproblemet.

Som eit resultat av desse utbetringane har dei empiriske analysane gitt ei auka forståing av når og kor ofte ideologiske haldningar har ein effekt på dommarar sine vota i økonomiske saker der det offentlege er part mot private aktørar i tidsperioden 1991-2011:

- I det absolutte fleirtal av sakene har ikkje dommarar sine ideologiske haldningar ein effekt på deira vota. I staden er det tilsynelatande den enkelte sak sin natur som er avgjørande for utfallet.
- Enkelte saker er derimot av ein slik natur at dommarar lar sine ideologiske haldningar influera deira vota. Tilsynelatande er dette dissenssaker, kor det innanfor ramma av akseptert rettskjeldelære er mogleg å argumentere for ulike løysingar.

- Dommarar som voterer i sosialdemokratisk homogene panel er meir tilbøyelege til å votere i favør av den offentlege part enn dommarar som voterer i ideologisk heterogene panel og panel med ikkje-sosialdemokratisk overtal.
- I ideologisk heterogene panel og panel med ikkje sosialdemokratisk overtal, som avgjør over 90 prosent av sakene i utvalet, eksisterer det derimot ingen ideologiske paneleffektar.

5.1 Implikasjonar for Høgsterett

Høgsterett har gjennom si primære rolle som konfliktløysar viktige politiske funksjonar. Høgsterett fordelar ressursar og rettigheter, driv med rettsskapande verksemd og er enkeltindivid sitt vern mot tilfeldige avgjersler og overgrep frå det offentlege. For at Høgsterett skal utfylla desse oppgåvene på ein tilfredstillande måte byggjer Grunnlova på prinsippet om sjølvstendige og politisk uavhengige domstolar. Funna i denne tesen indikerer at dommarar i det absolutte fleirtal av økonomiske saker kor det offentlege er part mot private aktørar i tidsperioden 1991 til 2011 oppfyller dette prinsippet.

Den empiriske analysen avviser derimot ikkje at dommarar sine ideologiske haldningar i enkelte saker kan være avgjørande for kor vidt dommarar prioriterer mellom det offentlege eller private aktørar sine interesser. Innleiingsvis vart det vist til Sunde (2012: 168) som hevda samanhengen mellom utnemningsregjering og dommarar sine vota utfordrar det konstitusjonelle skiljet mellom den første og den tredje statsmakt. Funna i denne tesen viser at ei slik utfordring lyt takast på alvor framføre å karakterisere den som «meningsløs» (Schei 2011: 311) eller «openbart uholdbar» (Skoghøy 2010: 723-724). Utnemningsprosessen til dommarembete har tidligare vært lite transparent. Gitt tidligare forskning og funna i denne tesen framkjem dette som lite heldig. Offentleggjøringa av Høgsterett sitt råd til Justisministeren ved tilsetjing av nye dommarar i 2010 er ei positiv utvikling i så måte.

Høgsterett har vært kritisert for å favorisere offentlege interesser på kostnad av individuelle samfunnsborgarar. Den empiriske analysen indikerer at denne kritikken gjeld i saker kor fem dommarar utnemnd av sosialdemokratiske regjeringar utgjør panelet og for dommarar med arbeidserfaring frå lovavdelinga generelt. Desse funna impliserer, som det òg synes å være brei einigheit om, at Høgsterett er tent med ei variert samansetning. Det er derfor positivt at alder, fødestad og kjønn vart inkludert i vurderingsgrunnlaget til søkjarar etter innføringa av innstillingsrådet i 2002.

5.2 Forslag til framtidige studiar av dommaråtferd.

Samstundes som den empiriske analysen har gitt ei auka forståing av når og kor ofte ideologiske haldningar har ein effekt på dommarar sine vota har den reist nye spørsmål. Desse vil danne eit viktig grunnlag for framtidig studiar av dommaråtferd.

Det første forslaget er å utvide datamaterialet ved å analysere lengre tidsperiodar. Ein sentral implikasjon av denne studien er at effekten av dommarar sine ideologiske haldningar kan være avgrensa til dissenssaker. For å forfølge denne påstanden bør ein prioritet for framtidige studiar være å møte utvalsproblemet i eit utvida datamateriale. Grendstad et al. (2012c) sin mest rigorøse samanheng mellom utnemningsregjering og dommarar sine vota i økonomiske saker kor det offentlege er part mot private aktørar i dissenssaker gjeld i tidsperioden 1948-2010. Eit mål for framtidig forskning bør være å teste om effekten av ideologiske haldningar er avgrensa til dissenssaker i dette tidsrommet. Relatert til dette forslaget, samanhengen mellom ideologiske haldningar og reelle omsyn fortener oppmerksamheit. Eit forslag er å undersøkje kor vidt det er ein interaksjonseffekt mellom bruken av reelle omsyn og ideologiske haldningar.

Implisitt i det første forslaget ligg ei anbefaling av bruken av metodar som tar omsyn til at saker i Høgsterett ikkje er homogene. Framtidig studiar er tent med å nytte statistiske metodar som anerkjenner betydinga av den enkelte sak sin natur, som tillater at variasjon i panelsamansetninga kan være av betyding for dommarar sine vota og som tillater at effekten av sentrale forklaringsvariablar kan variere mellom saker. Framtidige studiar av dommaråtferd bør derfor nytte seg av fleirnivåanalyser framføre standard OLS regresjonsanalyse med klynge standardfeil.

Resultata frå den empiriske analysen indikerer at eigenskapar ved det aktuelle panelet kan forklare variasjon i dommarar sine vota. Framtidige studiar bør derfor forfølge den kollegiale utfordringa ytterligare. Dette gjeld både ideologiske haldningar og andre eigenskapar ved dommarane. Denne tesen har demonstrert at det er utfordringar knytt til å teste paneleffektteorien. Kor hyppig ulike ideologiske panelet voterer vil være avhengig av tidsperioden ein studerer. Eit forslag til framtidige studiar er derfor å teste paneleffektteorien i ein utvida tidsperiode slik at ein får ein meir rigorøs test av alle panela.

Ein prioritet for framtidig forskning bør være å vurdere om operasjoniseringa av sentrale variablar er tilfredstillande. Dette gjeld særleg i høve til operasjoniseringa av ideologi på

individ- og saksnivå som utnemningsregjering. Ei årsak til fråværet av ideologieffektar i fleirtalet av sakene på individnivå, og i høve til heterogene panel på saksnivå, kan vere at utnemningsregjering ikkje tilstrekkeleg fangar opp dommarar sine ideologiske haldningar. Framtidige studiar bør vurdere alternative mål. I så måte er Grendstad et al. (2012b) sin ekspertundersøking eit skritt i riktig retning. Særleg fordi kontinuerlige mål på dommarar sine ideologiske haldningar gjør det mogleg å teste gruppedynamikkar på meir tilfredsstillande måtar enn kva dei dikotome panelvariablane i denne tesen tillatar.

Den høge uforklarte variasjonen på saksnivå impliserer at framtidig forskning bør forsøkje å utvikle operasjonelle definisjonar av komponentar i den juridiske modellen. Sunde (2012: 197) førelår at ein bør utvikla ein rettspolitisk glideskala som fangar opp kor ubunden eller bunden Høgsterett er av rettskjelder. I lys av debatten rundt den juridiske modellen synes dette å vere ein god ide. Korleis komponentar av den juridiske modellen skal operasjonaliserast er derimot meir usikkert. Avslutningsvis bør det derfor oppmuntrast til eit auka samarbeid mellom den juridiske- og den statsvitskaplege fagtradisjonen. Begge tradisjonane ønskjer å gi presise forklaringar på dommarar si åtferd. Ved å foreine kunnskapen frå dei to tradisjonane vil ein kome nærare dette målet.

Litteraturliste

- Acock, Alan C. (2010): *A Gentle Introduction to Stata*. College Station: Stata Press.
- Adcock, Robert og David Collier (2001): "Measurement Validity: A Shared Standard for Qualitative and Quantitative Research". *The American Political Science Review*, 95 (3): 529-546.
- Allison, Paul D. (2009): *Fixed Effects Regression Models*. London: Sage Publications.
- Andenæs, Johs. (1965): "Høyesterett som politisk organ". *Lov og Rett*
- Andenæs, Johs. (1998): *Statsforfatningen i Norge* Oslo: Tano Aschehoug.
- Askeland, B. (2003): "Rettskildelærens utvikling i rettsteoretisk belysning. ". *Jussens Venner*, 38: 8-23.
- Bartels, Brandon L. (2005): *Heterogeneity in Supreme Court Decision-Making: How Case-Level Factors Alter Preference-Based Behavior*. Florida State University, 21-23/ 7/2005
- Benesh, Sara C. og Harold J. Spaeth (2007): "The Constraint of Law: A Study of Supreme Court Dissensus". *American Politics Research*, 35 (755).
- Bergo, Knut (2002): *Høyesteretts forarbeidsbruk*. Oslo: Cappelen.
- Bergo, Knut (2003): *Tekst og virkelighet i rettskildelæren*. Oslo: Cappelen.
- Bernhardt, Peter L. (2010): Politisk svada om Høyesterett. *Dagens næringsliv*.
- Boyd, Christina L., Lee Epstein og Andrew D. Martin (2010): "Untangling the Causal Effects of Sex on Judging". *American Journal of Political Science*, 54 (2): 389-411.
- Cross, Frank B. (1997): "Political Science and the New Legal Realism: A Case of Unfortunate Interdisciplinary Ignorance". *Northwestern Univ. Law Rev.* 251, 92 (1).
- Domstol (2012): *Domstolenes uavhengighet*. Domstol.no:
- Dyevre, Arthur (2010): "Unifying the field of comparative judicial politics: towards a general theory of judicial behaviour". *European Political Science Review*, 2 (02): 297-327.
- Eckhoff, Torstein (1964): "Noen refleksjoner om domstolens uavhengighet. ".
- Eckhoff, Torstein (2001): *Rettskildelære (5. Utgave)*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Edwards, Harry T. (1985): "Public Misperceptions Concerning the Politics of Judging: Dispelling Some Myths About the DC Circuit". *Univ. of Colorado Law Rev.* 619.
- Elster, Jon (1998): "A Plea For Mechanisms" s. i Hedstrøm, P. og R. Swedberg (red.), *Social Mechanisms: An Analytical Approach to Social Theory*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Farhang, Sean og Gregory Wawro (2004): "Institutional Dynamics on the U.S. Court of Appeals: Minority Representation Under Panel Decision Making". *The Journal of Law, Economics, & Organisation*, 20 (2).
- Fielding, Anthony (2010): *Module 8: Multilevel Modelling in Practice: Research Questions, Data Preparation and Analysis*. <http://www.cmm.bris.ac.uk/lemma/course/view.php?id=13#m08>: Centre for Multilevel Modelling [20/5/2012 2012].
- Fielding, Anthony og Harvey Goldstein (2006): *Cross-classified and Multiple Membership Structures in Multilevel Models: An Introduction and Review*. University of Birmingham.
- Friedman, Barry (2006): "Taking Law Seriously". *Perspectives on Politics* 261, 4 (2).
- Gibson, James L (1983): "From Simplicity to Complexity: The Development of Theory in the Study of Judicial Behavior". *Political Behavior*, (5): 7-49.
- Gilligan, Carol (1982): *In a Different Voice: Psychological Theory and Women's Development*. Cambridge, MA: Harvard University Press.
- Gillman, Howard (2001): "What's Law Got to Do with It? Judicial Behavioralists Test the "Legal Model" of Judicial Decision Making".
- Goldstone, Jack A. (2003): "Comparative Historical Analysis and Knowledge Accumulation in the Study of Revolutions " s. i Mahoney, J og D Rueschmeyer (red.), *Comparative Historical Analysis in the Social Sciences* Cambridge Cambridge University Press.
- Grendstad, Gunnar, William R. Shaffer og Eric N. Waltenburg (2008): *Revealed Preferences of Norwegian Supreme Court Justices*. Palmer House, Chicago, IL, April 3-6, 2008

- Grendstad, Gunnar, William R. Shaffer og Eric N. Waltenburg (2009): *Judicial Ideology and the Norwegian Supreme Court: Individual vs. Collective Goods*. Chicago, IL,
- Grendstad, Gunnar, William R. Shaffer og Eric N. Waltenburg (2010): "Revealed Preferences of Norwegian Supreme Court Justices". *Tidsskrift for Rettsvitenskap*, (1).
- Grendstad, Gunnar, William R. Shaffer og Eric N. Waltenburg (2011a): "When Justices Disagree. The Influence of Ideology and Geography on Economic Voting on the Norwegian Supreme Court.". *Retfærd*, 34 (1).
- Grendstad, Gunnar, William R. Shaffer og Eric N. Waltenburg (2011b): "Judicial behavior on the Norwegian Supreme Court, 1945-2009. Determining the effects of extra-legal forces on the justices' votes. The case of "government friendly" voting."
- Grendstad, Gunnar, William R. Shaffer og Eric N. Waltenburg (2012a): DORANOH. University of Bergen.
- Grendstad, Gunnar, William R. Shaffer og Eric N. Waltenburg (2012b): "Ideologi og grunnholdninger hos dommerne i Norges Høyesterett". *Lov og Rett* 4.
- Grendstad, Gunnar, William R. Shaffer og Eric N. Waltenburg (2012c): *Public Economic Interests vs. Private Economic Rights: Preferential Voting on the Norwegian Supreme Court, 1948-2011*. Chicago, IL, 12-15 April, 2012
- Grendstad, Gunnar, William R. Shaffer og Eric N. Waltenburg (2011c): "Ikke til verden av politisk hvite storker". *LOV OG RETT*, 50 (7): 432-442.
- Hall, Peter A. (2003): "Aligning Ontology and Methodology " s. i Mahoney, J. og D. Rueschmeyer (red.), *Comparative Historical Analysis in the Social Sciences*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Heidar, Knut (2001): *Norway: Elites on Trial*. Boulder, CO: Westview Press.
- Hettinger, Virginia. A., Stefanie A. Lindquist og Wendy L. Martinek (2004): "Comparing Attitudinal and Strategic Accounts of Dissenting Behavior on the U.S. Courts of Appeals". *American Journal of Political Science*, 48 (1): 123-137.
- Hox, Joop J. (2010): *Multilevel Analysis. Techniques and Applications*. New York and Hove: Routledge.
- Høyesterett (2011): *Om Høyesterett*. <http://www.domstol.no/no/Enkelt-domstol/-Norges-Hoyesterett/Om-Hoyesterett/>:
- Kastellec, Jonathan P. (2011): "Panel Composition and Voting on the US Courts of Appeals over Time". *Political Research Quarterly*, 64 (2): 377-391.
- Kastellec, Jonathan P. og Jeffrey R. Lax (2008): "Case Selection and the Study of Judicial Politics". *Journal of Empirical Legal Studies*, 5 (3): 407-446.
- Kinander, Morten (2002): "Trenger man egentlig reelle hensyn?". *Lov og Rett* 224-241.
- King, Gary, Robert O. Keohane og Sidney Verba (1994): *Designing Social Inquiry*. Princeton: Princeton University Press.
- Kjønstad, Asbjørn (1997): "Trygderettigheter, Grunnloven og Høyesterett. ". *Lov og Rett*: 243-292.
- Kjønstad, Asbjørn (1999): "Er Høyesterett statsvennlig?". *Lov og Rett*: 97-122.
- Lax, Jeffrey R. og Kelly T. Rader (2010): "Legal Constraints on Supreme Court Decision Making: Do Jurisprudential Regimes Exist?". *The Journal of Politics*, 72 (02): 273-284.
- Leckie, George (2010): *Module 7: Multilevel Models for Binary Responses: Stata Practical*. <http://www.cmm.bris.ac.uk/lemma/mod/resource/view.php?id=659>: Centre for Multilevel Modelling <http://www.cmm.bris.ac.uk/lemma/mod/resource/view.php?id=659>. [20/5/2012 2012].
- Lijphart, Arend (1971): "Comparative Politics and the Comparative Method". *The American Political Science Review*, 65 (3): 682-693.
- Lovdata (1996): *HR-1996-76-B - Rt-1996-1415* http://websir.lovdata.no/cgi-lex/wiftsok?txt=text&button=%A0+S%D8K+%A0&emne1=borthen*&emne2=&emne3=&emne4=&instans=&dato=&publisert=rt-1996-1415&saksgang=&parter=&forfatter=&trunker=on: [22/5/2012 2012].

- Lovdata (2012): <http://www.lovdata.no/>; Lovdata, [22/5/2012 2012].
- Lund, Kjetil (1987): "Kontroll av staten i statens egne domstoler". *Lov og Rett*: 211-227.
- Magalhães, Pedro C. (2003): "The limits of judicialization: legislative politics and constitutional review in the Iberian Democracies". *Colombus*.
- Mahoney, James (2003): "Strategies of Causal Assessment in Comparative Historical Analysis" s. i Mahoney, J. og D. Rueschmeyer (red.), *Comparative Historical Analysis in the Social Sciences* Cambridge: Cambridge University Press
- McCall, Madhavi (2008): "Structuring Gender's Impact: Judicial Voting Across Criminal Justice Cases". *American Politics Research*, 36.
- Meinke, Scott R. og Kevin M. Scott (2007): "Collegial Influence and Judicial Voting Change: The Effect of Membership Change on U.S. Supreme Court Justices". *Law & Society Review*, 41 (4).
- Mellbye, Andreas (2010): Uhørt og udemokratisk. *Dagens næringsliv*.
- Michalsen, Dag (2006): "Høyesteretts historie som samfunnshistorie". *Nytt Norsk Tidsskrift*: 83-95.
- Midtbø, Tor (2007): *Regresjonsanalyse for samfunnsvitere* Oslo: Universitetsforlaget.
- Parker, Christopher (2012): *The Evolution of Ideological Voting on the Supreme Court: Federalism Cases, 1789-1952*. Chicago, IL,
- Posner, Richard A. (2005): "The Supreme Court, 2004 Term". *Harvard Law Review*, 199 (1).
- Pritchett, Herman C. (1948): *The Roosevelt Court: A Study in Judicial Politics and Values, 1937- 1947*. New York: Macmillan.
- Rabe-Hesketh, Sophia og Anders Skrondal (2008): *Multilevel and Longitudinal Modelling Using Stata*. College Station, Texas: Stata Press.
- Regjeringen (2012): Norske regjeringer siden 1945. http://www.regjeringen.no/nb/om_regjeringen/tidligere/oversikt/ministerier_regjeringer/nyere_tid/regjeringer.html?id=438715: Departementenes servicesenter.
- Revesz, Richard L. (1997): "Environmental Regulation, Ideology, and the D.C. Circuit". *Virginia Law Review*, (83): 1717-72.
- Rokkan, Stein (1967): "Geography, Religion, and Social Class: Crosscutting Cleavages in Norwegian Politics" s. i Lipset, S.M. og S. Rokkan (red.), *Party Systems and Voter Alignments: Cross-National Perspective*. New York: Free Press.
- Sartori, Giovanni (1970): "Concept Misformation in Comparative Politics". *The American Political Science Review*, 64 (4): 1033-1053.
- Schei, Tore (2010): "Arbeidet med domsskrivning i Høyesterett" s. i Bergli, Wegard K. , et al. (red.), *Domsnøkkel. Privatrettslige emner*.
- Schei, Tore (2011): "Har Høyesterett en politisk funksjon?". *Lov og rett*
- Schubert, Glendon (1964): *Judicial Behavior: A Reader in Theory and Research* Chicago: Rand McNally.
- Segal, Jeffrey A. og Harold J. Spaeth (1993): *The Supreme Court and the Attitudinal Model*. New York: Cambridge University Press.
- Segal, Jeffrey A. og Harold J. Spaeth (2002): *The Supreme Court and the Attitudinal Model Revisited*. New York: Cambridge University Press.
- Seip, Jens Arup (1965): "Jus og politikk". *Lov og Rett*
- Skoghøy, Jens E. A. (2010): "Dommeratferd og dommerbakgrunn. Særlig om yrkesbakgrunnens betydning for utfallet av tvister mellom det private og det offentlige" s. 711-726 i Lambertz, Gøran, Stefan Lindskog og Mikael Møller (red.), *Festskrift til Torgny Håstad*. Uppsala.
- Skoghøy, Jens E. A. (2011): "Forbud mot tilbakevirkende lovgivning". *Lov og Rett*, (5).
- Skåre, Jan (1997): "Høyesteretts sammensetning.". *Lov og Rett* (8): 499-504.
- Skåre, Jan (1999): "Betydningen av Høyesteretts sammensetning. ". *Lov og Rett* (2): 67-77.
- Smith, Carsten (2003): "Domstolsadministrasjonen - bakgrunn og prinsipper for reformen. ". *Jussens Venner*, (1): 1-7.
- Smith, Eivind (1993): *Høyesterett og folkestyret*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Steenbergen, Marco R. og Bradford S. Jones (2002): "Modelling Multilevel Data Structures". *American Journal of Political Science*, 46 (1): 218-237.
- Sunde, Jørn Ø. (2011): Dissenting votes in the Norwegian Supreme Court 1965-2009: A legal cultural analysis.
- Sunde, Jørn Ø. (2012): "Andre premiss og anna resultat - refleksjonar kring politikk, Høgsterett og dissensar". *Tidsskrift for Rettsvitenskap*, 125 (1-2): 168-204.
- Sunstein, Cass R., David Schkade, Lisa M Ellman og Andres Sawicki (2006): *Are Judges Political? An Empirical Analysis of the Federal Judiciary*. Washington, DC.
- Tate, Neal C. (1983): "The Methodology of Judicial Behavior Research: A Review and Critique". *Political Behavior* 5(1).
- Tate, Neal C. (1981): "Personal Attribute Models of the Voting Behavior of U.S. Supreme Court Justices: Liberalism in Civil Liberties and Economic decisions, 1946-1978.". *The American Political Science Review*, 75 (2): 355-367.
- Tate, Neal C. og Roger Handberg (1991): "Time Binding and Theory Building in Personal Attribute Models of Supreme Court Voting Behavior, 1916-88". *American Journal of Political Science*, 35 (2): 460-480.
- Tellesbø, Ola (2006): "Hvorfor Høyesterett er statsvennlig. ". *Retfærd*, 29 (4): 65-78
- Theall, Katherine P., et al. (2008): "Impact of Small Group Size on Neighborhood Influences in Multilevel Models". *Munich Personal RePEc Archive*, (11648).
- Vaubel, Roland (2009): "Constitutional courts as promoters of political centralization: lessons for the European Court of Justice". *European Journal of Law and Economics*.
- Voeten, Erik (2007): "The Politics of International Judicial Appointments: Evidence from the European Court of Human Rights". *International Organization*: 669-701.
- Walker, Thomas G., Lee Epstein og William J. Dixon (1988): "On the Mysterious Demise of Consensual Norms in the United States Supreme Court". *The Journal of Politics*, 50 (2): 361-389.
- Williams, Richard (2011): *Using the Margins Command to Estimate and Interpret Adjusted predictions and Marginal Effects*. <http://econpapers.repec.org/paper/bocchic11/9.htm>: Chicago, July 2011
- Willoch, Kåre (2002): *Myter og virkelighet. Om begivenheter frem til våre dager med utgangspunkt i perioden 1965-1981*. Oslo: Cappelen.
- Wilson, Sean (2006): "The Attitudinal Model, Political Science, Ecological Fallacy and Exaggeration".
- Zorn, Christopher J. W. (2001): "Generalized estimating equation models for correlated data: A review with applications". *American Journal of Political Science*, 45 (2): 470-490.
- Østerud, Øyvind (2005): "Introduction: The peculiarities of Norway". *West European Politics*, 28 (4): 705-720.
- Østlid, Henry (1988): *Dommeratferd i dissensaker*. Oslo: Universitetsforlaget.

Appendiks

Tabell 19: Deskriptiv statistikk - kontrollvariablar

	N	Gjennomsnitt	Standardavvik	Min	Max
Individnivå:					
Lovavdelinga	1720	0.45	0.50	0	1
Regjeringsadv	1720	0.37	0.48	0	1
Riksadv	1720	0.09	0.28	0	1
Jusproffesor	1720	0.16	0.37	0	1
Tidligere dommar	1720	0.46	0.50	0	1
Privat praksis	1720	0.41	0.49	0	1
Kjønn (Kvinne)	1720	0.25	0.43	0	1
Fødestad (Oslo)	1714	0.37	0.48	0	1
Alder	1720	59.28	6.75	42	70
Erfaring	1718	8.52	6.40	0	28
Justitiarius	1720	0.04	0.19	0	1
Konstituert	1720	0.04	0.21	0	1
Innstillingsrådet	1720	0.13	0.34	0	1
Saksnivå:					
Overtal lovavd.	1720	0.42	0.49	0	1
Overtal kvinner	1720	0.11	0.31	0	1
Overtal Oslo	1720	0.28	0.45	0	1
Justitiariusipanel	1720	0.18	0.38	0	1
Kompleksitet	1720	4.07	1.79	0	12
Straffesak	1720	0.03	0.17	0	1
<i>N</i>	1720				

Tabell 20: Effekten av ideologi på saksnivå på dommarar sine vota


Modell 8		
Fast effekt	Koeffisient	Std.feil
Indivnivå:		
Utnevningsregjering (sos.dem)	.306	.230
Lovavdeling	1.001***	.244
Erfaring	-.015	.016
Justitiarius	-1.030*	.619
Saksnivå:		
Utnevningsregjeringsvariablar		
(Ref: 3-2 sosdem)		
Homogentsosdem	3.620**	1.670
4-1 sosdem	.881	.932
3-2 i-sosdem	1.150	1.103
Overtal I-sosdem	-1.450	2.883
Justitiariuspanel	-.392	1.097
Overtal kvinner	-4.567***	1.314
Overtal lovavdelinga	1.087	.854
Overtal Oslo	-.033	.886
Konstantledd	-.008	.782
Tilfeldig effekt		
Sigma_U	6.207	.628
IKK	.921	.015
Forklart varians		
	AIC	
	1322.554	
<i>N</i> (Individnivå):	1718	
<i>N</i> (Panelnivå):	344	
<i>N</i> (Obs pr. panel):	5(4)	

* $p < 0.10$, ** $p < 0.05$, *** $p < 0.01$

Tabell 21: Oversikt over saker kor effekten av utnemningsregjering er sterk

DomNr	Rt-nummer	Vinner av saken	Dissens	Type dissens	Økonomisk relevans	Dommar sin utnmngsregj. og vota					Panel
280	Rt-2007-290	Privat part	Ja	4-1	2	sd	sd	i-sd	i-sd	i-sd	3-2 panel med ikkje sosialdemokratisk overtal
						1	0	0	0	0	
84	Rt-2004-1921	Privat part	Ja	3-2	3	sd	i-sd	i-sd	i-sd	i-sd	Panel med ikkje sosialdemokratisk overtal
						1	0	0	0	1	
317	Rt-2008-1537	Privat Part	Ja	3-2	3	sd	sd	sd	i-sd	i-sd	3-2 panel med sosialdemokratisk overtal
						0	1	1	0	0	
185	Rt-2002-94	Offentleg	Ja	3-2	3	sd	sd	sd	i-sd	i-sd	3-2 panel med sosialdemokratisk overtal
						1	1	1	0	0	
482	Rt-1995-209	Privat	Ja	3-2	1	sd	sd	sd	sd	i-sd	4-1 panel med sosialdemokratisk overtl
						1	0	0	0	1	
468	Rt-1995-1883	Offentleg	Ja	3-2	3	sd	sd	sd	i-sd	i-sd	3-2 panel med sosialdemokratisk overtal
						1	1	0	0	1	
302	Rt-2008-1665	Offentleg	Ja	3-2	3	sd	sd	sd	sd	i-sd	4-1 panel med sosialdemokratisk overtal
						1	1	1	0	0	
446	Rt-1997-1312	Privat	Ja	4-1	2	sd	sd	sd	sd	i-sd	4-1 panel med sosialdemokratisk overtal
						1	0	0	0	0	
16802	Rt-2010-24	Offentleg	Ja	3-2	1	sd	sd	sd	sd	i-sd	4-1 panel med sosialdemokratisk overtal
						1	1	0	0	1	
576	Rt-1992-108	Offentleg	Ja	4-1	3	sd	sd	sd	i-sd	i-sd	3-2 panel med sosialdemokratisk overtal
						1	1	1	1	0	

Figur 22: Residuala til gruppenivået - modell 4




Tabell 23: Tom modell - vota nøsta inn i dommar

Fast effekt	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd	.245**	.064
Tilfeldig effekt		
Varians	.062	.035
IKK	.018	.035
N (Individnivå):	79	
N (Saksnivå):	1720	
Likelihood-Ratio test of rho=0 Chibar2= 6.99 Prob >= chibar2 = 0.0041		


Tabell 24: Shapiro Wilk W test av kontinuerlege variablar

Variabel	N	w	v	z	Prob>z
Alder	1720	0.970	31.212	8.704	0.000
Erfaring	1718	0.961	40.525	9.364	0.000
Kompleksitet	1720	0.920	83.119	11.181	0.000

Figur 25: Spreiing av sannsyn i den tomme modellen



Figur 26: Spreiing av sannsyn i saksnivåmodellen (modell 4)



Tabell 27: VIF test for multikolaritet - modell 3

Variabel	VIF
Alder	2.90
Erfaring	2.85
Privat praksis	2.55
Jusproffesor	2.05
Lovavdelinga	1.91
Riksadv	1.87
Tidligare dommar	1.85
Regjeringsadv	1.84
Justitiarius	1.64
Innstillingsrådet	1.59
Kjønn (Kvinne)	1.53
Utmngsregj. (Sos.dem)	1.53
Konstituert	1.48
Fødestad (Oslo)	1.39
Mean VIF	1.93

Tabell 28: VIF test for multikolaritet - modell 4

Variabel	VIF
3-2 sosdem	5.32
4-1 sosdem	4.69
3-2 i-sosdem	3.97
Overtal i-sosdem	1.48
Lovavdelinga	1.31
Justitiariusipanel	1.30
Justitiarius	1.29
Overtal kvinner	1.24

Kjønn (Kvinne)	1.23
Utmngsregj. (Sos.dem)	1.22
Overtal Oslo	1.05
Erfaring	1.02
Mean VIF	2.03
